


Budsjett 2023 - Økonomiplan 2023 – 2026 Luster kommune



Vedteke av Luster kommunestyre 15.12.2022 i Ksak 80/22

Innhold:

| | |
|---|-----------|
| Introduksjon/samandrag - Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026 | 3 |
| Introduksjon til kapittel - Kommunen sine tenestområde | 6 |
| Budsjettvedtak | 8 |
| Satsingsområde..... | 21 |
| Planleggingsprogram..... | 25 |
| Gebyrliste | 32 |
| Klimabudsjett | 64 |
| Utvikling i befolkning | 71 |
| Investeringar i økonomiplanen | 72 |
| Økonomisk utvikling i planperioden..... | 74 |
| Kommunen sine tenesteområde | 77 |
| Politikk og administrasjon..... | 77 |
| Oppvekst og kultur | 84 |
| Helse, omsorg og sosial..... | 106 |
| Samfunn og næring | 121 |
| Eigedom | 134 |
| Investering og felleskostnader..... | 145 |

Introduksjon/samandrag - Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026

Kommuneøkonomien er styrka dei siste år med gode rekneskapsresultat. Dette har styrka fonda/reservane til kommunen. Også 2022 synes gi eit godt økonomisk resultat grunna gevinst på sal av konsesjonskraft. Budsjett-/økonomiplanarbeidet har dette som utgangspunkt.

Kommuneopplegget i statsbudsjettet er i makro eit stramt opplegg. Sjølv om Luster får trekk i rammetilskot grunna dei høge kraftinntektene så er situasjonen god. Det er teke høgde for ein lønsvekst på 4%, prisvekst på 6,5% og deflator på 5% i 2023. I tillegg er det kompensert, kommunalt, for ein lønsvekst for 2022 utover det som vart teke høgde for i budsjettet for 2022 med 1%. Løns -og prisvekst er samla auka med 26,4 million kroner frå 2022 til 2023 som skal gi ein rimeleg grei kompensasjon. (Løn 5 % 19.372.715 (inkl tilleggsregulering 2022.), Pris 6,5 % 5.668.502, Deflator: 5 % 1.341.446.)

Skatt og ramme er budsjettet i tråd med opplegget og KS sin analyse. Renteutgiftene er basert på Kommunalbanken sine prognosar og at nye låneopptak vert i samsvar med økonomiplanen. Det er spådd ein rentetopp vår/sommar 2023 og deretter ei utflating av renta.

I samsvar med økonomiplanen er avdraga på lånegjeld auka med 10 mill i høve opphavelag 2022 budsjett for å dempa veksten i lånegjeld/kapitalutgifter av ein svært offensiv investeringsplan. Lånegjelda vil auke med 150 million kroner i perioden og det vert vurdert som eit realistisk og forsvarleg nivå.

Budsjettet føreset auka eigedomsskatt frå dei store kraftverka og auka eigarutbyte frå kraftverka. I budsjettarbeidet var det lagt til grunn inntekter på til saman 68 million kroner.(58 +10 mill.) * / desember 2022 er det kome ny taksering av kraftverka i kommunen som aukar eigedomsskatten for kraftverka til 68 million kroner, -kraftprisane i 2021, gjer svært store utslag på verdsetjinga. Prognosene på utbyte er usikker, jjf kraftmarknaden, skattlegging og inntektssystemet. Det vert nytta 10 million kroner pr år i prognosene framover. Eigedomsskatten for kraftverka vert og framskrivne med den nye taksten, 68 million kroner, då det her og er usikkert, jjf tak verdsetjing, kraftmarknaden, skattlegging og inntektssystemet. Auka inntekter samla på 10 million kroner vert lagt inn i budsjettframlegget ved første regulering.

Allmenn eigedomsskatt er lagt vekk for øp-perioden og er teke omsyn til i budsjett/øp. Kommunestyret har vedteke omfattande straumstøttetiltak til næring og husstandar.

I budsjettarbeidet vart det lagt til grunn gevinst på sal av konsesjonskraft med 35 million kroner. Dette var eit usikkert og forsiktig inntektsanslag; gitt kommunen sine straumstøtteordningar, staten sitt varsle trekk i rammetilskot og prisutviklinga på straum framover i 2023. * 22.12.22, etter handsaminga av budsjettet, har staten klargjort trekk i rammetilskot og grunnlaget for dette trekket. Trekket som er varsle for 2023 for Luster er sett til 17,7 million kroner, eit eingongstrekk, vesentleg lågare enn våre eigne anslag. Det er likevel vanskeleg å budsjettera både 2023 og øp-perioden i den situasjonen som er i kraftmarknaden, ev system- og skatteendringar, og uro omkring desse ordningane. For 2023 kan ein som usikker prognose budsjettere inn 50 million kroner som ekstra inntekter sal av konsesjonskraft. I øp-perioden vert det tilrådd å ikkje endra på noverande budsjettering, men kome tilbake til det seinare. Trekki rammetilskot 17,7 million kroner og auka inntekter sal av konsesjonskraft 50 million kroner vert lagt inn i budsjettframlegget ved første regulering. Endringane vert balansert mot fond.

I vedteke budsjett er det nytta fondsfinansiering for eingongsutgifter, del av tilskot og utviklings-/endringsarbeid. Budsjettet for 2023 har eit negativt netto driftsresultat, på 13,916 million kroner etter kommunestyret sitt vedtak 15.12. Dette er utanfor kommunen sitt økonomiske måltal. Dette er likevel eit forsvarleg budsjett gitt kommunen sine reserver og stort engasjement i samfunns- og næringsutvikling som er inkl i budsjettet. Budsjettreguleringa, if ovanfor, vil endre denne balanseringa slik at netto driftsresultat og måltal vil vere innanfor øp/kps sine krav.

Budsjettframlegget legg opp til vidareføring av noverande drift og driftsnivå.

I økonomiplanperioden er det relativt små demografiendringar. Omsorgsoppgåvane vil auka noko og ein opplever press på noverande kapasitet og er i større grad enn tidlegare ein avhengig av bruk av vikarbyrå for å sikra tilstrekkeleg bemanning. Oppvekstoppgåvane vil få ein svak nedgang, men grunna struktur er gevinst på dette avgrensa. På oppvekstområdet er det vikarar i barnehagen som det knyter seg mest utfordringar til på bemanningssida.

Økonomiplanen har i seg ei mindre omfordeling mellom dei store tenesteområda. Det reine driftsbudsjettet må i Øp perioden balansere utan fondsbruk. Det er pårekneleg at inntektssystemet får endringar av negativ karakter for Luster og ein vert meir avhengig av gode kraftinntekter noko som synes realistisk, men noko usikkert. Det vil og binde opp meir kraftinntekter i drifta og redusere handlingsrom til investeringar og anna utviklingsarbeid.

Driftssituasjonen framstår som god, dog er det på fleire område aukande utfordringar knytt til bemanning, rekruttering og tilgang på vikarar. Strategiarbeid på dette området må prioriterast. Det er små aktivitetsendringar. Rammeauke på drift knyter seg i stor grad til endringar i halvårsreguleringane frå budsjett 2022, vurderte som varige, elles små endringar og opprettingar.

Betalingssatsane er i utgangspunkt deflatorjustert; vassavgifta aukar med 5 % og avløp 5 %. Renovasjonsavgifta er uendra/SIMAS. Barnehagesatsane og SFO er tilpassa maksregelverket og kommunestyret har vedteke auka moderasjonssatsar for søsken på tvers av barnehage og SFO.

Framlegget er svært offensivt når det gjeld utvikling og investering. Som ei planramme er det nytta ei bruttoinvestering på 500 million kroner i økonomiplanperioden, 125 million pr år. Planen har stor breidde og eit godt nivå på nødvendige rammeløyvingar til fornying av bygg, anlegg og VA. Det er prioritert «sentrumstiltak» i Hafslo, Gaupne og Gjerde. Det er fortsatt prioritering av barnehageutbygging, Hafslo og Indre Hafslo samt utviding ATS.

Det er prioritert å kome i gang med konkret planlegging av nytt Helsehus i Gaupne og vidare utgreiingar omkring fleirbruksstasjon Hafslo og kultursal Gaupne.

Det er og reservert investeringsløyving for å bygge ytterlegare kommunalt næringsbygg på Gaupnegrandane. Dette som eit større grep for utleige til LMI, gitt det kjem fram tilfredsstillande avklaringar og utleigeavtale. Nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet er styrka inkludert å følgja opp vedteken regionalplan i regionrådet.

Kommunen yter, og legg også framover opp til å yta, større tilskot til andre sine investeringar. Dette skal førast og vert no teke inn i driftsbudsjettet, og vert i stor grad finansiert av fondsmidlar.

Planleggingsprogrammet prioritærar eit større arbeid med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, KPA. Vidare fleire reguleringsplanar for sentrumsutvikling, Hafslo og Gaupne, og bustadutvikling, Indre Hafslo og Marifjøra.

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

Det er utarbeidd eige klimabudsjett med status og utfordringar. Tiltak er på gang og må utviklast og prioriterast i det vidare arbeidet.

Budsjettvedtaket vidarefører ein god økonomisk stilling for kommunen.

*Formannskapet vil ta nærmere stilling til budsjettregulering, jf ovanfor ; auka Eigedomsskatt kraftverk, trekk rammetilskot og auka inntekter sal av konsesjonskraft.

Introduksjon til kapittel - Kommunen sine tenestområde

Jf kommunen sin budsjettoppstilling så har me tidlegare nyttet ein tenestemodell med 16 rammeområde. Dette er no lagt om til ein ny struktur med ein ansvarsstruktur med 6 ansvarsområde, jf illustrasjonen.



Frå og med budsjett 2023 har Luster kommune gjort nokre endringar i rapporteringsstrukturen, der ein har gått over frå tenestestruktur til ansvarsstruktur. I praksis betyr det at ein har gått over frå at rapportering er basert på eit Kostra oppsett til at det er organisasjonsoppbygginga som i større grad styrer rapporteringa. Målet er at det nye oppsettet skal gje betre kvalitet på rapporteringa, sjølv om det første året vil vera noko vanskeleg å samanlikna med tal frå førre år.

Tenesteområda våre er organisert etter ansvarsområda til kvar enkelt kommunalsjef og stabsleiar. Helse, omsorg og sosial har same tenestene som tidlegare, men byggforvaltninga er lagt over til Eigedom. Kommunalsjefsområde oppvekst har fått utvida oppgåver med barneven, folkehelse og oppgåver innan kulturområde. Mykje av forvaltningsoppgåvene, planarbeidet og næringsarbeidet er samla i samfunn og næring. Tekniske tenester drift og vedlikehald vert i regi av Eigedom. Stabsleiar for Forvaltning og utvikling har sitt ansvar fordelt på dei to ansvarsområda.

I tillegg kjem politikk og administrasjon (overordna og støttefunksjonar) som ansvarsområde for stabsleiar kommunikasjon og driftsstøtte. Så er det oppretta eit tenesteområde for Felles inntekter og utgifter og byggeprosjekt/investeringar for å skilje ut inntekter og kostnader som kan svinge mykje frå år til år, som til dømes konsesjonskraftsal og deler av pensjon. Dette vert gjort for at det skal komme tydelegare fram kor mykje ressursar som faktisk vert brukt i drifta på dei ulike områda. Det medfører også ei meir stabil ramme for einingane å halde seg til, utan dei uføreseielege svingingane på til dømes pensjon.

Budsjettet legg opp til vidareføring av drift og ekspansivt investeringsnivå. Nærare om dei ulike kapittla i eigen omtale.

Omlegginga:

Her kjem derfor ei lita oversikt over dei største endringa/flyttingane som er gjort frå 2022 til 2023. I omorganiseringa på rådhuset i 2022 vart både Folkehelse og Barnevern organisert under Oppvekst og kultur som eigne underkapittel og budsjettet dermed flytta frå Administrasjon. Forvaltning og utvikling har fått 5 nye underkapittel; Beredskap, Kulturarv, Utleigebustad, VARS og Brannførebygging. Alle dei nye underkapitla vil mangle samanlikningstal for 2022 i forskriftsskjema.

Vidare er alle inntekter og utgifter knytt til kommunale bygg samla i eit nytt underkapittel. Tidlegare år har desse vore spreidde på dei fleste tenesteområda. Det same har administrasjon vore. Der er det no ei deling som samsvarar betre med strukturen i organisasjonen. Barnehagedelen av oppvekstsentera vil av tekniske grunnar syne att som ein del av skule i samanlikningstala. Tabellen nedanfor viser omarbeidde samanlikningstal som samsvarar betre med organiseringa etter omlegginga.

| Område | Opphavleg budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 |
|----------------------------------|-------------------------|--------------------|
| Administrasjon | 27 998 102 | 28 079 633 |
| Politikk | 3 710 129 | 4 643 395 |
| Grunnskule | 95 790 071 | 103 853 455 |
| Barnehage | 49 196 131 | 54 471 439 |
| Kultur | 20 801 312 | 21 506 912 |
| Folkehelse | 1 748 312 | 2 079 241 |
| Barnevern | 10 522 572 | 11 548 701 |
| Sosial | 11 687 597 | 13 254 841 |
| Helse | 29 712 031 | 32 706 980 |
| Omsorg | 156 510 405 | 165 598 464 |
| Landbruk | 4 150 758 | 3 954 434 |
| Næring | 944 440 | -805 424 |
| Plan | 4 738 987 | 5 346 449 |
| Beredskap | | 130 880 |
| Kulturarv | 82 719 | 145 024 |
| Eigedom | 2 738 413 | 3 571 290 |
| Veg og park | 13 012 796 | 15 807 599 |
| Kommunale bygg | 16 304 016 | 18 994 056 |
| Utleigebustad | 2 135 115 | 2 514 162 |
| VARS | -7 213 705 | -8 234 540 |
| Brannførebygging | 6 959 064 | 8 856 499 |
| Felles inntekter og utgifter | -21 609 999 | -33 233 150 |
| Byggeprosjekt - eigedom | | 0 |
| Sum løyingar drift, netto | 429 919 266 | 455 090 340 |

Budsjettvedtak

Vedtak i kommunestyre 15.12.22, ksak 80/22

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2023 og økonomiplan for 2023 – 2026 for Luster kommune slik det ligg føre i samsvar med spesifikasjon av drifts - og investeringsbudsjett; Det vert vist til kapittel budsjettvedtak, med budsjettkjema §5-4 og §5-5 (tidlegare 1A, 1B, 2A og 2B).

2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgste gjeldande satsar.
Eigedomsskatt: **Det vert utskriven eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c for skatteåret 2023.**
Skattesatsen i kommunen er 7 kr for kvar 1000 kr i takstverdi. Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.

3. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2023, ev frå dato som går fram av betalingshefte eller varslingsfristar.

4. Driftsbudsjettet 2023 har eit netto driftsresultat, negativt, med 13,916 million kroner.
Det er og budsjettert med 27 million kroner i bruk av fond som vert nytta til å finansiera investeringane. Totalt utgjer dette 40,916 million kroner i netto bruk av fond. Budsjettet 2023 er balansert med bruk av fond slik: bruk av bunde driftsfond: 2,338 mill., Næringsfond: 29,265 mill., og frå disposisjonsfond 19,268 mill.
Avsetting til bunde driftsfond: 0,086 mill., næringsfond: 8,65 mill. og til disposisjonsfond 1,237 mill.

5. Planleggingsprogrammet vert godkjent slik det ligg føre.

6. Investeringane i framlegget, 134,662 mill vert finansiert slik;
-Låneopptak til kommunale investeringar i 2023 på inntil 80,392 million kroner med ei avdragstid på 30 år.
-Låneopptak i Husbanken med 15 mill.kr. til vidare utlån av formidlings-lån til innbyggjarane.

Rådmannen har fullmakt til å godkjenne lånevilkår.
-Salsinntekter og fond er føresett å finansiere 37 million kroner.
-Statstilskot, spelemidlar er føresett å finansiere 5 million kroner.
-Mva- finansiering er berekna til/innrekna med 12,27 million kroner. (VA og Næringsbygg nettobudsjettert, mva anna ordning)

7. Fullmakter skal vere i samsvar med økonomi- og finansreglementet og elles gjeld:
-Rådmannen får fullmakt til å fordele tilleggsløyvingar.
-Rådmann får fullmakt til å gjennomføre investeringar innanfor dei rammer/presiseringar som ligg i budsjettet og finansreglementet.
-Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om grunnkjøp med referanse til; nivå på gjennomførde avtalar, samt dei kostnadsrammer og presiseringar som ligg i budsjettet.
-Rådmannen har fullmakt til å disponere og setja av til bundne fond.

Renter og avkasting av kommunen sine omløpsmidlar, gevinstar på finansielle instrument inkl. fond og sal av kraft vert å vurdere samla mot bufferfond.

8. Rådmannen rapporterer slik til kommunestyret (2023) :
 - Årsrapport og rekneskap i samsvar med kommunelova sine reglar.
 - Kvartalsrapport 1. og 3 kvartal som orientering til kommunestyret.
 - Halvårsrapport inkl budsjettregulering til handsaming i kommunestyret. -
 - Rapport på finansforvaltninga som del av kvartalsrapportar, årsrapport eller eiga sak. Jf reglement for finansforvaltninga, jf. k – sak 66/2022- 20.10.22 og ny kommunelov.
 - Separate byggje- og anleggsrekneskap for definerte investeringsprosjekt med eit samla kostnadsoverslag på over 5,0 mill.kr.
9. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide merknader til framleggget.
Det vert vist til formannskapet sitt arbeid med økonomiplan for 2023 – 2026, innspel i høyringsrunden og kommunestyret sine tilleggsframlegg/vedtak.

Oppsummering av vedtekne tilleggsframlegg i kommunestyret som skal innarbeidast i budsjett/økonomiplan:

Framlegg:

Ordførar og rådmann oppsummerte frå formannskapet sitt møte 07.12. Det vart der lagt opp til at følgjande tiltak skal innarbeidast i budsjettet;

- Utvida moderasjonsordning søsken på tvers mellom Barnehage og SFO. Modell skissert i møte vert utforma endeleg av rådmann. Kostnad 300.000, redusert foreldrebetaling.
- Prosjektet utvida grunnbemanning i Gaupne barnehage vert forlenga ut året 2023. Kostnad 750.000, netto auke lønsutgifter. (50% inndekking reduserte sjukefråværskostnader.)
- Sommarbadning Lustrabadet 2023. Kostnad 150.000, utvida driftstilskot. (reduksjon i billettinntekter.)
- Mobildekning Mollandsmarki og Luster/Berge. Kostnad inntil 2 million kroner, anleggsbidrag til andre sine investeringar.
- Oppgradering bueining bygdehuset Kroken. Kostnad inntil 800.000, anleggsbidrag til andre sine investeringar.
- Infrastruktur, straumframføring Ekservollen. Kostnad inntil 150.000, anleggsbidrag til andre sine investeringar.

Auka driftsbudsjett med 1,2 million kroner og auka tilskot til andre sine investeringar med inntil 2,95 million kroner. Finansiert av næringsfondet 2 mill kr. og 2,15 mill frå disposisjonsfondet.

Det vart røysta samla over desse framlegga frå formannskapet. Samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Høgre, KrF og Frp, fremja av Bård Flattun Lilleeng:

I første halvår 2023 skal kontrollutvalget føreta ein forvaltningsrevisjon av gebrysatsane for kommunal sakshandsaming, for å vurdere om den einskilde satsen føl prinsippet om sjølvkost.

Framlegget vart vedteke med 19 mot 6 (AP) røyster.

Tilleggsframlegg frå Sp, fremja av Ann Kristin Sperle:

Luster kommune legg til ein årleg auke i driftsbudsjettet for folkehelse/ungdom dei neste 5 åra på 20 % for å bygge opp og styrke drift av ungdomsbasar. (ein 20% stilling.)

Framlegget vart samråystes
vedteke.

Kostnad 200.000 vert innarbeidd i driftsbudsjettet, finansiert av disposisjonsfondet.

Tilleggsframlegg frå Venstre v/Jon Ove Lomheim:

TEKSTDEL I TENESTEOMRÅDA

Tiltak initiert av Rådet for personar med funksjonsnedsetting:

Luster kommune opprettar ein tilgjengepris for einskildpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar som har gjort ein særleg innsats for å betre tilgangen for alle med universell utforming (UU) av bygg eller uteområde i lokalsamfunnet.

Påskjønning er markering med diplom og blomst.

«Rådet for personar med funksjonsnedsetting» står for tildeling og markering av «Tilgjengepris».

Framlegget vart samråystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Venstre v/Jon Ove Lomheim:

Kommunale bygg. Byggutvikling.

Ekstra kulepunkt:

Tilrettelegging av betre sykkelparkering generelt med ein del plassar med overbygg/tak.

Framlegget vart samråystes vedteke. (Budsjettramme ikkje utvida)

Tilleggsframlegg frå Sp, fremja av Knut Hauge:

Auke budsjettramma til private vegar til totalt 700 000kr.

Framlegget vart vedteke med 18 mot 7 (AP og V) røyster.

Kostnad 200.000 vert innarbeidd i driftsbudsjettet, finansiert av disposisjonsfondet.

Tilleggsframlegg frå AP, fremja av Kåre Hønsi:

Auke i sosialhjelpsatsar ut over staten sine retningliner

I møte med dyrtid må vi passe på dei mest utsette i kommunen. Satsane for dei som har minst må dekke prisstigninga i samfunnet Forslag:

Luster kommune aukar satsane til sosialhjelp med 3% ut over staten sine retninggivande satsar.

Framlegget vart samråystes
vedteke.

Kostnad 200.000 vert innarbeidd i driftsbudsjettet, finansiert av disposisjonsfondet.

Vedtekne tilleggsframlegg med kostnad på 600.000 vert innarbeidd i budsjettet.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Rammetilskot | -195 232 | -205 852 | -219 673 | -221 891 | -221 931 | -221 935 |
| Inntekt- og formuesskatt | -176 133 | -174 544 | -181 162 | -181 162 | -181 162 | -181 162 |
| Eigedomsskatt | -67 329 | -52 650 | -58 000 | -58 000 | -58 000 | -58 000 |
| Andre generelle driftsinntekter | -27 244 | -25 742 | -33 742 | -33 742 | -30 742 | -30 742 |
| Sum generelle driftsinntekter | -465 938 | -458 788 | -492 577 | -494 795 | -491 835 | -491 839 |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | 373 632 | 391 027 | 468 693 | 458 208 | 457 212 | 456 909 |
| Avskrivningar | 33 259 | 34 664 | 36 705 | 36 705 | 36 705 | 36 705 |
| Sum netto driftsutgifter | 406 891 | 425 691 | 505 398 | 494 913 | 493 917 | 493 614 |
| Brutto driftsresultat | -59 047 | -33 097 | 12 821 | 118 | 2 082 | 1 775 |
| Renteinntekter | -2 476 | -3 650 | -5 700 | -5 700 | -5 700 | -5 700 |
| Ubytte | -4 631 | -7 750 | -10 000 | -10 000 | -10 000 | -10 000 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpssmiddele | -20 570 | 5 000 | -7 500 | -9 000 | -9 000 | -9 000 |
| Renteutgifter | 5 738 | 11 000 | 22 500 | 23 600 | 24 700 | 25 400 |
| Avdrag på lån | 30 060 | 33 500 | 38 500 | 38 500 | 38 500 | 38 500 |
| Netto finansutgifter | 8 121 | 38 100 | 37 800 | 37 400 | 38 500 | 39 200 |
| Motpost avskrivningar | -33 259 | -34 664 | -36 705 | -36 705 | -36 705 | -36 705 |
| Netto driftsresultat | -84 185 | -29 661 | 13 916 | 813 | 3 877 | 4 270 |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | | | | | | |
| Overføring til investering | 27 142 | 11 700 | 27 000 | 27 000 | 12 000 | 12 000 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 23 729 | 48 668 | 8 736 | 8 736 | 8 736 | 8 736 |
| Bruk av bundne driftsfond | -27 817 | -25 469 | -31 603 | -39 353 | -13 953 | -23 953 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 78 171 | 3 790 | 1 237 | 8 124 | 4 660 | 4 267 |
| Bruk av disposisjonsfond | -17 040 | -9 028 | -19 286 | -5 320 | -15 320 | -5 320 |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 84 185 | 29 661 | -13 916 | -813 | -3 877 | -4 270 |
| Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Sentrale inntekter

Rammetilskot og skatteinngang er budsjettet med grunnlag i prognosemodellen til KS.

Allmenn eigedomsskatt ligg ikkje inne i denne økonomiplanperioden. Eigedomsskatten er avgrensa til kraftverk. Eigedomsskatteinntekter for dei store kraftverka er pr 23.11. ikkje fastsett for 2023. Det ligg ikke ein prognosert auke på 10% i budsjettet.

Andre generelle driftstilskot inneheld konsesjonsavgifter og generelle statstilskot. Statstilskota vil for kommande år auke. Storleik på auken vil vere relatert til tal mottak og busetjing av flyktningar.

Økonomiplanen viser venta tilskot knytt til flyktningar å vera på 15 millionar for 2023. Andre generelle driftsinntekter inneheld og mindre statstilskot knytt til investeringar tilbake i tid.

Netto finans

Renteinntekter er venta å auke noko, i takt med renteauken generelt. I denne posten er det også teke høgde for renteinntekter til vidareutlån knytt til Husbanken.

Det har vore eit godt år i kraftbransjen. Sjølv om det er usikkerheit rundt dei framtidige straumprisane, ventar ein at dei stabiliserer seg på eit høgare nivå enn dei var på før den store prisauken. Det er derfor lagt til grunn at utbytte, både i 2023 og i åra som kjem, vil vera høgare enn utbytte historisk har vore.

Utbyteinntekter og finansavkasting er budsjettet med ein auke basert på føreliggjande prognosar men kan vere usikre.

Renteutgiftene er basert på Kommunalbanken sine prognosar og at nye låneopptak vert i samsvar med økonomiplanen. Det er spådd ein rentetopp vår/sommar 2023 og deretter ei utflating av renta. Låna er i det vesentlege teke opp med flytande rente, då ein ventar at det skal vera mest lønsamt på sikt.

Det er lagt opp til ei høgare nedbetaling av lån framover. Sjølv om kommunen pr. i dag er godt innanfor minsteavdraga, vil det vera nødvendig å auke avdraga på grunn av dei høge investeringane og låneopptaka ein legg opp til i økonomiplanperioden.

Løvvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Administrasjon | 37 409 | 36 402 | 28 080 | 28 400 | 28 400 | 28 400 |
| Politikk | 8 498 | 8 924 | 4 643 | 4 189 | 4 293 | 3 990 |
| Grunnskule | 113 898 | 123 517 | 103 853 | 104 008 | 104 008 | 104 008 |
| Barnehage | 30 115 | 30 521 | 54 471 | 52 721 | 52 721 | 52 721 |
| Kultur | 18 200 | 20 827 | 21 807 | 21 407 | 21 407 | 21 407 |
| Folkehelse | 0 | 0 | 2 079 | 2 079 | 2 079 | 2 079 |
| Barnevern | 0 | 0 | 11 549 | 11 549 | 11 549 | 11 549 |
| Sosial | 9 323 | 12 780 | 13 255 | 13 055 | 13 055 | 13 055 |
| Helse | 27 859 | 30 318 | 32 707 | 32 707 | 32 707 | 32 707 |
| Omsorg | 143 402 | 154 196 | 165 598 | 166 098 | 166 098 | 166 098 |
| Landbruk | 3 081 | 4 189 | 3 954 | 4 243 | 4 243 | 4 243 |
| Næring | 3 046 | 619 | -805 | -3 430 | -3 430 | -3 430 |
| Plan | 3 558 | 4 887 | 5 346 | 5 346 | 5 346 | 5 346 |
| Beredskap | 0 | 0 | 131 | 131 | 131 | 131 |
| Kulturarv | 0 | 0 | 145 | 145 | 145 | 145 |
| Eigedom | -4 345 | 559 | 3 571 | 3 571 | 3 571 | 3 571 |
| Veg og park | 305 | 642 | 15 808 | 14 608 | 14 608 | 14 608 |
| Kommunale bygg | 37 376 | 41 104 | 18 994 | 18 994 | 18 994 | 18 994 |
| Utleigebustad | 0 | 0 | 2 514 | 1 714 | 1 714 | 1 714 |
| VARs | 0 | 0 | -8 235 | -8 189 | -8 189 | -8 189 |
| Brannførebygging | 0 | 0 | 8 856 | 8 856 | 8 856 | 8 856 |
| Felles inntekter og utgifter | -57 995 | -89 786 | -33 233 | -33 933 | -34 633 | -34 633 |
| Byggeprosjekt - eigedom | -2 449 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum løvvinger drift, netto | 371 279 | 379 699 | 455 090 | 448 271 | 447 675 | 447 372 |
| Av dette: | | | | | | |
| Netto renteutgifter og -inntekter | -997 | -650 | -700 | -700 | -700 | -700 |
| Overføring til investering | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 23 719 | 8 668 | 8 736 | 8 736 | 8 736 | 8 736 |
| Bruk av bundne driftsfond | -27 817 | -15 469 | -16 603 | -14 353 | -13 953 | -13 953 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 4 915 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -3 173 | -3 877 | -5 036 | -3 620 | -3 620 | -3 620 |
| Korrigeret sum løvvinger drift, netto | 373 632 | 391 027 | 468 693 | 458 208 | 457 212 | 456 909 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

Spesifisert oversikt § 5-4 2. ledd

per vedtaksnivå

Beløp i 1000 kr

| Org id 3 | Org nivå 3 | KOSTRA -art | Tekst | Rekneskap 2021 | Oppr. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---------------|----------------|-------------|--|----------------|---------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 10 | Administrasjon | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 36 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | Administrasjon | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 546 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | Administrasjon | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 873 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | Administrasjon | 1900 | Renteinntekter | -42 | 0 | -50 | -50 | -50 | -50 |
| 10 | Administrasjon | 1940 | Bruk av ubundne fond | -1 500 | 0 | -750 | 0 | 0 | 0 |
| 10 | Administrasjon | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -1 669 | -110 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 10 | | | | -1 756 | -110 | -800 | -50 | -50 | -50 |
| 11 | Politikk | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 11 | Politikk | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 11 | | | | 201 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Grunnskule | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Grunnskule | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 410 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Grunnskule | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 951 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Grunnskule | 1940 | Bruk av ubundne fond | -147 | 0 | -300 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Grunnskule | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -350 | 0 | -32 | -32 | -32 | -32 |
| Sum 20 | | | | 866 | 0 | -332 | -32 | -32 | -32 |
| 21 | Barnehage | 1940 | Bruk av ubundne fond | -15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 21 | | | | -15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Kultur | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 724 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Kultur | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 45 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Kultur | 1940 | Bruk av ubundne fond | -120 | -620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 |
| 22 | Kultur | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -231 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 22 | | | | 418 | -620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 |
| 23 | Folkehelse | 1940 | Bruk av ubundne fond | 0 | 0 | -100 | 0 | 0 | 0 |
| 23 | Folkehelse | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | 0 | 0 | -134 | -134 | -134 | -134 |
| Sum 23 | | | | 0 | 0 | -234 | -134 | -134 | -134 |
| 30 | Sosial | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 30 | Sosial | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 499 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 30 | Sosial | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 150 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 30 | Sosial | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -896 | -620 | -220 | -220 | -220 | -220 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

| Org id 3 | Org nivå 3 | KOSTRA -art | Tekst | Rekneskap 2021 | Oppr. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---------------|------------|-------------|--|----------------|---------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Sum 30 | | | | -245 | -620 | -220 | -220 | -220 | -220 |
| 31 | Helse | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 31 | Helse | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 297 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 31 | Helse | 1940 | Bruk av ubundne fond | 0 | 0 | -200 | 0 | 0 | 0 |
| 31 | Helse | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -1 397 | -620 | -620 | -620 | -620 | -620 |
| Sum 31 | | | | -1 100 | -620 | -820 | -620 | -620 | -620 |
| 32 | Omsorg | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 32 | Omsorg | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 13 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 32 | Omsorg | 1940 | Bruk av ubundne fond | 0 | -500 | -66 | 0 | 0 | 0 |
| 32 | Omsorg | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -56 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 32 | | | | -42 | -500 | -66 | 0 | 0 | 0 |
| 40 | Landbruk | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 40 | Landbruk | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 1 460 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 40 | Landbruk | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 63 | 0 | 11 | 11 | 11 | 11 |
| 40 | Landbruk | 1940 | Bruk av ubundne fond | 0 | 0 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| 40 | Landbruk | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -2 652 | -514 | -604 | -354 | -354 | -354 |
| Sum 40 | | | | -1 129 | -514 | -1 593 | -1 343 | -1 343 | -1 343 |
| 41 | Næring | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 41 | Næring | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 20 749 | 8 650 | 8 650 | 8 650 | 8 650 | 8 650 |
| 41 | Næring | 1570 | Overføring til investeringsregnskapet | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 41 | Næring | 1900 | Renteinntekter | -1 000 | -650 | -650 | -650 | -650 | -650 |
| 41 | Næring | 1940 | Bruk av ubundne fond | 0 | -757 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 41 | Næring | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -18 333 | -10 150 | -13 665 | -11 665 | -11 265 | -11 265 |
| Sum 41 | | | | 2 446 | -2 907 | -5 665 | -3 665 | -3 265 | -3 265 |
| 42 | Plan | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 42 | Plan | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 201 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 42 | | | | 201 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 50 | Eigedom | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 50 | Eigedom | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 475 | 18 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 50 | Eigedom | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -1 175 | -955 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 50 | | | | -701 | -937 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

| Org id 3 | Org nivå 3 | KOSTRA -art | Tekst | Rekneskap 2021 | Oppr. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|------------------|-------------------------|-------------|--|----------------|---------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|
| 51 | Veg og park | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 51 | | | | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 52 | Kommunale bygg | 1500 | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 52 | | | | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 54 | VARS | 1550 | Avsetninger til bundne fond | 0 | 0 | 75 | 75 | 75 | 75 |
| 54 | VARS | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | 0 | 0 | -1 329 | -1 329 | -1 329 | -1 329 |
| Sum 54 | | | | 0 | 0 | -1 254 | -1 254 | -1 254 | -1 254 |
| 62 | Byggeprosjekt - eigedom | 1540 | Avsetninger til ubundne fond | 950 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 62 | Byggeprosjekt - eigedom | 1940 | Bruk av ubundne fond | -1 391 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 62 | Byggeprosjekt - eigedom | 1950 | Bruk av bundne driftsfond | -1 058 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 62 | | | | -1 499 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Total sum | | | | -2 353 | -6 828 | -13 603 | -9 937 | -9 537 | -9 537 |

Løvvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 58 687 | 92 524 | 132 662 | 130 300 | 129 250 | 126 250 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 1 266 | 434 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Sum investeringsutgifter | 59 953 | 92 958 | 134 662 | 132 300 | 131 250 | 128 250 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -9 130 | -17 060 | -12 270 | -20 460 | -23 650 | -23 050 |
| Tilskot frå andre | -26 519 | -6 000 | -5 000 | -1 650 | -500 | -500 |
| Sal av varige driftmiddel | -2 123 | -10 000 | -10 000 | -10 000 | -10 000 | -10 000 |
| Bruk av lån | -8 831 | -26 214 | -80 392 | -73 190 | -85 100 | -82 700 |
| Sum investeringsinntekter | -46 603 | -59 274 | -107 662 | -105 300 | -119 250 | -116 250 |
| Vidareutlån Husbanken | 9 403 | 10 000 | 15 000 | 10 000 | 10 000 | 10 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån Husbanken | -9 403 | -10 000 | -15 000 | -10 000 | -10 000 | -10 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån Husbanken | 2 661 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| Mottatt avdrag på vidarelån Husbanken | -4 500 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| Netto utgifter Husbanken | -1 839 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring frå drift | -27 142 | -11 700 | -27 000 | -27 000 | -12 000 | -12 000 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 1 939 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -175 | -21 984 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | 13 867 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overføring frå drift og netto avsettingar | -11 511 | -33 684 | -27 000 | -27 000 | -12 000 | -12 000 |
| Framført til inndekning i seinare år (udekt) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Løvvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023- 2026 |
|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|------------------------------|
| Ikke-avgiftsfinansierede investeringar | | | | | | | |
| Bustadfelt infrastruktur | 79 | 0 | 0 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 9 000 |
| Bustadfelt Lundshaugen | 23 | 278 | 200 | 2 000 | 0 | 0 | 2 200 |
| Bustadfelt Bolstadmoen | 0 | 100 | 100 | 1 400 | 0 | 0 | 1 500 |
| Bustadfelt Treningsfeltet | 1 119 | 5 124 | 4 500 | 0 | 0 | 0 | 4 500 |
| Bustadfelt Marifjøra | 38 | 1 063 | 500 | 3 000 | 5 000 | 0 | 8 500 |
| Miljøstasjon | 1 074 | 1 948 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Røneidsgrandane | | | | | | | |
| Næringsområdet | 0 | 0 | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Gaupnegrondane | | | | | | | |
| Næringsområde | 486 | 3 813 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Reiarmoen - Hausamoen | | | | | | | |
| Næringsområde | 641 | 1 047 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Røneidsgrandane - opprydding | | | | | | | |
| Næringsbygg | 53 | 4 957 | 27 000 | 0 | 0 | 0 | 27 000 |
| Gaupnegrondane | | | | | | | |
| Næringsområde Hafslo | 0 | 0 | 100 | 500 | 2 000 | 0 | 2 600 |
| Næringsområde | 0 | 0 | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Røneidsgrandane | | | | | | | |
| Fellesløvning bygg til fordeling | 3 662 | 3 000 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 14 000 |
| Felles inventar/utstyr til fordeling | 1 105 | 300 | 1 000 | 500 | 500 | 500 | 2 500 |
| Utleigebustader generelt | 0 | 0 | 5 000 | 5 000 | 0 | 0 | 10 000 |
| Hafslo omsorgssenter (bygg) | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 0 | 5 000 |
| Grandmo busenter (bygg) | 5 816 | 73 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utviding ambulansestasjon | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nytt helsecenter | 0 | 0 | 500 | 5 000 | 50 000 | 85 000 | 140 500 |
| "Nye" Hafslo barnehage | 3 333 | 9 125 | 5 000 | 40 000 | 20 000 | 0 | 65 000 |
| Indre Hafslo barnehage | 0 | 0 | 5 000 | 2 500 | 0 | 0 | 7 500 |
| ATS | 1 424 | 0 | 500 | 10 000 | 10 000 | 0 | 20 500 |
| Rådhus ombygging | 522 | 228 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Friskhus, evt Kultursal | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 |
| Gaupne barnehage | 5 833 | 12 357 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Naturmøteplassen | 1 388 | 1 612 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ventilasjon 2022 | 0 | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Indre Hafslo skule | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 500 | 0 | 2 500 |
| Anleggsutvikling til fordeling | 2 797 | 3 203 | 3 000 | 3 000 | 4 000 | 4 000 | 14 000 |
| Kommunal veg | 248 | 752 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Heggmyrane | | | | | | | |
| Bilar og maskiner | 1 076 | 3 450 | 1 500 | 1 500 | 4 000 | 1 500 | 8 500 |
| Tursti Gaupne-Marifjøra | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Turstiar | 0 | 0 | 3 000 | 2 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| Trafikktryggingstiltak | 388 | 612 | 750 | 750 | 750 | 750 | 3 000 |
| Oprusting Gaupne sentrum | 74 | 845 | 4 000 | 2 000 | 0 | 0 | 6 000 |
| Sentrumsopprustning Dale | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 | 3 000 |
| Gjerde sentrum | 56 | 351 | 3 000 | 3 000 | 0 | 0 | 6 000 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023- 2026 |
|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|------------------------------|
| Toalett badeplass | 0 | 0 | 0 | 1 250 | 0 | 0 | 1 250 |
| Markstein | | | | | | | |
| Sentrumstiltak Hafslo | 49 | 857 | 2 000 | 3 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| Parkeringsplass Krossen | 0 | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gamlebrua Gaupne | 3 297 | 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bru Drægni | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 1 000 |
| Bru Dalsdalen | 0 | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Bru Mjølver | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Sentrumstiltak Solvorn parkering | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sentrumstiltak Solvorn | 23 | 478 | 2 500 | 0 | 0 | 0 | 2 500 |
| Infrastruktur Ornes | 0 | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Rassikring Luster omsorgssenter | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 |
| Veg og gatelys | 1 569 | 2 181 | 2 000 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 6 500 |
| Rassikring Gaupne, Sandvik nord | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bakkingavegen, fortau | 0 | 250 | 5 000 | 1 000 | 1 000 | 0 | 7 000 |
| Engjadalsvegen, fortau | 0 | 0 | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Anlegg idrett/friidrett | 1 994 | 3 638 | 0 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 3 000 |
| Sogn skisenter - Heggmyrane | 212 | 711 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskot kyrkjeleg fellesråd | 3 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 4 000 |
| Lustrabadet | 460 | 2 650 | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Fjordstova rehabilitering basseng | 9 255 | 35 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Molo Gaupnegrandane | 0 | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Ungdomsbase Hafslo | 0 | 0 | 200 | 0 | 0 | 1 000 | 1 200 |
| Jostedal samfunnshus | 0 | 2 500 | 1 500 | 0 | 0 | 5 000 | 6 500 |
| Klatrepark Gaupne | 0 | 500 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Fleirbrukshall Hafslo | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 | 3 000 |
| Tele og datakommunikasjon | 845 | 4 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |
| Oppmåling | 0 | 300 | 0 | 400 | 0 | 0 | 400 |
| Veg Harastølen | 44 | 156 | 800 | 5 000 | 0 | 0 | 5 800 |
| Miljøtiltak til fordeling | 0 | 850 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bru Nigardsbreen | 119 | 2 281 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brannførebygging Ornes | 143 | 0 | 250 | 2 000 | 2 000 | 0 | 4 250 |
| Sum Ikke- avgiftsfinansierede investeringer | 52 244 | 82 523 | 94 850 | 111 300 | 120 250 | 117 250 | 443 650 |
| Avgiftsfinansierede investeringer | | | | | | | |
| Næringsbygg | 0 | 0 | 20 000 | 10 000 | 0 | 0 | 30 000 |
| Gaupnegrandane LMI | | | | | | | |
| Vassforsyning, generelt | 2 789 | 6 000 | 11 068 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 26 068 |
| Avløpstiltak | 1 255 | 4 001 | 6 744 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 18 744 |
| Sum Avgiftsfinansierede investeringer | 4 044 | 10 001 | 37 812 | 19 000 | 9 000 | 9 000 | 74 812 |
| Investeringar i varige driftsmidlar | 56 288 | 92 524 | 132 662 | 130 300 | 129 250 | 126 250 | 518 462 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|-------------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------------------|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|--------------------------|
| Eigenkapitalinnskot KLP | 0 | 434 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 8 000 |
| Dummy for import av regnskap | 1 266 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 1 266 | 434 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 8 000 |

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|-----------------------|-------------------|-----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------------------|
| Utlån av eigne middel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum del 1-4 | 57 554 | 92 958 | 134 662 | 132 300 | 131 250 | 128 250 | 526 462 |

Satsingsområde

introduksjon

Kommuneplanen skal vere det langsiktige og overordna styringsdokumentet til Luster kommune. Den sett mål for utviklinga og bestemmer dei overordna linjene i arealforvaltninga. Planen er pålagt gjennom plan og bygningslova, og skal bidra til langsiktig, sektorovergripande og demokratisk styring i kommunen.

Luster kommune reviderte samfunnssdelen til kommuneplanen i 2021. Planen inneheld eit sett av mål og strategiar utarbeidd på bakgrunn av brei medverknad, innspel frå politikarar, føringar frå overordna myndigheter og samarbeid internt i administrasjonen. Måla er det vi ynskjer å oppnå, og strategiane er forslag til korleis me skal jobbe for å nå dei.

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer vert følgt opp, og i Luster kommune har me sagt at økonomiplanen skal vere handlingsdelen til kommuneplanen. Plansystemet Framsikt let oss kople saman mål, strategi, tiltak og investeringar på tvers av planar. Ved å trykke på dei fire satsingsområda kan du se kva aktuelle strategiar, tiltak, klimatiltak eller investeringar som teke med i økonomiplanen for å jobbe mot å oppnå måla.

Eit utval av dei måla som er mest aktuelle er fordelt i teksten under dei ulike ansvarsområda basert på innspel frå einingane, og dei strategiane som er teke med i økonomiplanen er valt ut og fordelt etter innspel frå einingane.

Aktiv heile livet

Hovudmål for kommunen

- Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgåande legg vekt på aktiv omsorg
- Alle har gode høve for å kjenne friluftsglede i nærmiljøet
- Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslle
- Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse

Mål for kommunen

| Hovudmål | Delmål |
|---|--|
| Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgåande legg vekt på aktiv omsorg | Aktive generasjonsmøteplassar med god tilkomst |
| Alle har gode høve for å kjenne friluftsglede i nærmiljøet | Dei eldre i Luster kommune får nytt potensialet sitt og er ein verdifull ressurs for lustersamfunnet |
| Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslle | God oppfølging av leve heile livet reformen med fokus på førebyggjande folkehelsearbeid |
| Alles tilrettelegging for møteplassar langs fjorden | Betre tilrettelegging for møteplassar langs fjorden |
| Barn og unge får god rettleiing i å meistre livet | God tilrettelegging av aktivitets- og friluftsområder |
| Barn og unge har god tilgang på uformelle møteplassar og sosiale aktivitetstilbod | Barn og unge har god tilgang på uformelle møteplassar og sosiale aktivitetstilbod |

| Hovudmål | Delmål |
|--|--|
| Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforsk og fremjar psykisk helse | Alle barn og ungdom skal ha høve til å delta i fritidsaktivitetar og leik i samsvar med barnet sin alder |
| | Attraktive nærmiljøanlegg og friområde i alle bustadfelt og ved alle barnehagar og skular |
| | Barn og unge er fysisk aktive og har god helse |
| | Det frivillige organisasjonslivet i Luster kommune har gode rammevilkår og er kompetent og samkøyrd |
| | God tilkomst til møteplassar, nærmiljøanlegg og alle offentlege bygg, og fokus på tilrettelegging for personar med funksjonsnedsetting |
| | Kulturalven blir teke vare på og nytta som ein kjelde til kunnskap, identitet og oppleving |
| | Styrka identitetskjensle og samhøyrs mellom innbyggjarane i kommunen |

Klimasmart

Hovudmål for kommunen

- Direkte utslepp halverast innan 2030, og betydeleg reduksjon i energibruk og forbruk av forureinande varer og tenester
- Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga
- Naturområda i Luster skal ivaretakast og styrkast

Mål for kommunen

| Hovudmål | Delmål |
|--|---|
| Direkte utslepp halverast innan 2030, og betydeleg reduksjon i energibruk og forbruk av forureinande varer og tenester | Det er gode høve for å gjenbruke og resirkulere i Luster, og me klarar å nytte ressursane som finns i avfall |
| | Energibruken i privathushaldninga reduserast og energien nyttast berekraftig sett i eit globalt perspektiv |
| | Gjennomgåande bevisstheit og fokus på miljøvennleg livsstil i befolkninga |
| | Innbyggjar og næringsliv får gode høve for å velge utsleppsfree transportløysningar og redusere transportbehovet |
| | Landbruket har gode rammer og støtte frå kommunen for å klare å redusere klimagassutslepp i tråd med intensjonsavtalen med regjeringa |
| | Nedgang i utslepp frå sjøfart og vekst i utsleppsfree ferdsel på fjorden |
| Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga | Klimagassutsleppa og energibruken frå kommunen sin verksemeld reduserast |
| | Klimaomstilling er eit gjennomgripande tema i styringa av kommunen |
| Naturområda i Luster skal ivaretakast og styrkast | Ingen søppel i naturområder |
| | Naturmangfaldet i nærområde skal styrkast |

Distriktsinnovasjon

Hovudmål for kommunen

- Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster
- Landbruket har gode rammer og det er mangfold innan landbruksproduksjonen i Luster
- Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemndene
- Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sognregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar
- Sterke og attraktive og lokalsamfunn

Mål for kommunen

| Hovudmål | Delmål |
|---|--|
| Vidareutvikling av utleigeordning for batteridrevne framkomstmiddla på ATS | 200 | 800 | 0 | Vurdering | Veitrafikk | Personbiler | Lav | 0,0 |
| Sum | 550 | 2 200 | 0 | | | | | 0,0 |

Indirekte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar
Beløp i 1000 kr

| Klimatiltak | Kostnad | Totalkostnad | Langsiktig Utrekningsmåte | Sektor | Kjelde | Ikkje-kvantifisert | Langsiktig reduksjon |
|--|------------|--------------|---------------------------|-----------|-----------------|--------------------|----------------------|
| | 2023 | 2023-2026 | økonomisk | effekt | | | effekt |
| Gjenbruksordning for materiala på SIMAS | 500 | 1 100 | 0 | Vurdering | Annet | Annet | Medium |
| Betre temperatur og lysregulering i kommunale bygg | 0 | 0 | 0 | Vurdering | Energiforsyning | Annet | Medium |
| Utgreiing av fjordvarme og eventuelt grunnvarme i Gaupne | 150 | 150 | 0 | Vurdering | Energiforsyning | Annet | Medium |
| Utgreiing varmeløysning i ny barnehage i Hafslø | 100 | 100 | 0 | Vurdering | Energiforsyning | Annet | Medium |
| Sum | 750 | 1 350 | 0 | | | | 0,0 |

Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Folketal ved inngangen av kvartalet | 5 151 | 5 223 | 5 195 | 5 174 | 5 189 | 5 246 |
| Fødde | 71 | 47 | 52 | 55 | 53 | 40 |
| Døde | 48 | 52 | 58 | 49 | 42 | 33 |
| Fødselsoverskot | 23 | -5 | -6 | 6 | 11 | 7 |
| Innvandring | 69 | 20 | 33 | 25 | 33 | 30 |
| Utvandring | 13 | 18 | 14 | 13 | 23 | 22 |
| Innflytting, innanlands | 129 | 147 | 116 | 146 | 199 | 138 |
| Utflytting, innanlands | 137 | 175 | 151 | 149 | 164 | 118 |
| Netto innvandring og flytting | 48 | -26 | -16 | 9 | 45 | 28 |
| Folkevekst | 72 | -28 | -21 | 15 | 57 | 35 |
| Folketalet ved utgangen av kvartalet | 5 223 | 5 195 | 5 174 | 5 189 | 5 246 | 5 281 |

Demografi

Befolkningsprognose

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|-------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 0 - åringer | 58 | 51 | 51 | 51 | 51 |
| Barnehage (1-5 år) | 315 | 325 | 305 | 301 | 294 |
| Grunnskole (6-15 år) | 625 | 622 | 635 | 624 | 628 |
| Videregående (16-19 år) | 278 | 267 | 260 | 261 | 253 |
| Voksne (20-66 år) | 2 943 | 2 923 | 2 932 | 2 919 | 2 896 |
| Eldre (67-79 år) | 696 | 731 | 735 | 748 | 769 |
| Eldre (80-89 år) | 256 | 271 | 275 | 284 | 293 |
| Eldre (90 år og eldre) | 75 | 66 | 65 | 63 | 61 |
| Total | 5 246 | 5 256 | 5 258 | 5 251 | 5 245 |

Prognose type : Middels nasjonal vekst, Prognose periode : 4

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Tidlegare vedteke

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter Investering og felleskostnader | Økonomiplan | | | | Sum 2023-26 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | |
| "Nye" Hafslø barnehage | 5 000 | 40 000 | 20 000 | 0 | 65 000 |
| Bakkingavegen, fortau | 5 000 | 1 000 | 1 000 | 0 | 7 000 |
| Bru Drægni | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 1 000 |
| Bustadfelt Bolstadmoen | 100 | 1 400 | 0 | 0 | 1 500 |
| Bustadfelt Lundshaugen | 200 | 2 000 | 0 | 0 | 2 200 |
| Bustadfelt Marifjøra | 500 | 3 000 | 5 000 | 0 | 8 500 |
| Bustadfelt Treningsfeltet | 4 500 | 0 | 0 | 0 | 4 500 |
| Friskhus, evt Kultursal | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 |
| Gjerde sentrum | 3 000 | 3 000 | 0 | 0 | 6 000 |
| Hafslø omsorgssenter (bygg) | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 0 | 5 000 |
| Infrastruktur Ornes | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Jostedal samfunnshus | 1 500 | 0 | 0 | 5 000 | 6 500 |
| Klatrepark Gaupne | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Kommunal veg Heggmyrane | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Molo Gaupnegrandane | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Nytt helsecenter | 500 | 5 000 | 50 000 | 85 000 | 140 500 |
| Næringsbygg Gaupnegrandane | 27 000 | 0 | 0 | 0 | 27 000 |
| Næringsområde Hafslø | 100 | 500 | 2 000 | 0 | 2 600 |
| Næringsområdet | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Gaupnegrandane | | | | | |
| Opprusting Gaupne sentrum | 4 000 | 2 000 | 0 | 0 | 6 000 |
| Rassikring Luster omsorgssenter | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 |
| Sentrumsopprustning Dale | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 | 3 000 |
| Sentrumstiltak Hafslø | 2 000 | 3 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| Sentrumstiltak Solvorn | 2 500 | 0 | 0 | 0 | 2 500 |
| Toalett badeplass Markstein | 0 | 1 250 | 0 | 0 | 1 250 |
| Ungdomsbane Hafslø | 200 | 0 | 0 | 1 000 | 1 200 |
| Veg Harastølen | 800 | 5 000 | 0 | 0 | 5 800 |
| Sum Investering og felleskostnader | 62 750 | 70 150 | 82 000 | 94 000 | 308 900 |
| Sum | 62 750 | 70 150 | 82 000 | 94 000 | 308 900 |

Løpende

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter Politikk og administrasjon | Økonomiplan | | | | Sum 2023-26 |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|----------------|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 8 000 |
| Sum Politikk og administrasjon | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 8 000 |
| Investering og felleskostnader | | | | | |
| Anlegg idrett/friluftsliv | 0 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 3 000 |
| Anleggsutvikling til fordeling | 3 000 | 3 000 | 4 000 | 4 000 | 14 000 |
| Avløpstiltak | 6 744 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 18 744 |
| Bilar og maskiner | 1 500 | 1 500 | 4 000 | 1 500 | 8 500 |
| Bustadfelt infrastruktur | 0 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 9 000 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan | | | | Sum 2023-26 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | |
| Felles inventar/utstyr til fordeling | 1 000 | 500 | 500 | 500 | 2 500 |
| Fellesløvning bygg til fordeling | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 14 000 |
| Lustrababet | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Oppmåling | 0 | 400 | 0 | 0 | 400 |
| Tele og datakommunikasjon | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |
| Tilskot kyrkjeleg fellesråd | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 4 000 |
| Trafikktryggingstiltak | 750 | 750 | 750 | 750 | 3 000 |
| Turstiar | 3 000 | 2 000 | 0 | 0 | 5 000 |
| Utleigebustader generelt | 5 000 | 5 000 | 0 | 0 | 10 000 |
| Vassforsyning, generelt | 11 068 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 26 068 |
| Veg og gatelys | 2 000 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 6 500 |
| Sum Investering og felleskostnader | 42 062 | 35 650 | 31 750 | 29 250 | 138 712 |
| Sum | 44 062 | 37 650 | 33 750 | 31 250 | 146 712 |


Ny investering

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter | Økonomiplan | | | | Sum 2023-26 |
|---|---------------|---------------|---------------|--------------|----------------|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | |
| Investering og felleskostnader | | | | | |
| ATS | 500 | 10 000 | 10 000 | 0 | 20 500 |
| Brannførebygging Ornes | 250 | 2 000 | 2 000 | 0 | 4 250 |
| Bru Dalldalen | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Bru Mjølver | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Engjadalsvegen, fortau | 1 500 | 0 | 0 | 0 | 1 500 |
| Fleirbruks Hall Hafslø | 0 | 0 | 1 000 | 2 000 | 3 000 |
| Indre Hafslø barnehage | 5 000 | 2 500 | 0 | 0 | 7 500 |
| Indre Hafslø skule | 0 | 0 | 2 500 | 0 | 2 500 |
| Næringsbygg Gaupnegrandane | 20 000 | 10 000 | 0 | 0 | 30 000 |
| LMI | | | | | |
| Næringsområde Røneidsgrandane | 100 | 0 | 0 | 0 | 100 |
| Sum Investering og felleskostnader | 27 850 | 24 500 | 15 500 | 3 000 | 70 850 |
| Sum | 27 850 | 24 500 | 15 500 | 3 000 | 70 850 |


Økonomisk utvikling i planperioden

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Luster ny struktur | 0,0 % | 0,0 % | 4,2 % | 12,5 % | 4,5 % | -2,1 % | -0,1 % | -0,6 % | -0,6 % |
| Handlingsregel | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % |

Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Luster ny struktur | 0,0 % | 0,0 % | 0,1 % | 10,9 % | 1,0 % | 1,4 % | 4,5 % | 0,2 % | 1,7 % |
| Handlingsregel | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % | 1,0 % |

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Luster ny struktur | 0,0 % | 0,0 % | 15,2 % | 22,1 % | 22,0 % | 19,2 % | 19,4 % | 17,9 % | 17,7 % |
| Handlingsregel | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % | 12,0 % |

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Luster ny struktur | 0,0 % | 0,0 % | 1,9 % | 1,8 % | 5,8 % | 5,8 % | 5,6 % | 5,8 % | 5,9 % |


Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

| | Budsjett 2022 | 2023 | 2024 | Økonomiplan 2025 | 2026 |
|---|---------------|---------------|------------|---------------------|--------------|
| Sum inntekter | -576 090 | -656 303 | -662 146 | -659 886 | -659 890 |
| Sum utgifter | 596 533 | 669 124 | 662 264 | 661 968 | 661 665 |
| Brutto resultat | 20 443 | 12 821 | 118 | 2 082 | 1 775 |
| Netto finansutgifter og inntekter | 23 850 | 37 800 | 37 400 | 38 500 | 39 200 |
| Motpost avskrivninger | -34 664 | -36 705 | -36 705 | -36 705 | -36 705 |
| Netto resultat | 9 629 | 13 916 | 813 | 3 877 | 4 270 |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -9 629 | -13 916 | -813 | -3 877 | -4 270 |
| Årsresultat | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto resultat i prosent av sum inntekter | -1,7 % | -2,1 % | -0,1 % | -0,6 % | -0,6 % |

Kommunaløkonomisk bærekraft (KØB)

Grafen viser avviket mellom vedtekte mål for dei tre viktigaste finansielle indikatorane som skal bidra til communaløkonomisk berekraft (KØB). Verdiene i trekanten er relative, og målet er rekna om til 100 for alle dei tre indikatorane. Verdi under 100 indikerer behov for ytterlegare tilpassing for å nå målsettinga.



Verkelege verdiar

| Indikatornavn | Målsetting | Økonomiplan 2023 | Økonomiplan 2026 |
|--|------------|------------------|------------------|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 2,0 % | -2,1 % | -0,6 % |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 75,0 % | 63,8 % | 82,4 % |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 12,0 % | 19,2 % | 17,7 % |

Relative verdiar

| Indikatornavn | Målsetting | Økonomiplan 2023 | Økonomiplan 2026 |
|--|------------|------------------|------------------|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 100,0 % | -105,0 % | -30,0 % |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 100,0 % | 115,0 % | 90,0 % |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 100,0 % | 160,0 % | 148,0 % |

Kommunen sine tenesteområde

Politikk og administrasjon

Skildring av verksemda i dag

Med ny oppbygging av Budsjett og økonomiplan i Framsikt er politikk og administrasjon knyta saman i eit ansvarsområde. I Underkapittel her finn ein nærmare omtale av einingane; politisk og kommunikasjon/driftsstøtte. (administrasjon.)

Ansvarsområde har svak auke i ressursramme knyta til kostnader i valår og ”kommunikasjonsstrategien.” Omlegging gjer at ressursramme tidlegare år ikkje er direkte samanliknbar.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

| | Beløp i 1000 | | | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------------|---------------|---------------|---------------|
| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 25 469 | 22 440 | 20 032 | 19 728 | 20 032 | 19 729 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 12 250 | 11 524 | 10 979 | 10 079 | 9 879 | 9 879 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 13 714 | 13 642 | 2 550 | 2 870 | 2 870 | 2 870 |
| Overføringsutgifter | 2 512 | 1 566 | 1 061 | 1 061 | 1 061 | 1 061 |
| Finansutgifter | 1 655 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 55 600 | 49 172 | 34 621 | 33 737 | 33 841 | 33 538 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -998 | -1 105 | -798 | -798 | -798 | -798 |
| Refusjoner | -5 485 | -2 564 | -300 | -300 | -300 | -300 |
| Overføringsinntekter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 210 | -110 | -800 | -50 | -50 | -50 |
| Sum Driftsinntekter | -9 693 | -3 779 | -1 898 | -1 148 | -1 148 | -1 148 |
| Sum | 45 907 | 45 393 | 32 723 | 32 589 | 32 693 | 32 390 |

Måltabell

| Hovudmål | Delmål |
|--|--|
| Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik | Luster kommune skal vere ein inkluderande og attraktiv arbeidsgjevar |
| Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga | |
| Sterkt demokrati | Den politiske representasjonen skal spegle Lustrasamfunnet |
| | God involvering av frivillige organisasjoner og råd |

Administrasjon

Skildring av verksemda i dag

Stabseininga kommunikasjon og driftsstøtte der Politisk sekretariat, Kommunikasjon, Arkiv, Økonomi og Personal inngår.

Tenestene i stabseininga kommunikasjon og driftsstøtte utgjer ein stor del av tenesteområde i administrasjonen og dekkjer utgifter knytt til den politiske og administrative styringa av kommunen. I stabseininga inngår arbeid med utviklingsoppgåver for einingane og folkevalde organ som til dømes kommunestyret, formannskapet, plan- og forvaltningsutvalet, råda og kontrollutvalet inkludert utgifter til revisjon. Store fellespostar som forsikringar, (pensjon), frikjøp hovudtillitsvalde og felles ikt-utgifter ligg også her.

I OU prosessen har ein landa på at det er fagansvarlege for arkiv, politisk sekretariat, økonomi, Kommunikasjon og lønn/personal. Margunn Hillestad har overteke som stableiar og held fram som fagansvarleg lønn/personal.

Oppgåver og utfordringar

Administrasjonen har ansvar for sakshandsaming mot folkevalde organ. Det er også her ein har ansvar for å følgja opp råda-, formannskapets- og kommunestyret sine vedtak. Kommunens informasjons- og kommunikasjonsarbeid er eit stort og viktig område. Med knappe ressursar er det utfordrande å vere offensive inn mot prioritering av saker og prosessar.

Digitalisering er eit område som skal ha stor merksemd. Digitaliseringsfokus blir jobba med heile tida, og i 2022 har ein intensivert arbeidet med å få på plass personalmeldingar, elektroniske timelister, utvida bruk av elektroniske reiserekningar mm. Digitalisering har vore ein del av OU-prosessen med mål om å effektivisere arbeidsprosessar og betre kvaliteten for innbyggjarane.

Kommunen er gjennom statlege føringer pålagt å utvikle digitale innbyggjartenester, og innbyggjarane skal sikrast eit tilfredsstillande personvern. Digitaliseringsarbeidet skal sikre at våre overordna mål ligg til grunn for utviklinga, samt at vår innsats på desse områda har eit godt nok framtidsperspektiv som både individuelt og samla trekk i den retninga vi ønskjer.

Det er eit mål at investeringar som vert gjort på digitaliseringsområdet skal medføre reduserte driftskostnader på sikt, slik at desse i størst mogleg grad blir finansierar seg sjølve. På same tid er det viktig å vere merksam på at it er ein integrert del av tenesteproduksjonen, og at ingen tenester eller medarbeidarar i Luster kommune kan løyse oppgåvene sine utan nødvendig it-utstyr eller programvare. For å sikre tilfredsstillande funksjonalitet og måten systema samhandlar med kvarandre på, vert det eit krav om kontinuerleg vidareutvikling og i visse tilfelle utskifting av system.

Digitalisering handlar også om arbeidsprosessar og nye måtar å jobbe og levere tenester på. Luster kommune held på med å digitalisere søknadsskjema som verktøy i utforminga av nye tenester. Effektivisering ved hjelp av teknologi er utfordrande og ressurskrevjande for dei tenestene det gjeld.

Fasttelefoniløsing er utfasa, og fornying og innføring av mobiltelefoner er på det nærmaste fullført. Dette skal hjelpe oss i å kople fleire digitale løysingar saman. I 2023 skal ein få på plass ny telefonsentralløysing

Kommunikasjon og driftsstøtte som handterer dei administrative fellestjenestene følgjer opp overordna mål- og strategiar og satsingsområder i heile kommunen, og bidreg inn mot andre tenesteområde. Leiarstøtte og samarbeid med og vernetenesta står også sentralt for denne stabseininga.

Kommunikasjon og IKT

Medlemskap i SySIKT har gitt god kontroll på drifta av IKT. For å halde den rauden tråden og følgje opp kommunen sine oppgåver er det oppretta ei ny avdeling som heiter Kommunikasjon. Avdelinga erstattar deler av det gamle Servicetorget og vil arbeide med den eksterne og interne kommunikasjonen, digitaliseringa og den lokale IKT-delen.

Det er stort fokus på det viktige med sikkerheit og personvern. Ny sikkerheitsansvarleg vil i 2023 kartlegge og få oversikt over tiltak som Luster bør gjennomføre. Me har behov for å auke den lokale kunnskapen for å møte framtidas utfordringar, difor vil det verte prioritert kurs og opplæring om desse tema.

I 2023 skal me få utarbeida ein digitaliseringsstrategi og ei profilhandbok for Luster kommune. Desse dokumenta vil gi føringer for korleis kommunikasjonsavdelinga skal jobbe og kva ein skal prioritere.

I samarbeidet med SySIKT er me med på det som skjer der, både av utskifting av program og oppgraderingar. I 2022 er me komne i gang med innfasing av Teams, andelen av digitale møter aukar, sjølv om Korona er mindre rådande. Der er/vert innført nytt legeprogram og fleire på vent. I 2023 ligg det an til nytt/fornya kvalitetssystem – og gjennom det betre grunnlag for å følgje opp internkontroll. Nye krav kjem stadig til kommunane, frå 1. februar 2023 skal alle kommunar ha ei tilgjengeleightserklæring for å sikre at heimeside og kommunikasjon er tilgjengeleg for alle. Digitaliseringa sparar ressursar men samtidig føl det mykje krav som me må følgje opp.

I 2023 skal me få utarbeida ein digitaliseringsstrategi og ei profilhandbok for Luster kommune. Desse dokumenta vil gi føringer for korleis kommunikasjonsavdelinga skal jobbe og kva ein skal prioritere.

Arkiv.

For 2023 planlegg arkivet å ferdigstilla dei digitaliserings- og effektiviseringstiltaka som er starta i 2022. Me skal vidare førebu rydding og deponering av historisk papirarkiv til Kommunearkivordninga i Vestland. Nytt arkivdepot på Leikanger er planlagt ferdig i 2024, og Kommunearkivordninga kan starta ta i mot papirarkiv frå kommunen då.

Arbeidspraksis for ungdom.

Det er eit mål å gje tilbod også i år om sommararbeidsplassar (arbeidspraksis) for skuleelevar mellom 16 og 17 år innafor områda teknisk drift, helse og omsorg, barnehage og sentralkjøken etter behov. Det vert og prøvd ut eit opplegg der ungdom også utanom sommarferien får tilbod om arbeidspraksis.

Stor lærlingeaktivitet skal vidareførast, jf avtale.

Økonomi:

Endring i bemanning og organisering av stabsavdelinga er gjennomført. Liv Janne Steig har overteke som økonomisjef.

Forvaltning av lokal eigedomsskatt er ute.

Større omlegging av Framsikt, jf anna omtale. Samarbeid med SYS-kommunane om vidare utvikling av Framsikt. Fullføre og vidareutvikle omlegging til ansvarsmodell.

Innkjøp.

Innkjøpssamarbeid med fagleg assistanse frå Kinn kommune er oppe og går på ein god måte. Har sertifisert eigen medarbeidar og det er ein medarbeidar til som skal gjennomføre det i 2023.

Endringar i finansforvaltning

Fri tilgjengeleg kapital vert vurdert til 150 mill. Kapital plassert i aksjefond vert etter nærmere fagleg vurdering replassert med fokus på «grøn og fornybar» investering.

Finansreglement er fornya /k-vedtak; om lag noverande plasseringsstrategi / %-nivå på fondsplassering og forenkling med det me treng ha med i reglementet. Innbetaling av lån/reduksjon av lånegjeld vert ikkje gjennomført, men auka avdragsprofil vert vurdert i budsjettarbeidet. Strategien med å ligge i spotmarknaden, på ev ikkje nytt konsesjonskraft i kommunale avtalar, med straum vert vidareført. Stor/dominerande del flytande rente vert vidareført.

Delegeringsreglement

Gjennomgang og ajourføring av administrativt delegeringsreglement må prioriterast i 2023, jf OU med revidert modell frå 01.01.23.

Bemanning, rekruttering og kompetanseutvikling

Bemanning framstår som meir og meir krevjande. Det er faktisk grunn til uro og kommunen må i 2023 gå tyngre inn i desse utfordringane og drøfte strategiar og tiltak. Turnover er relativ stor og vesentleg grunna i overgang til pensjon. På fleire område manglar det hender og me kan og i enkelte høve stå utan ynskt kompetanse. Vikarsituasjonen er tidvis kritisk.

Utviklingsarbeid for analyse og handlingsplan inkl å sjå på ev forbetra tiltak/vilkår for kompetanseutvikling av eigne tilsette.

Arbeid m/rekrutterings og kompetanseutviklings-plan.

Arbeide aktivt for å få kvalifisert helsepersonell/omsorgspersonell.

Delta i det regionale arbeidet for rekruttering til regionen.

Det er avsett fondsmidlar for å følgja opp området; regionale tiltak, rekrutteringstiltak, studiestøtte m.fl.....

Oppfølging av kommunale vedtak

Stabseininga skal gje ut to nummer av Lustranytt og vidareutvikle informasjonstenesta i digitale kanalar.

I ØP-perioden er dette sentralt:

Ein held fram med heilskapleg omstillingssarbeid i stabseininga kommunikasjon og driftsstøtte der kompetansedeling og arbeid på tvers av faggrensene blir vidareført. Vidare vil ein forsøke å legge til rette for gjennomgang av arbeidsprosessar med tanke på digital utvikling:

- For at digitalt førsteval skulle bli mogleg for alle innbyggjarar så har kommunen prioritert breibandsutbygging og slik fått god fiberdekning i nær sagt heile kommunen

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

- I økonomiplanperioden 2023-2026 vil ein legge enda betre til rette for god styring av kommunen si verksemd, herunder internkontroll og kvalitetsarbeid
- Å vidareutvikle det digitale styringssystemet Framsikt blir ein viktig faktor med omsyn til å etablere gode rutinar for arbeidet med analyse, økonomiplan og budsjett samt rapportering.
- Driftssamarbeid med SySIKT og delta i DigiVestland for drift og utvikling av IKT-området.
- Digitalisering av personalarkiv.
- Fullføre arbeidet med retningslinene for personvern og GDPR
- Arbeide med å betre internkontrollen og retningsliner for dette
- Innføring av nytt kvalitetssystem

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 18 341 | 15 629 | 16 885 | 16 885 | 16 885 | 16 885 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 11 186 | 10 154 | 9 873 | 9 123 | 9 123 | 9 123 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 13 673 | 13 566 | 2 550 | 2 870 | 2 870 | 2 870 |
| Overføringsutgifter | 1 759 | 740 | 670 | 670 | 670 | 670 |
| Finansutgifter | 1 455 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 46 414 | 40 089 | 29 978 | 29 548 | 29 548 | 29 548 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -863 | -901 | -798 | -798 | -798 | -798 |
| Refusjoner | -4 932 | -2 563 | -300 | -300 | -300 | -300 |
| Overføringsinntekter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 210 | -110 | -800 | -50 | -50 | -50 |
| Sum Driftsinntekter | -9 005 | -3 574 | -1 898 | -1 148 | -1 148 | -1 148 |
| Sum | 37 409 | 36 515 | 28 080 | 28 400 | 28 400 | 28 400 |

Politikk

Skildring av verksemda i dag

Politisk styringsmodell vart etablert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommunestyre-representantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10. Gjeldande modell vart stadfesta sist i vedtak i k.sak 49/21. (dette som diverse tilpassingar ny kommunelov.) Det vart då gjennomført eit arbeid som såg på politisk organisering og det er vedteke org.kart, små tilpassingar, og reviderte reglement for dei politiske organa. I 2021 vart det vedteke lokal forskrift for godtgjersler som regulerer vilkår for folkevalde. Det er der kopling til lønn stortingsrepresentant.

Den politiske organisering består av følgjande organ:

- Kommunestyret
- Formannskapet/Næringsutvalet - supplert med repr frå Frp, Krf og V i budsjett og økonomiplanarbeidet.
- Plan og forvaltningsutvalet
- Mellombelse utval
- Kontrollutvalet
- Råda.....

Tenestene vert fordelt på kostrafunksjon 100 Politisk styring.

Sentrale oppgåver:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdss prosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Legge til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafor gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Regionale tiltak:

- Drøfte og følgje opp satsingar i regionalplanen til Sogn Regionråd.
- Utvida regionalt politisk engasjement med etablering av Sognatinget, forum for formannskapa i Sogn regionråd.
- Vidare drøfting av samarbeid og avtalar.

Oppfølging av kommunale vedtak:

- Gjennomføre temaøkter for kommunestyret; KS-debatt hefte, KPA ...
- Arbeide vidare med heiltidskultur.

- Utvikling av Kommune TV og politisk møteportal i samband med nytt sak/arkivsystem; Acos websak
- Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak å oppretta ein tilgjengepris for einskildpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar som har gjort ein særleg innsats for å betre tilgangen for alle med universell utforming (UU) av bygg eller uteområde i lokalsamfunnet. Påskjønning er markering med diplom og blomst.*
- for personar med funksjonsnedsetting» står for tildeling og markering av «Tilgjengepris».*

«Rådet

Særskilde driftstiltak:

- Handsamer saker frå styret i Lustrabadet KF og gjennomføre årleg val til styret i føretaket. Formannskapet er valnemnd.
- Gjennomføring val av kommunestyre- og fylkestinget den 11. september.
- Valgjennomføring med 3 valkrinsar på valldagen.
- Konstituere nytt kommunestyre og velje styre, råd og utval, og opplæring av nye folkevalde.
- Gjennomføre medverknadsprosess på kommuneplanen sin arealdel og utarbeide grunnlagsdokument for høyring. Endeleg vedtak på arealdelen i 2024.
- Fullføre innføring av Framsikt-verktøyet og vidareutvikle bruken av Framsikt for folkevalde
- Følgje opp forvaltningsrevisjon for 2020-24 i samarbeid med kontrollutvalet
- Synleggjere politiske aktivitet for innbyggjarane ved å streame kommunestyre- og formannskapsmøta via kommune-tv

Driftsbudsjet

Fordeling på hovedart

| | Beløp i 1000 | | | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------------|--------------|--------------|--------------|
| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 7 128 | 6 811 | 3 146 | 2 842 | 3 146 | 2 843 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 065 | 1 370 | 1 106 | 956 | 756 | 756 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 40 | 76 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsutgifter | 753 | 826 | 391 | 391 | 391 | 391 |
| Finansutgifter | 201 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 9 186 | 9 083 | 4 643 | 4 189 | 4 293 | 3 990 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -135 | -204 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjoner | -554 | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | -689 | -205 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 8 498 | 8 878 | 4 643 | 4 189 | 4 293 | 3 990 |

Oppvekst og kultur

Skildring av verksemda i dag

I samband med organisasjonsutviklingstiltak Rådhuset/sentraladministrasjon og omlegging av Budsjett/Øp i Framsikt er tidligare kommunalsjefsområde Oppvekst utvida. Vesentlege delar av kulturavdeling, barn- og ungetiltak, og folkehelsearbeidet er lagt til område. Kommunen sitt kontaktpunkt til Sogn Barnevern er også lagt hit. Nærare omtale av det utvida ansvarsområde; Oppvekst og Kultur finn ein i Underkapittel.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 152 619 | 143 478 | 165 710 | 164 415 | 164 415 | 164 415 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 17 098 | 19 571 | 16 986 | 16 586 | 16 586 | 16 586 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 10 886 | 11 925 | 24 047 | 24 047 | 24 047 | 24 047 |
| Overføringsutgifter | 14 161 | 11 662 | 14 342 | 13 942 | 13 942 | 13 942 |
| Finansutgifter | 2 132 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 196 896 | 186 636 | 221 086 | 218 991 | 218 991 | 218 991 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -12 489 | -14 077 | -13 285 | -13 585 | -13 585 | -13 585 |
| Refusjoner | -20 832 | -2 778 | -10 856 | -10 856 | -10 856 | -10 856 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 363 | -620 | -3 186 | -2 786 | -2 786 | -2 786 |
| Sum Driftsinntekter | -34 684 | -17 475 | -27 326 | -27 226 | -27 226 | -27 226 |
| Sum | 162 212 | 169 161 | 193 760 | 191 765 | 191 765 | 191 765 |

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|-----------|----------|-------------|--------|--------|--------|
| | | | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
| Oppvekst | | | | | | |
| | 844 | 1 042 | 1 100 | 1 100 | 1 100 | 1 100 |
| Barnehagane fellesutgifter | 1 461 | 1 955 | 1 999 | 1 909 | 1 909 | 1 909 |
| Gaupne barnehage | 13 290 | 13 057 | 15 630 | 13 970 | 13 970 | 13 970 |
| Hafslo barnehage | 6 006 | 5 875 | 6 377 | 6 377 | 6 377 | 6 377 |
| Luster oppvekstsenter, avd. barnehage | 3 453 | 4 185 | 4 747 | 4 747 | 4 747 | 4 747 |
| Gamlestova barnehage | 8 156 | 7 991 | 8 256 | 8 256 | 8 256 | 8 256 |
| Jostedal oppvekstsenter, avd. barnehage | 2 333 | 2 418 | 2 266 | 2 266 | 2 266 | 2 266 |
| Veitastrand oppvekstsenter avd. barnehage | 1 913 | 1 975 | 2 361 | 2 361 | 2 361 | 2 361 |
| Solvorn oppvekstsenter, avd. barnehage | 1 828 | 2 114 | 2 439 | 2 439 | 2 439 | 2 439 |
| Skjolden oppvekstsenter, avd. barnehage | 1 702 | 1 920 | 2 319 | 2 319 | 2 319 | 2 319 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter, avd. barnehage | 3 357 | 3 730 | 4 252 | 4 252 | 4 252 | 4 252 |
| Ped.psyk.rådgj.teneste (ppr) | 1 800 | 2 315 | 2 567 | 2 722 | 2 722 | 2 722 |
| Skulane fellesutgifter | 3 183 | 5 084 | 4 574 | 4 574 | 4 574 | 4 574 |
| Luster ungdomsskule | 18 191 | 17 537 | 18 289 | 18 289 | 18 289 | 18 289 |
| Hafslo barne- og ungdomsskule | 24 859 | 25 391 | 26 712 | 26 712 | 26 712 | 26 712 |
| Gaupne skule | 13 338 | 14 094 | 16 289 | 16 289 | 16 289 | 16 289 |
| Luster oppvekstsenter, avd. skule | 5 829 | 5 356 | 5 628 | 5 628 | 5 628 | 5 628 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter, avd. skule | 6 055 | 6 336 | 7 119 | 7 119 | 7 119 | 7 119 |
| Jostedal oppvekstsenter, avd. skule | 3 740 | 3 302 | 3 389 | 3 389 | 3 389 | 3 389 |

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

| Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | | |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
| Skjolden oppvekstsenter, avd. skule | 4 571 | 4 588 | 5 332 | 5 332 | 5 332 | 5 332 |
| Solvorn oppvekstsenter, avd. skule | 2 904 | 3 016 | 3 170 | 3 170 | 3 170 | 3 170 |
| Veitastrand oppvekstsenter avd. skule | 2 149 | 2 451 | 2 673 | 2 673 | 2 673 | 2 673 |
| Styrka tilbod barnehage | 4 353 | 3 974 | 3 834 | 3 834 | 3 834 | 3 834 |
| Vaksenopplæring | 108 | 245 | 257 | 257 | 257 | 257 |
| Sfo fellesutgifter | 45 | 160 | 322 | 322 | 322 | 322 |
| Sfo Hafslo | 838 | 691 | 1 301 | 1 301 | 1 301 | 1 301 |
| Sfo Gaupne | 522 | 637 | 1 092 | 1 092 | 1 092 | 1 092 |
| Luster oppvekstsenter, avd. sfo | 378 | 195 | 299 | 299 | 299 | 299 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter, avd. sfo | 467 | 518 | 638 | 638 | 638 | 638 |
| Jostedal oppvekstsenter, avd. sfo | 327 | 361 | 453 | 453 | 453 | 453 |
| Skjolden oppvekstsenter, avd. sfo | 274 | 256 | 170 | 170 | 170 | 170 |
| Solvorn oppvekstsenter, avd. sfo | 154 | 156 | 164 | 164 | 164 | 164 |
| SFO Veitastrand | 0 | 0 | 114 | 114 | 114 | 114 |
| Gaupne barnehage bygg | 379 | 280 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hafslo barnehage bygg | 110 | 134 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Luster oppvekstsenter, avd. barnehage bygg | 65 | 67 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gamlestova barnehage bygg | 245 | 211 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Jostedal oppvekstsenter, avd. barnehage bygg | 51 | 58 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Veitastrand barnehage bygg | 17 | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Solvorn oppvekstsenter, avd. barnehage bygg | 41 | 23 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skjolden oppvekstsenter, avd. barnehage bygg | 50 | 59 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter, avd. barnehage bygg | 59 | 65 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Luster ungdomsskule bygg | 542 | 486 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hafslo barne- og undomsskule bygg | 790 | 789 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gaupne skule bygg | 271 | 260 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Luster oppvekstsenter, avd. skule bygg | 252 | 219 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter, avd. skule bygg | 127 | 132 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Jostedal oppvekstsenter, avd. skule bygg | 157 | 177 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skjolden oppvekstsenter, avd. skule bygg | 134 | 168 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Solvorn oppvekstsenter, avd. skule bygg | 72 | 98 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Veitastrand skule bygg | 140 | 117 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skuleskyss | 2 057 | 2 059 | 2 193 | 2 193 | 2 193 | 2 193 |
| Tilskot til kulturtiltak | 316 | 475 | 625 | 475 | 475 | 475 |
| Folkehelsearbeid | 0 | 0 | 2 079 | 2 079 | 2 079 | 2 079 |
| Barnevern kontoreneste | 0 | 0 | 4 280 | 4 280 | 4 280 | 4 280 |
| Barneverntiltak i familien | 0 | 0 | 969 | 969 | 969 | 969 |
| Barnev.tiltak utanfor heimen | 0 | 0 | 6 300 | 6 300 | 6 300 | 6 300 |
| Kulturminnevern | 169 | 117 | 117 | 117 | 117 | 117 |
| Folkebiblioteket | 2 190 | 2 142 | 2 289 | 2 289 | 2 289 | 2 289 |
| Skulebibliotek | 326 | 414 | 525 | 525 | 525 | 525 |
| Gaupne skulebibliotek | 70 | 63 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Museum | 266 | 279 | 297 | 297 | 297 | 297 |
| Kunst,kunstform.,kunstsamling | 304 | 44 | 47 | 47 | 47 | 47 |
| Anlegg idrett/friluftsliv | 511 | 531 | 538 | 538 | 538 | 538 |
| Sogn skisenter | 925 | 952 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Lustrahallen | 211 | 360 | 389 | 389 | 389 | 389 |
| Lustrabadet | 2 300 | 2 300 | 2 350 | 2 200 | 2 200 | 2 200 |
| Jostedal samfunnshus | 394 | 423 | 461 | 461 | 461 | 461 |
| Musikk- og kulturskule | 2 499 | 3 044 | 3 186 | 3 186 | 3 186 | 3 186 |
| Kulturkontor | 38 | 950 | 1 113 | 1 113 | 1 113 | 1 113 |
| Kulturvern | 58 | 87 | 75 | 75 | 75 | 75 |
| Bygdebok for Luster | -121 | -107 | 10 | -90 | -90 | -90 |
| Prosjektretta kulturtiltak | 206 | 221 | 227 | 227 | 227 | 227 |
| Kultursamarbeid | -206 | 148 | 156 | 156 | 156 | 156 |
| Frivilligsentralen | 274 | 700 | 266 | 266 | 266 | 266 |
| Ungdommens kommunestyre | 73 | 189 | 209 | 209 | 209 | 209 |
| Fjordstova | 884 | 909 | 929 | 929 | 929 | 929 |
| Grandmo lagshus | -44 | -139 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskot kyrkjeleg fellesråd | 6 555 | 6 700 | 6 997 | 6 997 | 6 997 | 6 997 |
| Sum | 162 212 | 169 161 | 193 760 | 191 765 | 191 765 | 191 765 |

Måltabell

| Hovudmål | Delmål |
|--|---|
| Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslle | Barn og unge får god rettleiing i å meistre livet |
| Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskapskap og fremjar psykisk helse | Barn og unge er fysisk aktive og har god helse |
| | Styrka identitetskjensle og samhøyrs mellom innbyggjarane i kommunen |
| Samordna tenester for alle barn og unge som gjev trygge og gode oppvekstvilkår | Godt og inkluderande barnehage- og grunnskuletilbod med høg fagleg kvalitet |
| | Gode, samordna og førebyggjande tenester med fokus på tidleg innsats for barn og unge og foreldrerettleiing |

Grunnskule

Skildring av verksemda i dag

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanverket Kunnskapsløftet, revidert og gjeldande frå august 2020. Det er ni grunnskular i Luster. Det er seks oppvekstsenter med barneskule 1.-7. trinn i krinsane Indre Hafslo, Jostedal, Luster, Skjolden, Solvorn og Veitastrond. Det er kombinert barne- og ungdomsskule på Hafslo, barneskule og ungdomsskule i Gaupne. Kvar skule og kvart oppvekstsenter er sjølvstendige tenesteeiningar. Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av tenesteeiningane.

Tenestene vert fordelte på følgjande kostrafunksjonar:

- 202 Grunnskule
- 213 Vaksenopplæring
- 215 Skulefritidsordning (SFO)
- 222 Skulelokalar
- 223 Skuleskyss

Særskilt i 2023

Oppfølging av kommunale vedtak

- Greia ut kommunale skulemåltid nærmare når det gjeld både omfang, hyppigheit, type og kostnad
- Greia ut eit framlegg til prøveprosjekt på "lekser som øving og førebuing" med vekt på tidlegare prosjekt som har vore gjennomført på Luster ungdomsskule
- Kommunal plan for spesialundervisning skal leggjast fram våren 2023, jf. oppfølging av forvaltningsrevisjon frå kontrollutvalet om spesialundervisning og tidleg innsats
- Brukarspørjing SFO og auka moderasjon for søskjen, inkl moderasjonsordning på tvers mellom barnehage og SFO.

Oppfølging av nasjonale føringer

- Innføring av nytt læreplanverk - Kunnskapsløftet 2020 - frå og med 1. august 2020
- Innføring av nasjonal rammeplan for SFO frå og med 1. august 2022
- Redusert foreldrebetaling i SFO for barn på 1. og 2. trinn frå låginntektsfamiliar, gratis SFO 12 timer i veka for elevar på 1. trinn og gratis SFO for barn på 5.-7. trinn med behov for særskilt tilrettelegging. Dei to sistnemnde ordninga gjeld frå 1. august 2022. Gratis SFO 12 timer i veka for elevar på 2.trinn frå 01.08.23.

Utviklingsarbeid

Kunnskapsløftet 2020

1. august 2020 trådde det nye læreplanverket for grunnskulen og vidaregåande opplæring, **Kunnskapsløftet 2020 (LK-20)**, i kraft. Arbeidet med innføring av det nye læreplanverket held fram for grunnskulane i Luster i 2023. Sentrale element i LK-20 er:

- Ny overordna del med verdiar og prinsipp for grunnopplæringa
- Nye læreplanar for alle fag og ny struktur i læreplanane
- Vektlegging av ei aktiv elevrolle og at opplæringa skal ha relevans, av djupnelæring og kritisk tenkning
- Innføring av tre tverrfaglege tema: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring
- Revidert kompetanseomgrep
- Programmering, algoritmisk teknologi er løfta fram i fleire fag

STEAM

I perioden 2019-2022 deltok Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule i Easmus+prosjektet **STEAMing**. **STEAM** står for **S**cience, **T**echnology, **EA**rt, **M**ath.

Vektlegginga i det nye læreplanverket av den aktive eleven, utforsking, praktiske arbeidsmåtar, programmering og teknologi passa godt med dette prosjektet. Satsinga på **STEAM** lokalt i Luster held fram, mellom anna i form av fagnettverk og erfaringsdeling mellom skulane. Det vert også planlagt hospitering på irske skular våren 2023, støtta av tilskotsmidlar frå DIKU - Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning.

Kompetanseutvikling psykisk helse i grunnskulen

Alle skulane i Luster deltok våren 2022 på sertifiseringskurs i COS (Circle of Security), ein tilknytingsmodell med vektlegging av relasjonar og det å skapa tryggleik i møtet mellom barn og vaksne. Kursinga er finansiert av tilskotsmidlar frå Utdanningsdirektoratet gjennom ordninga kompetanseutvikling i psykisk helse i grunnskulen. Arbeidet med COS og relasjonar vil vera eit fellestiltak for skulane i Luster i 2023.

Livsmeistring: robuste barn og unge

“Livsmeistring – Robuste barn og unge” er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at ungane som bur her, skal få like moglegeheit til å utvikla ei god og robust psykisk helse. Dette er eit femårigt prosjekt, og vektlegginga i 2023 vil vera etablering av tiltak og pilotforsøk i skulane.

Desentralisert kompetanseutvikling

Solvorn oppvekstsenter vart i 2022 prioriterte til å delta i den statlege ordninga med desentralisert kompetanseheving, DeKom. Samarbeidspartner i prosjektet er HVL, og prosjektet strekk seg over 3-4 semester frå og med hausten 2022. Gaupne skule og Luster oppvekstsenter vart prioriterte i ordninga i 2021 og vil avslutta prosjekta sine i 2023.

Lærarutdanningsskule

I 2020 vart Hafslo barne- og ungdomsskule valt ut som ein av to lærarutdanningsskular i Sogn og Fjordane. Prosjektperioden varar til 2024 og inneber eit tettare samarbeid med HVL både som forskingsinstitusjon og som lærarutdanningsinstitusjon.

Lektor II-ordninga

Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule er 2022/23 med på Lektor II-ordninga, administrert av Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo.

Den teknologiske skulesekken

Gjennom tilskotsordninga **Den teknologiske skulesekken** har kommunen i 2022/23 fått kr 170 171,- i støtte til innkjøp av utstyr til programmering på barne- og ungdomssteget. Mellom anna er det kjøpt inn utstyr som gjer at skulane kan delta i konkurransen First Lego League.

Kommunale fagnettverk

Tilknytt Oppvekst er det tilsett **kommunal ressurslærar i begynnarpoplæring** (20 % stilling). Hovudoppgåvane er rettleiing og fagsamtalar for lærarar på 1.-4. trinn. I tillegg har ressurslærar ansvar for kommunale fagnettverk i språk, rekning, engelsk og begynnarpoplæring skuleåret 2022/23. Ressurslærar koordinerer også samlingar for nyutdanna lærarar i Luster der også HVL bidreg fagleg. Luster kommune mottek økonomisk støtte frå Utdanningsdirektoratet for rettleiing og oppfølging av nyutdanna lærarar.

I tillegg til kommunal ressurslærar i begynnarpoplæring, er det også tilsett **20 % kommunal ressurslærar i IKT** under Oppvekst. Stillinga er særleg retta inn mot pedagogisk utvikling og bruk av IKT i undervisninga. Ressurslærar er ansvarleg for det kommunale fagnettverket for IKT-pedagogar og bidreg elles med rettleiing inn mot dei einskilde skulane. Ressurslærar er også pådrivar i arbeidet med ein communal fagplan for programmering i grunnskulen.

SFO

SFO har fått sin aller første nasjonale rammeplan gjeldande frå august 2021. I Luster har samarbeidet med STYD kommunikasjon for barnehage vorte utvida med SFO, og då særleg det fysiske leikemiljøet og tilrettelegging for leik. Dette fokuset held fram i 2023. Våren 2023 skal det utarbeidast ein communal plan for SFO i Luster kommune.

Regionalt samarbeid

Nytt regionalt utviklingsprogram som framhald av «**System for styrka læring**», gjeldande frå 2022. Satsinga inneber deltaking på regionale fagdagar og medverknad i ulike fagnettverk. Kompetanseregion Sogn samarbeider også om ordninga **kompetanseløft for spesialundervisning og inkluderande praksis**, også i form av fagdagar og fagnettverk.

Særskilde driftstiltak

- Ein klasse meir ved Skjolden oppvekstsenter skuleåret 2023/24, dvs. tredeling etter dei gamle klassedelingsreglane.
- Tidleg innsats i grunnskulen. Dette bør sjåast i samanheng med krava om lærartettleik og intensiv opplæring på 1.-4. trinn. Det er Gaupne skule og Hafslo barne- og ungdomsskule som ligg tettast på grensa for lærarnorma på 1.-4 trinn.
- Kontinuerleg arbeid med innføringa av nytt læreplanverk, Fagfornyinga, gjeldande frå august 2020. Styrking av innkjøp nye læreverk kr 300 000 i 2023.
- Sommarskule 2023. Framhald av satsing på realfagleg sommarkurs .

Særskilde utgreiingsarbeid

- Kommunal plan for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid skal vedtakast av kommunestyret, jf. ny lov om barnevern gjeldande frå januar 2022. Oppvekst vil vera sentral i utarbeidinga av denne planen.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 113 374 | 106 609 | 96 726 | 96 881 | 96 881 | 96 881 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 12 530 | 13 759 | 10 011 | 9 711 | 9 711 | 9 711 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 634 | 6 304 | 5 278 | 5 278 | 5 278 | 5 278 |
| Overføringsutgifter | 2 186 | 86 | -207 | -207 | -207 | -207 |
| Finansutgifter | 1 363 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 135 088 | 126 758 | 111 808 | 111 663 | 111 663 | 111 663 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -5 059 | -5 492 | -2 173 | -2 173 | -2 173 | -2 173 |
| Refusjoner | -15 633 | -2 461 | -5 450 | -5 450 | -5 450 | -5 450 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -497 | 0 | -332 | -32 | -32 | -32 |
| Sum Driftsinntekter | -21 190 | -7 953 | -7 955 | -7 655 | -7 655 | -7 655 |
| Sum | 113 898 | 118 805 | 103 853 | 104 008 | 104 008 | 104 008 |

Barnehage

Skildring av verksemda i dag

Luster kommune har ni kommunale barnehagar. Det er ein barnehage i Gaupne, to barnehagar på Hafslo, Gamlestova og Hafslo barnehage, og seks barnehagar knytt til dei ulike oppvekstsentrer; Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo, Solvorn og Veitastrond. Dei tre reine barnehagane er sjølvstendige tenesteeiningar der ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene vert fordelt på følgjande funksjonar:

- 201 Barnehage
- 211 Styrka tilbod til førskuleborn
- 221 Barnehagelokalar og skyss

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#) (frå side 84).

Pr. 15.11.22 har 296 barn barnehageplass i Luster kommune. Barnehageåret 2022/23 har Lustrabarnehagane ein personalressurs på 75,7 årsverk innan ordinær drift og 6 årsverk innan spesialpedagogisk hjelp, 1,6 årsverk vert nytta til tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 37, og 1,1 årsverk er generelle styrkingstiltak. Samla årsverk i barnehagesektoren er 84,42 årsverk. Barnehageåret 2022/23 er ein sjette avdeling i drift ved Gaupne barnehage, det er sett i gong eit pilotprosjekt i Gaupne med auka grunnbemanning og ved Luster oppvekstsenter er det etablert ei mellombels tredje avdeling.

Barnehageplassar

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen har også suppleringsopptak med oppstart frå 1. januar. Dei seinare åra har det vore solide søkerkartal i alle barnehagar.

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.2022:

| Barnehage | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|--------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Gamlestova | 66 | 66 | 66 | 66 | 66 |
| Gaupne | 117 | 119 | 116 | 118 | 119 |
| Hafslo | 49 | 48 | 48 | 48 | 49 |
| Indre Hafslo | 36 | 35 | 36 | 36 | 36 |
| Jostedal | 18 | 18 | 16 | 18 | 18 |
| Luster | 47 | 47 | 46 | 45 | 46 |
| Skjolden | 20 | 17 | 17 | 18 | 18 |
| Solvorn | 18 | 17 | 17 | 15 | 17 |
| Veitastrond | 15 | 15 | 15 | 15 | 13 |
| Sum | 386 | 382 | 377 | 379 | 382 |

Tal barn i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.2022:

| Barnehage | Barn |
|--------------|------------|
| Gamlestova | 48 |
| Gaupne | 91 |
| Hafslo | 40 |
| Indre Hafslo | 29 |
| Jostedal | 15 |
| Luster | 32 |
| Skjolden | 15 |
| Solvorn | 14 |
| Veitastrond | 12 |
| Sum | 296 |

Pedagogisk psykologisk rettleiringsteneste (PPT)

Luster kommune har felles PP-teneste med kommunane Sogndal, Aurland og Vik. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Frå hausten 2017 er det også inngått samarbeidsavtale mellom dei same kommunane om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT.

Særskilt i 2023

Oppfølging av kommunale vedtak

- Gjennomføring av suppleringsopptak i januar 2023.
- Auka grunnbemanning: Luster kommune gjennomfører eit pilotprosjekt for å testa auka grunnbemanning i barnehagen. Pilotprosjektet vert gjennomført barnehageåret 2022/23 i Gaupne barnehage med påfølgjande evaluering. Prosjektet skal ha fokus på å styrka tidleg innsats og redusera sjukefråværet. Det er ein føresetnad at vikarar ikkje skal kallast inn før ein er under minstenivå på grunnbemanning. Eventuelt langtidsfråvær må kompenserast for å sjå effekten av prosjektet. Evalueringa skal belyse økonomien knytt til auka bemanning samt andre effektar av å ha fleire fast ansatte på jobb. Vedteke i kommunestyret 16.12.21. Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak 15.12.22. å utvida prosjektet til heile 2023 for å få ein lengre periode som grunnlag for evaluering.
- Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak utvida moderasjonsordning søsken på tvers mellom Barnehage og SFO. (jf gebyrliste)

Oppfølging av nasjonale føringer

- Luster stettar bemanningsnorm og nye nasjonale krav om pedagognorm i barnehagane.
- Luster følgjer nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling for barnehageplass og gratis kjernetid til 2-, 3-, 4- og 5-åringer. Ingen hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er også avgrensa av nasjonal maksimalpris.
- Regjeringa legg opp til redusert maksimalpris for foreldrebetaling i barnehagen gjeldande frå januar 2023. Regjeringa foreslår òg at foreldre får gratis plass frå og med det tredje barnet for dei som har fleire barn i barnehagen på same tid. - *forslaga vert innarbeidd i dei kommunale betalingssatsane*.
- Ny barnehagelov innført frå 1. januar 2021. Barnehagane får ei aktivitetsplikt som skal sikra alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Ny barnevernlov gjeldande frå januar 2022 inneholder krav om at kommunen skal ha ein plan for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Barnehagesektoren vil vera ein naturleg del i dette interne arbeidet.

Utviklingsarbeid

Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø

Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø har vore overbygninga og den raude tråden i utviklingsarbeidet i barnehagane sidan 2017, og denne tematikken vil også vera hovudfokus i inneverande kommunestyreperiode.

Saman med helsestasjonen har barnehagane i Luster sidan 2017 delteke i eit kompetansehevande prosjekt om **COS-modellen** (tryggleikssirkelen), ein tilknytingsmodell om korleis barn knyter seg til vaksne. Til no er 19 tilsette frå ulike barnehagar vorten sertifiserte til å kunne ha rådgjevingskurs for foreldre saman med helsesjukepleiar. Kursa er eit lågterskeltilbod for føresette, og prosjektet er støtta økonomisk av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Våren 2019 innleidde Oppvekst eit samarbeid med STYD kommunikasjon ved Line Melvold om **Psykisk helsefremjande barnehagar**.

I 2023 held arbeidet med psykisk helsefremjande barnehagar, inkluderande barnehagemiljø og trygge barn fram som hovudsatsinga for barnehagane i Luster.

I 2022 vart Solvorn oppvekstsenter avdeling barnehage og Gamlestova barnehage prioriterte til å delta i regional kompetanseheving i eit samarbeid med HVL. Ordninga er finansiert gjennom statlege midlar administrert av Statsforvaltaren. Dette arbeidet vil halda fram i 2023. Frå før er Luster oppvekstsenter avdeling barnehage med i same ordning.

Kommunale fagnettverk og rettleiing for nyutdanna barnehagelærarar

Oppvekst koordinerer to kommunale fagnettverk for barnehagane i Luster barnehageåret 2022/23; spesialpedagogisk hjelpe og barnehagemiljø inkludert COS (Circle of Security). I tillegg er det frå hausten 2022 etablert eit tilbod om rettleiing for nyutdanna og nye barnehagelærarar i form av fire fagsamlingar i løpet av barnehageåret. Høgskulen på Vestlandet vert også trekt med i dette arbeidet gjennom prosjektet "Ny i Vestland".

Særskilde utgreiingsarbeid

- Evaluering av pilotprosjekt auka grunnbemanning i Gaupne barnehage våren 2023
- Eventuell utviding og ombygging av Indre Hafslo oppvekstsenter avdeling barnehage for å betra vilkåra for dei tilsette og auka plasskapasitet

Særskilde driftstiltak

- Drift av mellombels barnehageavdeling i SFO-lokala ved Luster oppvekstsenter barnehageåret 2022/23. Dette vil auka barnehagekapasiteten i Luster krins med 12 plassar.
- Framhald av tiltak med 20 % flytande vikar lagt til assisterande styrar for å hjelpa på vikarsituasjonen i barnehagane. Mangel på vikarar er ei generell og aukande utfordring i barnehagesektoren. Nærare vurdering om auka grunnbemanning kan vera eit mogleg tiltak. Auka grunnbemanning er også eitt blant fleire moglege tiltak for å styrka tidleg innsats i oppvekstsektoren.
- Pilotprosjekt med kjøkenhjelp i utvalde barnehagar våren 2023 i samarbeid med NAV
- Etablera støtteordning for tilsette som ønskjer å ta deltidsutdanning som barnehagelærarar ved HVL i Sogndal 2023-2027; rekrutteringstiltak
- Vurdera tilsetjing av 20 % kommunal ressurspedagog frå hausten 2023 for å styrka satsinga på språk i barnehagane

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 37 722 | 34 370 | 63 338 | 61 888 | 61 888 | 61 888 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 123 | 2 582 | 3 532 | 3 532 | 3 532 | 3 532 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 | 0 | 462 | 462 | 462 | 462 |
| Overføringsutgifter | 421 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 40 266 | 36 951 | 67 332 | 65 882 | 65 882 | 65 882 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -6 491 | -7 397 | -9 893 | -10 193 | -10 193 | -10 193 |
| Refusjoner | -3 645 | 0 | -2 967 | -2 967 | -2 967 | -2 967 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | -10 151 | -7 397 | -12 860 | -13 160 | -13 160 | -13 160 |
| Sum | 30 115 | 29 554 | 54 471 | 52 721 | 52 721 | 52 721 |

Kultur

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert med Luster bibliotek som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Sogndal som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak lagt under tenesteområdet oppvekst og kultur.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 231 Aktivitetstilbod barn og unge, tilskot til lag og organisasjoner
- 365 Kulturminneforvaltning
- 370 Bibliotek
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling og utsmykking
- 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg (drift av idrettshall og samfunnshus)
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Musikk- og kulturskule
- 385 Andre kulturaktivitetar og andre kulturbrygg (inkl. frivilligsentral)
- 386 Kommunale kulturbrygg

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#) (frå s. 84)

Luster bibliotek

Luster bibliotek består av ei folkebibliotekavdeling, 1,5 årsverk, og åtte oppvekst-/skulebibliotekeiningar, 0,66 årsverk. Folkebiblioteket ligg i andre etasje på Pyramiden kjøpesenter i kommunesenteret Gaupne. Verksemda omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur gjennom ulike medium, som er analogt eller digitalt tilgjengeleg. Biblioteket skal i sine tilbod til barn, ungdom og vaksne legge vekt på kvalitet, aktualitet og allsidigheit. Folkebiblioteket skal i samsvar med biblioteklova vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtal.

Det er oppvekst-/skulebibliotek for skule, barnehage, tilsette og alle foreldre i alle oppvekstsentrer og skular. Biblioteka er tilgjengelege i opningstida til skulane. Biblioteka har fast servicetid av tilsett frå folkebiblioteket. Alle biblioteka har automatisert utlån med sjølvbetjening, med unntak av Luster ungdomsskule, som har utvida samarbeidsavtale for bruk av folkebiblioteket som skulebibliotek; det er og etablert lokalt bibliotek på skulen, som folkebiblioteket har jamleg tilsyn med og påfyll av ny litteratur, hovudsakleg frå den nasjonale kulturfondordninga.

Luster frivilligsentral

Luster frivilligsentral er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon organisert som ei ideell foreining med ikkje økonomisk føremål. Sentralen er ei eiga juridisk eining med eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kontoradressa er i Gaupne.

Frivilligsentralen får tildelt statstilskot og årleg tilskot i kommunen sitt årsbudsjett. Frivilligsentralen driv óg brukbutikken.

Lustrabadet KF

Badeanlegget er organisert som eige kommunalt foretak, med eige styre og daglig leiar. Kommunen yter driftstilskott og kjøper tenester til symjeopplæringa i grunnskulen.

Sogn kulturskule

Sogn kulturskule er ein interkommunal kulturskule for Sogndal og Luster med Sogndal som vertskapskommune. Samfunnssoppdraget til kulturskulen er forankra i opplæringslova paragraf § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

Rammeplan for kulturskulen skildrar føremål og innhald for kulturskulen. Kulturskulen skal samarbeida med skule - og kultursektor og medverka til å styrka kompetanse og kulturell utfalding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskular, vidaregåande skule, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst - og kulturformidling.

Særskilt i 2023

Oppfølging av kommunale vedtak

- Innan kulturfeltet skal det vere eit overordna prinsipp at satsing på barn og unge skal skjermast i arbeidet når ein har tilpassa seg ei noko lægre budsjetttramme.
- Grunnstønad til lag og organisasjoner, budsjettert som aktivitetstilskot, er gjort meir avhengig av betalande medlemar under 20 år. Dette set større krav til rutinar for innkrevjing av medlemskontingentar.
- Tilskot til friluftstiltak og søker om tilskot til nærmiljøanlegg vert kanaliserte gjennom spelemiddelordninga. Lokale tiltak må prioriterast i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Refusjon for drift og vedlikehald av anlegg, budsjettert som aktivitetstilskotet, gjeld for alle dokumenterte utgifter.
- Ny kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett- og friluftsliv vart fullført i 2019 og har lagt grunnlag for ei omfattande satsing i åra framover innan feltet.
- Utbyggingsplanen for Sogn skisenter på Hafslo er prioritert i samsvar med handlingsplanen for idrettsanlegg i 2023.
- *Kommunestyret vedtok å yta tilskot til straumframføring Ekservollen, infrastruktur anlegg for arrangement, inntil 150.000.*

Luster bibliotek

Vidareføring av prosjekt "Aktiv formidling" der målet er større aktivitet i folkebiblioteket si barneavdeling, høgare utlån og integrering av flyktningefamiliar. I tillegg har bilbioteket målsetnad om å utvikle tilbodet og auka utlånet til særskilte brukargrupper som seniorar og brukarar på busenter for psykisk utviklingshemma. Prosjektet "Aktiv formidling" er støtta av prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket, byrja hausten 2021 og avsluttast våren 2023. Strategien for å gje barneavdelinga meir attraktiv er å tilby ulike program og aktivitetar for barn og barnefamiliar på laurdagar til faste tider i perioden september-mai.

Sommarles 2023. Lesekampanje for elevar 1.-7. trinn og førskulebarna. Dette årlege prosjektet vert gjennomført i samarbeid med barneskulane og barnehagane. Avslutningsfest med underhaldning i september, for barn og familiar.

Bokcaf  og andre arrangement for vaksne. Eigenproduserte bokcaf ar med presentasjon av aktuell litteratur, m  nadleg i vinterhalv ret. Elles forfattarturnear og anna aktivitet i samarbeid med dei andre biblioteka i region Sogn. Aktuelle tema i 2023 er «b  rekraft» og «psykisk helse».

Anna: Samskaping som arbeidsmodell for utvikling av felles prosjekt/arrangement. Samarbeid p  tvers av aktuelle kommunale einingar, lag og organisasjonar; til d mes i samband med opplegg rundt «Verdsdagen for psykisk helse» i oktober.

Luster frivilligsentral

I budsjettet for 2023 er statstilskotet vist p  same niv  som 2022 og det kommunale tilskotet er regulert opp med l ns- og prisvekst.

Kommunen yter og husleigetilskot, etter n rare avtale, til bruktbutikken.

Lustrabadet

Kommunalt driftstilskot vert vidaref rt i 2023 med same sum som i 2022, 2,2 million kroner. Kj p av tenester for   dekka skulesymjing er i oppsett fr  KF-et prisa til 1,13 million kroner. Samla aukar kostnaden for kommunen med 200 000 kroner.

Det vert lagt opp til vidaref ring av gratis bading for elevar i Lustraskulen i sommarferien. Kostnad 150.000.

Samfunnshus

Vedlikehaldsbehovet av Jostedal samfunnshus er utgreidd med tilstandsvurdering som grunnlag for tiltaksprioritering. Tiltak er gjennomf rt i 2022 og vil bli vidaref rt i budsjett 2023.

Etter reguleringar er tilskot til Fjordstova 930 000 kroner.

Kulturskule

Vertskommuneavtalen var fornya i 2022, og det interkommunale samarbeidet vert vidaref rt. Nytt budsjett i samsvar med kulturskuleavtalen vidaref rer aktiviteten i 2023 p  same niv  som i 2022. Kommunen vert utfordra p  gode  vingslokale.

Elevbetaling i kulturskulen er auka med 3 %. Det vert gjeve 25 % syskenmoderasjon fr  andre sysken eller elevplass.

Bygdebok

Det st r att   ferdigstilla band 12 i bygdeboka. Det kan vere aktuelt   kj pa noko tenester for   kunne ta arbeidet vidare. Det er avsett 100 000 kroner til f rem let og det er fondsmidlar tilgjengeleg for prenting.

Kulturminne

Kulturminneplanen vart godkjent av kommunestyret i 2021. I det vidare arbeidet er det behov for n rare handlingsplan og eventuelt utvida ressursar. Dette er det ikkje funne rom for i budsjettet for 2023. Kommunen har st tta opp om viktige kulturminne i enkeltsaker, og det kan vera ein strategi ogs  for det vidare arbeidet.

Anlegg idrett/friluftsliv

Aktivitetstilskot til anlegg er pressa då driftsutgiftene av dei større investeringane i idrettsanlegg til dømes straumutgiftene til Luster idrettspark i Gaupne vil auka etter utbygginga av anlegget.

Tilskot til nærmiljøtiltak, drift og vedlikehald av private forsamlingshus, skal prioritera anlegg med universell utforming og HC-tilgang.

Etter reguleringar er tilskot til Sogn skisenter sett til 1 million kroner i 2023.

Utviklingsarbeid

Luster bibliotek

Nye og moderne heimesider som er meir brukarvenlege og som tilfredsstillar tekniske krav for universell utforming. Utvikling ved hjelp av Webløft, spesialisert program for folkebibliotek.

Biblioteklokale: Utarbeida plan med sikte på eit moderne og funksjonelt bibliotek for alle brukarar og for tilsette; særleg satsing på «ungdomsavdeling» og arrangementsplass/arena. Behov for utbetring av arbeidsplassane til dei tilsette i høve ergonomi, lys-, luft- og lydtilhøve.

Oppvekst-/Skulebibliotek: Utvikling gjennom «Tilskott for å styrke skolebibliotekets arbeid med lesestimulering», prosjektmidlar 2022-2024 innvilga frå Utdanningsdirektoratet.

Kulturen i Naturen

Prosjektet er kome i stand som eit samarbeidstiltak mellom Hafslo sogelag (som representant for dei tre sogelaga i Luster kommune), Folkeakademiet Luster og Luster kommune. Prosjektet er finansiert med støtte frå Vestland fylkeskommune som eit kulturelt utviklingsprosjekt med vekt på formidling av lokal kunnskap, identitet og tradisjon. Prosjektet er treårig, og med eit mål om å produsera inntil 10 filmar innan utgangen av 2023.

Handlingsplanar

Innan kommunal plan Fysisk aktivitet, Idrett og Friuftsliv gir kommunane rettar ift tilgangen på spelemiddelfinansiering av anlegg. Prosessane rundt revisjon av dette planarbeidet startar i 2023.

Føringer i gjeldande kommunale planar og engasjementet rundt planprosessane i lag og organisasjonar vil vera avgjerande for det søknadsgrunnlaget som Luster kommune får utarbeida.

Idrettshall Hafslo

Det skal i 2023 gjennomførast eit utgreiingsarbeid for å peike ut framtidig tomt til idrettshall på Hafslo. Dette utgreiingsarbeidet må også koplast opp mot arbeidet med områdeplan Hafslo. Utgreiingsarbeidet skal også gje anslag kostnadar og finansiering av ein idrettshall.

Kulturbrygg Gaupne

Det skal i 2023 gjennomførast eit utgreiingsarbeid for å sjå på aktuell plassering og konsept for kulturbrygg i Gaupne. Utgreiingsarbeidet må ta opp i seg tidlegare arbeid, t.d. stadanalyse for Gaupne, og må sjå samanhengar til andre utviklingsbehov i Gaupne sentrum. Som del av prosjektet kan det bli aktuelt med moglegheitstudie, eller planlegging av kvar ulike funksjonar i Gaupne skal utviklast, jf. også

Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026, Luster kommune

utgreiing Friskhus II og bygdelaget sitt skiseprosjekt i gamle gymsalen. Dette utgreiingsarbeidet skal danne grunnlaget for politiske prioriteringar i budsjettarbeidet hausten 2022. Vidare arbeid med Friskhus II er sett på vent til dette utgreiingsarbeidet er kome lenger.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 1 523 | 2 500 | 2 846 | 2 846 | 2 846 | 2 846 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 445 | 3 230 | 2 767 | 2 667 | 2 667 | 2 667 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 251 | 5 621 | 6 029 | 6 029 | 6 029 | 6 029 |
| Overføringsutgifter | 11 554 | 11 576 | 14 399 | 14 099 | 14 099 | 14 099 |
| Finansutgifter | 769 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 21 542 | 22 927 | 26 041 | 25 641 | 25 641 | 25 641 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -938 | -1 189 | -1 037 | -1 037 | -1 037 | -1 037 |
| Refusjoner | -1 554 | -317 | -577 | -577 | -577 | -577 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -851 | -620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 | -2 620 |
| Sum Driftsinntekter | -3 343 | -2 126 | -4 234 | -4 234 | -4 234 | -4 234 |
| Sum | 18 200 | 20 801 | 21 807 | 21 407 | 21 407 | 21 407 |

Folkehelse

Skildring av verksemda i dag

Folkehelse er helsetilstanden til befolkninga og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Kommunen skal framme folkehelse gjennom planlegging. Ansvar for delar av folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator underlagt tenesteområdet Oppvekst og kultur. Koplinga til Oppvekst og kultur skal bidra til å sjå meir heilskap og samanheng i kommunen sitt arbeid overfor barn og unge.

Tenesta er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin og folkehelse

Folkehelsearbeid kan definerast som samfunnet sin innsats i å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse på alle plan. Folkehelselova legg opp til ei systematisk arbeidsform som inneber:

- å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga
- å ha oversikt over dei faktorane som har tyding for helsetilstanden i befolkninga
- å bidra til å jamna ut sosiale forskjellar i helse gjennom å sørge for at innsatsen for folkehelsa når dei med høgast risiko
- å sikra at alle sektorar i kommunen har fokus på folkehelse

Me ønskjer å fremja helsa til innbyggjarane i Luster gjennom aktivt helsefremjande, førebyggjande og inkluderande arbeid. Godt folkehelsearbeid kan bli gjennomført når ein tek eit felles ansvar. Kommunen, innbyggjarane, frivillige aktørar og næringslivet må arbeida saman. Grunnlagsdokumentet om folkehelse syner at Luster kommune bør ha særskilt fokus på desse områda:

- aldrande befolkning - ei samfunnsreform
- frivillige organisasjonar - samarbeid for eit berekraftig samfunn
- fysisk aktivitet - kosthald/overvekt
- psykisk helse
- sosial ulikskap - barnefattigdom

SLT-politiråd

Luster og Sogndal og politiet har eit interkommunalt SLT-politiråd (SLT = *Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen ved folkehelsekoordinator. Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men den økonomiske støtta har ikkje vore vidareført etter 2019. Det tverretatlege Familieforum er arenaen for SLT-arbeidet lokalt i Luster kommune.

Saman om barn og unge i Luster

Det er innført ein heilskapleg digital modell som viser korleis kommunen arbeidar for å sikre tidleg identifikasjon, oppfølging og hjelp til utsette barn. Modellen ligg på heimesida til kommunen. Det er krav om opplæring av tilsette og god informasjon til innbyggjarane.

Luster fritidsfond

Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking i fritidsaktivitetar i Luster. Luster kommune har oppretta eit fritidsfond som skal bidra til at alle barn og ung i alderen 6-18 år kan vere med på fritidsaktivitetar.

Luster danseverkstad

«Ung til ung»-formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge danseglede i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilete for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og på Skjolden.

Tal om folkehelsa i Luster kommune

Kommunen skal kvart fjerde år utarbeida eit dokument som syner oversikt over helsetilstanden i kommunen:

[Grunnlagsdokument 2020 – 2023 \(helsetilstand og påvirkningsfaktorar\)](#)

Folkehelseinstituttet kartlegg årleg [folkehelseprofilen](#) i landet:

[Sjå folkehelseprofilen for Luster kommune 2022](#) (fhi.no).

[Sjå oppvekstprofilen for Luster kommune 2022](#) (fhi.no)

Ungdata

Ungdata er lokale undersøkingar der elevar på barne- og ungdomsskular over heile landet svarer på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. Undersøkingane er tilpassa barn og ungdom på mellomsteget (5.-7.-trinn), ungdomstrinnet og i vidaregående opplæring.

[Resultat frå den årlege undersøkinga finn du på ungdata.no](#)

Særskilt i 2023

- SLT-politiråd: Luster kommune fortset med å ha ansvar for koordinatorfunksjonen i SLT-politirådet også i 2023.
- Luster fritidsfond er tilført kr 100 000 i budsjettet for 2023. Fondet skal bidra til at alle barn og ung i alderen 6-18 år kan vere med på fritidsaktivitetar.
- Politisk Frivilligkeitserklæring: arbeidet med å etablere politisk Frivilligkeitserklæring starta opp i 2022. Det er etablert samarbeid med Frivillighet Norge. Å etablere eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom kommune og lag-/organisasjonar er viktig for samfunnsutviklinga i kommunen.
- Ung Arena - Luster: prosjekt som går over 5 år. Innvilga midlar i 2022 kr. 500 000,- (Statsforvaltar). Mål: Etablere møteplass for ungdom i Gaupne og Hafslo. Samarbeid med psykisk helseteam, helsestasjon for ungdom, oppvekst, los kontakt, frivillige lag – og org og FAU/SU på begge ungdomsskulane. Eiga arbeidsgruppe med ungdommar frå kvar skule.
Kommunesstyret vedtok i sitt budsjettvedtak å styrka

satsinga med ein 20% stilling dei neste 5 åra for å sikra drift av ungdomsbasar. Kostnad 200.000 pr år.

- Etter søknad har kommunen fått samla tilskot på kr. 660 000 frå Bufdir i tre år (2022-2024) for å vidareutvikle ferie- og fritidstilbod til barn og ungdom.
- Kommunen har fått tilskot til å utarbeide tverrfagleg system som skal bidra til at «sårbare» barn og ungdom blir losa inn i fritidsaktivitetar. I dette ligg også å etablere system for samarbeid med lag- og organisasjonar i kommunen (kr 980 000 over 3 år, 2022 – 2024, Bufdir).
- Generasjonsmøteplass - Gobiten. Det er etablert samarbeid mellom næringsliv, ungdommar, bygdelag og kommune i 3 bygder. Ulike tema alt etter ønskje. Midlar frå Helsedirektorat (kr 400 000 i 2022). Tiltaket vert vidareutvikla i 2023.
- Flexid og mentorutdanning: kommunen har fått midlar til å sertifisere to tilsette i Flexid og mentorutdanning (kr. 250 000 frå Konfliktrådet). Begge sertifiseringane går på å førebygge radikalisering og ekstremisme. Flexid går mellom anna på å lære krysskulturell ungdom å sjå på seg sjølv som ein ressurs og brubyggjar.
- Rocketman- Luster; nytt prosjekt frå 2023. Innvilga midlar kr. 725 000 frå Statsforvaltaren. Fleirårig prosjekt som går ut på å få ungdom som slit med rus, er i fare for å slite med rus eller på ein anna måte er på veg utanfor i samfunnet med på aktivitetar og oppleve meistring.

Tiltak der kommunen har samarbeid med næringsliv frivillige lag-/org. og Luster frivilligsentral:

- *FriMoro (friluftsdagar for barn)* – vart gjennomført for 9. gong i 2022. Over 120 born deltok. Tilbodet er gratis og målgruppa er 4 – 7 trinn. 8 – 10 trinn har tilbod om eigne aktivitetar.
- *Haust- og vinteraktivitetar*: frå 2022 er det tilbod for 4-10 trinn også i haustferie og vinterferie.
- *Juleglede*: eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune, ulike lag og organisasjonar som bidreg til at familiar med økonomiske utfordringar skal få tilbod om å ta imot ei julegåve.
- *Gobiten – generasjonsmøteplass*: det er etablert samarbeid mellom næringsliv, ungdommar, bygdelag og kommune. Ulike tema alt etter ønskje.
- *Stolpejakt* – er eit lågterskeltilbod som legg til rette for å aktivisere både unge og eldre, inaktive, skule – barnehage, funksjonshemma, syklistar og rullestolbrukarar – samt alle dei som ønskjer å berre ta ein tur og bli betre kjent i kommunen. Tiltaket er eit samarbeid mellom idrettslag; IL Bjørn, Hafslo IL, IL Fanaraak og Luster IL, samt idrettsrådet. Næringsliv er invitert med for å gjere si bedrift kjent. Kommunen er koordinator.
- *FRISKUS*- digital aktivitetskalender. Kommunen samarbeida med lag og organisasjonar for å synleggjere aktivitetar i kommunen. I tillegg blir FRISKUS nytta i omsorgstenesta for å gi sms varsling til pårørande om aktivitetar.

Utviklingsarbeid

Førebyggjande tenester i regi av helsestasjon- og skulehelsetenesta:

Kommunen har motteke midlar frå Helsedirektoratet sidan 2019 (samla kr 3 603 375) til styrkinga av helsestasjon- og skulehelsetenesta. Til bruk i 2023 er det innvilga kr. 623 540. I høve føringar i tilskotsordninga og søknad er ein i gang med desse tiltaka:

- auka tid for skulehelsetenesta på barne- og ungdomsskulane i kommunen samt tilby samtalegruppe for skilsmissebarn (PIS) til alle elevar
- innføre «Barnehage – helsesjukepleiar»
- innføre digital løysing for helsestasjon for ungdom i samarbeid med målgruppa – auka tilgjenge (kommunen er stor i geografi)
- styrke forelderretteliingsprogram på helsestasjon- og i skulehelsetenesta
- styrke arbeidet mot vold og overgrep
- etablere tverrsektorielt formalisert samarbeid for å utjevne sosiale ulikheder

Oppfølgings- og losfunksjonen (LOS)

Dette er eit tiltak som starta i 2019 med tilskot frå Barne-, ungdoms – og familielidirektorat. Ungdomslosen er eit tilbod til elevane på ungdomsskulesteget der målet er auka trivsel og meistringskjensle samt å førebyggje fråvær. Ungdomslosen skal samarbeide tett med skulane og ungdommane sine føresette, og hjelpe til med ungdommane sin skulegang.

Livsmeistring – Robuste barn og ungdom

Dette er eit prosjekt som går over fem år (2020 - 2024) og er eit samarbeid mellom Luster- og Sogndal kommune, Høgskulen på Vestlandet og Fylkeskommunen. Samla statleg tilskot er på 5 mill. og målet er å utvikle eit heilskapleg system for arbeidet med livsmeistring i barnehage og skule. Som bidragsytarar i prosjektet er også tilsett frå helsestasjonane til Sogndal og Luster, lærarar, barnehagelærarar, kommunepsykolog og foreldrerepresentantar.

Ung Arena - Luster

Prosjekt som går over fem år (2021 - 2025. Innvilga midlar i 2022 kr. 500 000,- Helsedirektorat). Mål: Etablere møteplass for ungdom i Gaupne og Hafslo. Samarbeid med psykisk helseteam, helsestasjon for ungdom, oppvekst, los kontakt, frivillige lag – og org og FAU/SU på begge ungdomsskulane. Eiga arbeidsgruppe med ungdommar frå kvar skule.

Rocketman- Luster: nytt prosjekt frå 2023. Innvilga midlar kr. 725 000, Statsforvaltar. Fleirårig prosjekt som går ut på å få ungdom som slit med rus, er i fare for å slite med rus eller på ein anna måte er på veg utanfor i samfunnet med på aktivitetar og oppleve meistring. Det skal vere eit fokus på utradisjonelle aktivitetar som ein ikkje finn i eitkvart idrettslag. I prosjektet skal det utarbeidast eit system der m.a. skule, NAV, psykisk helseteam - rus, helsestasjon for ungdom, fastlegar, ungdomslos kan ta kontakt med koordinator for prosjektet for å melde frå om ungdom som kan ha bruk for tiltaket. Pårørande kan også ta kontakt. Deretter får ungdommen ein personleg aktivitetsguide som er ein ung voksen.. . Prosjektet er inspirert av [Rocket-man](#) som er starta opp i Eidanger IL. Det er etablert dialog med dei for å samarbeide om oppstart av «Rocket-man» i Luster.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|--|-----------|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 2 800 | 2 800 | 2 800 | 2 800 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 676 | 676 | 676 | 676 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 730 | 730 | 730 | 730 |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 150 | 50 | 50 | 50 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 4 356 | 4 256 | 4 256 | 4 256 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | -182 | -182 | -182 | -182 |
| Refusjoner | 0 | 0 | -1 862 | -1 862 | -1 862 | -1 862 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | -234 | -134 | -134 | -134 |
| Sum Driftsinntekter | 0 | 0 | -2 277 | -2 177 | -2 177 | -2 177 |
| Sum | 0 | 0 | 2 079 | 2 079 | 2 079 | 2 079 |

Barnevern

Skildring av verksemda i dag

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste mellom kommunane Sogndal og Luster - med Sogndal som vertskommune. Sogn barnevern vil i 2023 vere dimensjonert med totalt 17,8 årsverk. Tenesta er inndelt i tre team, der to av teama arbeider med alle kommunale barnevernsoppgåver, gjerne omtalt som ein «generalist-modell». Det tredje teamet, tiltaksteamet, yter tiltak til familiar. Det er frå november 2016 etablert eit leiingsteam med to teamkoordinatorar og ein fagleiar som i lag med tenesteleiar har eit særskilt ansvar for oppfølging av tenesta sitt forbetringsarbeid, internkontroll og kvalitetsutviklingsarbeid.

Luster kommune har akuttberedskap utanfor kontortid gjennom Sogn barnevernsvakt.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 244 Drift av barnevernstenesta
- 251 Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet (tiltak i heimen)
- 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet (tiltak utanfor heimen)

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#) (frå side 84).

Samarbeidsavtale:

Vertskommuneavtalen med Sogndal som vertskommune er vidareført. Kommunestyret godkjende revidert avtale i 2022. Det vart der etablert ny fordelingsnøkkelen, 5% fast pr kommune og 90% etter tal 0-18 år. Nøkkelen har med denne justeringa kvittert kommunereforma, som gir auka kostnad på Luster, men har gitt ein lik modell for dei ulike samarbeida.

Ny lovgiving;

Endra lovverk utvider kommunale oppgåver i høve førebyggande arbeid og kommunen er pliktig å få på plass ein plan for det førebyggande arbeidet. Denne planen er under arbeid.

Sogn Barnevern leverer gode tenester på eit krevjande område.

Særskilt i 2023

Oppfølging av nasjonale føringer

Utvila aldersgrense for rett til ettervern

Aldersgrensa for rett til ettervern i barnevernet vert utvida frå 23 til 25 år. Det er ikkje lagt inn auka kostnadar som følgje av denne endringa,

Årleg tilstandsrapport

Etter vedtak i Stortinget er det med verknad frå 2021 innført nasjonalt krav om årleg tilstandsrapportering til kommunestyret. Føremålet med ein tilstandsrapport er å gje kommunestyret

bettere innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Barneverns-/oppvekstreforma

Etter vedtak i Stortinget vil den nasjonale barnevernsreforma vil bli sett i verk i 2022. Sentrale mål med reforma er:

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiær sine behov
- Rettsikkerheit til barn og familiær skal bli godt ivareteke
- Ressursbruk og oppgåveløysing i barnevernet skal bli meir effektiv

I dette ligg at reforma vil gje kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette vil igjen stille krav til leiing i barnevernet, til kommunane si styring og til det samla familiestøttande arbeidet. Det er under dette eit krav at det skal utarbeidast og vedtakast ein samla plan for det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge i Luster kommune. Arbeidet med lokal oppfølging av reforma vil bli vidareført i 2023.

Utviklingsarbeid

Tenesta vil halde fram med å vidareutvikle kvalitet og myndekrav, og vektlegg arbeidet med å oppretthalde eit sterkt fagleg fokus. Tenesta sitt gode arbeidsmiljø bidreg i vesentleg grad til dette.

Sogn barnevern har seinaste åra delteke i fleire kompetanseaukande tiltak gjennom Bufdir (tenestestøtte-programmet), RVTS (samtale med barn), fylkesmannen (læringsnettverk) og Høgskulen på Vestlandet (vidareutdanningar).

Gjennom deltaking i tenestestøtteprogrammet vart det laga ein utviklingsplan for tenesta. Utviklingsplanen er eit av fleire tiltak i tenesta sitt totale forbetningsarbeid. Utviklingsplanen skal bidra til transparente og systematiske tenester, trygge tilsette i det faglege beslutningsarbeidet og sikre kvalitet i tenesta. Dette arbeidet vi bli vidareført i 2023.

Driftsbudsjet

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 11 549 | 11 549 | 11 549 | 11 549 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 11 549 | 11 549 | 11 549 | 11 549 |
| Sum | 0 | 0 | 11 549 | 11 549 | 11 549 | 11 549 |

Helse, omsorg og sosial

Skildring av verksemda i dag

Kommunalsjefsområde *Helse, Omsorg og Sosial* har i 2023 ei samla netto økonomisk ramme på kr 211 360 000, av eit nettobudsjett på totalt kr 452 340 000. Det vil sei at Luster kommune sine helse- og velferdsområde bruker om lag 47% av kommunen sitt samla netto driftsbudsjett. Områda har totalt 241 årsverk og om lag 331 tilsette.

Av dei tre tenesteområda er *Omsorg* klart størst med ei nettobudsjett på kr 165 598 000, 202 årsverk og om lag 282 tilsette. *Helse* har ei netto budsjettramme på kr 32 707 000, om lag 30 årsverk og 44 tilsette. *Sosial* er minst med ei netto økonomiske ramme i 2023 på kr 13 160 000 - om lag 9 årsverk og 12 tilsette.

Dette kommunalsjefsområde har i alt 8 ansvar/einingar. Gaupne omsorgssenter er den største eininga med eit budsjett for 2023 på kr. 43 640 000 - og med 55 årsverk og om lag 80 tilsette.

Detaljar om det einskilde tenesteområde er skildra i eigne kapittel.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 196 284 | 194 766 | 217 996 | 218 496 | 218 496 | 218 496 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 23 475 | 25 439 | 23 139 | 22 873 | 22 873 | 22 873 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 11 005 | 12 016 | 10 220 | 10 220 | 10 220 | 10 220 |
| Overføringsutgifter | 7 369 | 7 919 | 7 724 | 7 524 | 7 524 | 7 524 |
| Finansutgifter | 963 | 20 | 10 | 10 | 10 | 10 |
| Sum Driftsutgifter | 239 095 | 240 161 | 259 088 | 259 122 | 259 122 | 259 122 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -25 712 | -25 999 | -19 334 | -19 334 | -19 334 | -19 334 |
| Refusjoner | -30 439 | -19 501 | -27 088 | -27 088 | -27 088 | -27 088 |
| Overføringsinntekter | -12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 349 | -1 740 | -1 106 | -840 | -840 | -840 |
| Sum Driftsinntekter | -58 511 | -47 240 | -47 527 | -47 261 | -47 261 | -47 261 |
| Sum | 180 584 | 192 921 | 211 560 | 211 860 | 211 860 | 211 860 |

Måltabell

| Hovudmål | Delmål |
|---|---|
| Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgåande legg vekt på aktiv omsorg | Dei eldre i Luster kommune får nytta potensialet sitt og er ein verdifull ressurs for lustersamfunnet |
| Alle brukarar med eit fagleg definert behov for pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte tenester i tråd med formelle føringer | God oppfølging av leve heile livet reformen med fokus på førebyggjande folkehelsearbeid |
| | Luster kommune skal legge til rette for gode arbeidstilhøve og arbeide systematisk med rekruttering |

| Hovudmål | Delmål |
|--|---|
| Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik | Luster kommune skal vidareutvikle og betre evna til førebyggjande arbeid, tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå) |
| | Gode lågterskeltilbod som førebygger einsemd og fremjar psykisk helse |
| | Luster kommune skal betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, einslege forsørgjarar og barnefamiliar |

Sosial

Skildring av verksemda i dag

Sosialtenestene er lagt til NAV Luster som er eit partnarskap mellom stat og kommune. Leiari av NAV Luster har ei statleg og ei kommunal styringline, I den kommunale lina har NAV leiari ansvar og mynde som kommunal einingsleiari.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 213 Vaksenopplæring (Luster vaksenopplæring, LVO)
- 242 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid (sosialkontor)
- 275 Introduksjonsordninga
- 276 Kvalifiseringsordninga
- 281 Ytingar til livsopphald (økonomiske sosialhjelp)
- 283 Bistand til etablering og oppretthalting av eigen bustad (Husbanken)

Overordna fagleg ansvar for Luster vaksenopplæring (213) ligg organisatorisk til kommunalsjef Oppvekst, og ansvaret for forvaltning av Husbanken sine stønadsordningar (283) er lagt til Servicetorget.

Særskilt i 2023

Oppfølging av nasjonale føringer

Nasjonale føringer stiller klare krav til aktivitet for økonomisk stønad for ungdom under 30 år (aktivitetskrav). Dette arbeidet vil bli vidareført i 2023. For å betre inkludering av utsette grupper på arbeidsmarknaden vil kontakten med arbeidsgjevarar og samhandlinga med helsetenesta og utdanningssystemet bli styrka. Det vil bli arbeidd aktivt for å nå nasjonale mål om overgang til arbeid og/eller utdanning etter endt introduksjonsprogram. Den organisatoriske løysinga der Luster vaksenopplæring (LVO) og Flyktingenesta er lagt til NAV Luster, gjev eit godt grunnlag for dette arbeidet. Barnetrygda vert helde utanfor utmåling av økonomisk sosialhjelp i tråd med lovending frå 01.09.2022

Busetjing av flyktningar i 2023:

I skriv frå IMDi datert 25.11.2022 vert Luster kommune oppmoda om å ta i mot 90 flyktningar i 2023. Svarfristen er 31.1.2023. Det administrative arbeidet med vurdering av mottak i 2023 har starta. Den største utfordringa er truleg bustadkapasitet.

Sosialhjelppssatsar 2023:

Kommunestyret har i sitt vedtak vedteke å auka sosialhjelppssatser med 3% som kommunal ordning.

Utviklingsarbeid

Sogn for alle:

Luster vil i 2023 vidareføre deltakinga i det regionale prosjektet *Sogn for alle* med overordna mål om heilskapleg satsing på integrering av innvandrarar. Innvandrarar representerer ein viktig ressurs for bedrifter og gode lokalsamfunn. Gjennom prosjektet ønskjer ein å bli betre på å nytta moglegheitene som innvandringa gjev. Sentrale delmål er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarar. Ei vellukka integrering vil kreve innsats og samhandling frå offentleg og privat næringsliv og frivillig sektor.

Interkommunal jobb-spesialist:

NAV Luster har overteke prosjektet i si heilheit og det vil derfor ikkje vere eit interkommunalt prosjekt i 2023. Me vil prøve ut ein modell som kombinera rolla som jobbspesialist og rådgjevar på NAV. Jobbspesialisten skal framleis arbeide med individuell jobb-støtte ved bruk av metoden IPS (Individual placement and support). Målet er at menneske med psykiske problem og/eller rusproblem skal få og behalde lønna arbeid. Forsking syner at individuell jobbstøtte og IPS har gjeve gode resultat når det gjeld sysselsetjing for målgruppa. Jobb-spesialisten vår skal samarbeide tett med førstelinja i psykiatri/rustenesta. Jobbspesialisten er ein del av Jobbstøtteteamet i region Sogn og vil få fagleg rettleiing frå metoderettleiar i teamet.

Utviklingsprosjekt NAV region Sogn

NAV starta i 2020 eit større utviklingsprosjekt som gikk ut 2022. Overordna mål med arbeidet var å betre samhandling i regionen og dermed yte betre tenester. NAV Luster deltok i prosjektarbeidet, både dei gjennom dei tilsette i arbeidsgruppa og rådmannen som sat i styringsgruppa. I Prosjektet sin siste fase vart det sett i gang to nye regionale team, marknadsteam og ungdomsteam. Ein har allereie noko erfaring med denne typen organisering av arbeidsoppgåvene med regionalt oppfølgingsteam som føl opp sjukemelde, samt arbeidsavklaringssaker for dei med arbeidsgjevar. Det er venta at dei to nye teama vil halde fram utover prosjektperioden. Sjølv utviklingsprosjektet er avslutta, men arbeidet vil bli vidareført med utprøving av regionale team på einskilde områder/ brukargrupper.

Lokalitetar:

NAV sentralt har vedteke arealkrav for sine kontor, og det er starta eit arbeid med vurdering av NAV-kontoret i Luster mot desse krava. Kartlegging som er gjennomført syner at kontoret i Luster har meir areal enn det som er norma for slike kontor, og nye løysingar vil bli vurdert. Det er NAV som har leigeavtale med utleigar og som eventuelt må reforhandle denne avtalen. Luster kommune betaler delar av leigekostnaden for NAV-kontoret etter ein fordelingsnøkkelen i partnarskapsavtalen mellom NAV og Luster kommune. Denne avtalen vart revidert i 2020 og kostnaden for Luster kommune auka monaleg. Det er forventa ei avklaring på framtidige lokalitetar i 2023.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 9 878 | 10 595 | 11 519 | 11 519 | 11 519 | 11 519 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 041 | 1 431 | 2 396 | 2 396 | 2 396 | 2 396 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 312 | 300 | 315 | 315 | 315 | 315 |
| Overføringsutgifter | 2 417 | 3 295 | 3 053 | 2 853 | 2 853 | 2 853 |
| Finansutgifter | 651 | 20 | 10 | 10 | 10 | 10 |
| Sum Driftsutgifter | 14 299 | 15 641 | 17 293 | 17 093 | 17 093 | 17 093 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -133 | -115 | -130 | -130 | -130 | -130 |
| Refusjoner | -3 949 | -3 219 | -3 688 | -3 688 | -3 688 | -3 688 |
| Overføringsinntekter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -896 | -620 | -220 | -220 | -220 | -220 |
| Sum Driftsinntekter | -4 976 | -3 954 | -4 038 | -4 038 | -4 038 | -4 038 |
| Sum | 9 323 | 11 688 | 13 255 | 13 055 | 13 055 | 13 055 |

Helse

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig tenesteeining leia av *Leiar for helsetenesta*. Eininga Helse har følgjande fagavdelingar: Helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmor, Legetenesta med laboratorium, Habilitering- og rehabilitering samt Psykisk helseteam/rusomsorg. Overordna ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i rådmannen sin stab.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Anna førebyggjande helsearbeid (smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin, folkehelse)
- 241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering (allmennlegeteneste, legevakt, fysioterapi, ergoterapi)
- 242 Interkommunalt krisesentertilbod og senter for incest og seksuelle overgrep
- 243 Rusomsorg
- 254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande (psykisk helseteam)

Interkommunale tenester

Krisesentertilbod:

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid med Kinn som vertskommune. Krisesenteret er lokalisert i Florø og skal oppfylle kommunane sine lovpålagde plikter om krisesentertenester. Luster skal i 2023 betale om lag kr 512 000 for denne tenesta.

Overgrepsmottak:

Mottaket er lokalisert til legevakt i Førde og er finansiert med om lag 60% frå helse Førde og 40% frå kommunane. Luster skal i 2023 betale om lag kr 110 000 for dette tilbodet.

Senter mot incest og seksuelle overgrep (Smiso) - Nok:

Dette er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep lagt til Førde med Sunnfjord som vertskommune. Frå hausten 2020 vart namnet endra frå Smiso til Nok. Nok Sogn og Fjordane er ei privat stifting som vert drive med offentlige midlar. Inntil 80% av driftsutgiftene er statstilskot og 20% kjem frå kommunar, fylkeskommune og helseforetak. Luster kommune skal i 2023 bidra med om lag kr 35 000 til drift av senteret.

Frisklivssentral:

Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunalt helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Luster og Sogndal. Frå 1.1.2019 fekk Frisklivssentralen kontor i Friskhuset i Gaupne. Kostnad til frisklivssentralen har vore fordelt med 45% på Luster og 55% på (gamle) Sogndal. I ny samarbeidsavtale vert kostnadene fordelt med 70% etter folketal og 15% som deltar-/medlemsandel per kommune (totalt 30%). Med grunnlag i ny avtale skal Luster betale kr 482 303 for denne tenesta i 2023.

Legevaktcentral/legevakttelefon (116117):

Alle kommunar skal ha ein legevaktcentral (LVS) som svarer på 116117. LVS for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik, og Luster er lokalisert til det interkommunale lokalmedisinske senteret (LMS) ved Lærdal sjukehus. Luster sin kostnad for dette vil i 2023 vere kr 1 269 591.

SLT Politiråd:

Luster og Sogndal og Politiet har eit interkommunalt SLT - Politiråd (SLT = *Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen. Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men dette er ikkje vidareført frå 2020. Det er avtalt at Luster tek ansvar for koordinatorfunksjonen også i 2023.

Miljøretta helsevern:

Interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen mellom Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik og Luster. Sogndal er vertskommune og har ansvar for å utfører oppgåvane i tråd med gjeldande lovverk. Tenesta vart styrka med ei stilling i 2020 og kostnaden vart dermed dobla. I ny samarbeidsavtale vert 30 % av utgiftene fordelt likt mellom deltakarkommunane, og 70 % etter omfanget av tilsynsobjekt i kommunane. Med grunnlag i ny avtale skal Luster betale kr 470 050 i 2023.

Jordmor samarbeid:

Luster og Sogndal har vaktsamarbeid for jordmor. Ansvaret for å administrere vaktordninga ligg til Sogndal kommune. Det er lagt til grunn ein stillingsressurs tilsvarande 10 %. Totalkostnad i 2022 var på 296 462 og Luster sin del 98 820, dvs 1/3. Summen vert regulert årleg i samsvar med gjennomsnittleg lønsvekst. Luster kommune dekkar 1/4 av vaktordninga, Sogndal kommune 3/4.

Særskilt i 2023

Oppfølging av nasjonale føringer

Stortingsmeldinga *Leve hele livet* skisserer fem innsatsområder; 1) Et aldersvennlig Norge, 2) Aktivitet og fellesskap, 3) Mat og måltider, 4) Helsehjelp og 5) Sammenheng i tjenestene. Kommunane skulle i 2019–2020 ta stilling til tiltak i reforma, og planlegge lokal oppfølging. Arbeidet med oppfølging av reforma starta i Luster i 2019 og er etter dette vidareført med følgjande innsatsområde:

- Aktiv alderdom
- Mat og måltid
- Rehabilitering og kvardags meistring
- Velferdsteknologi og digitalisering
- Samanheng i tenestene og tverrfagleg samarbeid

Denne reforma handlar i hovudsak om førebyggjande folkehelsearbeid og aktiv omsorg, og det har vore ei utvikling mot det å utvikle aldersvennlege samfunn. I dette ligg at arbeidet med reforma vert teke inn i arbeidet med aktuelle kommunale planar, og da særleg samfunns- og arealplanar (KPS og KPA). Det er så langt ikkje tilført statlege midlar til reforma. Arbeidet med reforma har blitt forsinka både lokalt og nasjonalt på grunn av koronapandemien. Reformperioden er difor forlenga til 2024. Luster har sett i verk mange tiltak og arbeidet handlar no i hovudsak om implementering av tiltaka i dagleg drift, og evaluering av effekten av tiltaka.

Leve heile livet - tiltak

Følgjande tiltak er planlagd i 2023:

1. Vidareutvikle systemet for kartlegging- og oppfølging av ernæringsstatus
2. Kompetanseutvikling for tilsette om ernæring/mat og det gode måltid
3. Vidareføre arbeid med innføring og god bruk av klinisk ernæringsfysiolog (KEF)
4. Arbeide vidare med best mogleg transporttilbod til aktuelle innbyggjarar
5. Motverke einsemd og passivitet ved vidareføring av besøksvertar og møteplassar
6. Betra dialog med brukarar og pårørande ved bruk av digitale løysingar
7. Vurdere nye system og tiltak for godt samarbeid med pårørande
8. Tilby og ta i bruk aktuelle hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar
9. Gode pasientforløp internt og eksternt (oppfølging av deltaking i læringsnettverk)
10. Vidareføre og vidareutvikle satsinga på kvardagmeistring og kvardagsrehabilitering
11. Vidareføre og vidareutvikle tilbodet om førebyggjande helseamtale
12. Motivere eldre til å planlegge eigen alderdom og tilby råd/rettleiing og hjelp
13. Vidareføre og vidareutvikle tilbodet *Servicekontor for eldre* (kontor i Helsesenteret)
14. Vidareutvikle samarbeidet med Luster frivilligsentral, frivillige lag og organisasjonar
15. Vidareføre og vidareutvikle *Seniortreff* som ein god møteplass for eldre
16. Utarbeide frivillighetserklæring, med vekt på godt samarbeid med seniorressursar
17. Deltaking i nettverk for aldersvennleg samfunn
18. Vidareføre arbeidet med demensvennleg samfunn
19. Bruke aktuelle planar som reiskap for utvikling av eit alders vennleg samfunn

Folkehelse:

Alle tenesteområda i eininga Helse har i seg viktige element av førebyggjande folkehelsearbeid. Dette gjeld fastlegane, psykisk helse, rusomsorg, fysioterapi, ergoterapi og helsestasjon/skulehelsetenesta. Sentralt i dette arbeidet er å oppdage tidleg, og tidleg innsats. Eit godt døme på dette er Fysioterapitenesta som gjennomfører trening for eldre med vekt på styrke og balanse (Betre balanse) på omsorgssentra i samarbeid med frivillige.

Folkehelseoversikt (Grunnlagsdokumentet):

Folkehelseoversikta (FHO) skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og skal ha opplysningar om og vurderingar av befolkningssamansetjing, oppvekst/ levekår, fysisk og sosialt miljø, skader/ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpende oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit oversiktssdokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi. FHO skal danne grunnlag for strategiar, mål og tiltak forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova.

Helsestasjonstenester, rusomsorg og psykisk helsehjelp:

Dette er viktige og prioriterte nasjonale satsingsområde med nasjonale tilskotsordningar for arbeid med tenesteutvikling. Luster kommune har over tid søkt på- og kome med i mange av desse nasjonale tilskotsordningane, og pågående utviklingsprosjekt er skildra under. Eit godt døme er *Rask Psykisk Helsehjelp (RPH)* som følgjer opp ei nasjonale satsinga på gode lågterskeltilbod med rask oppfølging. Arbeidet med innføring av RPH i Luster har pågått i fleire år. Prosjektperioden er no over og det er etablert som eit fast tilbod.

Fastlegeordninga:

Det er store nasjonale utfordringar med fastlegeordninga, og i august 2022 sette regjeringa ned eit hurtigarbeidande ekspertutval som skal foreslå tiltak frå 2024 og framover. Utvalet skal levere si tilråding 15. april 2023, og Regjeringa skriv følgjande om dette arbeidet:

Det er behov for tydelige, strukturelle grep som ruster opp allmennlegetjenesten på både kort og lang sikt. Ekspertutvalget skal utrede hvordan fastlegeordningen kan gjøres mer bærekraftig. De samlede ressursene i helse- og omsorgstjenesten må brukes best mulig, og kapasiteten i fastlegeordningen må opp. Det kan for eksempel gjøres gjennom å rekruttere flere leger, gjennom å tilrettelegge for flere profesjoner og mer samarbeid ved allmennlegekontorene og ved digitalisering. Utvalget skal også utrede forhold knyttet til organisering og finansiering, blant annet takster som legger til rette for flerfaglige praksiser og vurdere alternative tiltak for å legge til rette for økt arbeidsdeling og samarbeid i fastlegeordningen. Videre skal utvalget utrede endringer i legevakt slik at fastleger får redusert arbeidstid i legevakt, sikre en god legevakttjeneste i hele landet, og se på endringer i kompetansekrav for leger i den kommunale helse- og omsorgstjenesten.

Samanlikna med andre kommunar er fastlege-situasjonen i Luster god, men presset på ordninga- og utfordringane er aukande. Det vert difor viktig å sjå kva nasjonale tilrådingar og tiltak som no kjem.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er eit WHO-konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigkeit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet. Luster har oppfylt krava og vart i 2016 sertifisert som *Trygt lokalsamfunn*.

Utviklingsarbeid

Helse og omsorg mot 2030:

Med grunnlag i framtidig auke i tal eldre, redusert tilgang på arbeidskraft og bygningsmessig standard, vart det i 2022 gjort vurderingar av framtidige/langsiktige løysingar. Tilrådinga etter dette arbeidet er at det vert bygd eit nytt helsecenter syd for Gaupne omsorgssenter, og at dagens helsecenter vert gjort om til leilegheiter/bufellesskap for eldre. Vidare planlegging må avklare detaljar om nytt bygg syd for Gaupne omsorgssenter, men det bør leggjast vekt på at tal omsorgsplassar i Gaupne vert auka (avllasting, rehabilitering mm.), ei samla løysing for KA/ØHD, legevakt og ambulanse stasjon, areal til administrasjon/tenestekontor og leilegheiter/bufellesskap for eldre med moglegheit for heildøgnstenester. For å utnytte arealet best mogleg må det byggjast i fleire etasjar. Ei slik etablering føreset at dagens omsorgsbustader syd for Gaupne omsorgssenter vert sanert. Kor mange som bør sanerast er avhengig av arealbehovet til nytt bygg.

Ei slik etablering vil gje eit helse- og omsorgssenter i Gaupne som kan gje tilbod på alle trinn i helse- og omsorgstrappa, med gode moglegheiter for fleksible- og individtilpassa tilbod. Det vil også gje bustader for eldre sentralt i kommunesenteret - med nærleik til butikkar, møteplassar, apotek mm. Som ein del av dette arbeidet bør det og vurderast samarbeid med private utbyggjarar om etablering av leilegheiter/bufellesskap for eldre med moglegheit for heildøgnstenester - sentralt i Gaupne.

Eit overordna mål med alt utviklingsarbeid er at eldre skal få moglegheit til å bu i eigen bustad så lenge som mogleg - og dette vert særskilt viktig i tida fram mot 2030 (og seinare). Dei fleste av tiltaka skildra under *Leve heile livet*, og førebyggjande folkehelsetiltak skildra under *Helse- og omsorgstrappa*, skal

bidra til å nå dette målet.

Organisasjonsutvikling - OU Helse:

Kommuneoverlegen/helsesjefen gjekk av med pensjon sommaren 2022, og det vart gjennomført ein prosess med vurdering av organisering og oppgåvedeling i eininga helse. Denne prosessen førte fram til vedtak av eit oppdatert organisasjonskart, utlysing og tilsetjing i sentrale stillingar våren 2022. Arbeidet i andre halvdel av 2022 har i stor grad handla om etablering av nytt leiarskap, gjennomgang/vurdering av ulike ordningar mm. Det vil i 2023 bli arbeidd vidare med ulike OU tiltak i eininga Helse. Rekruttering og stabilisering av kritisk kompetanse vil vere ei overordna målsetjing for dette arbeidet. Fastlegeordninga og legevakt er for tida viktige nasjonale tema, og eventuelle nasjonale føringar og tiltak kan påverke lokale løysingar (jf. over).

Digitalisering

Det er planlagd innføring av nytt sky basert lege-/journalsystem i legetenesta. Omlegginga er teknisk krevjande, og det er usikkert når den vil bli gjennomført.

Kommunane i SySIKT starta hausten 2022 innføring av DigiHelsestasjon, og Luster er med i dette innføringsløpet. Målet med innføringa er bruk av *Helsenorge* som ein sikker-/god digital kanal mellom innbyggjarane og helsestasjon. Det er planlagt at den nye digitale løysinga vert opna for bruk tidleg i 2023.

Auka satsing på førebyggjande tenester i regi av helsestasjon og skulehelsetenesta:

Kommunen deltek i dette nasjonale prosjektet og fekk i 2019 eit statstilskot på 1 mill. (det må søkast om nye midlar kvart år). Følgjande tiltak inngår i dette prosjektet:

- Auka tid for skulehelsetenesta på skulane i kommunen
- Innføre digital løysing for HFU samarbeid med målgruppa (auka tilgjenge)
- Styrke foreldrerettleiingsprogram på helsestasjon og i skulehelsetenesta
- Styrke arbeidet mot vald og overgrep
- Etablere tverrsektorelt samarbeid for å utjamne sosiale ulikskapar

Livsmeistring – Robuste barn og unge:

Dette er eit prosjekt som går over 5 år (2020 - 2024) og er eit samarbeid mellom Luster- og Sogndal kommune, Høgskulen på Vestlandet og Fylkeskommunen. Samla statleg tilskot er på 5 mill. og målet er å utvikle eit heilskapleg system for arbeidet med livsmeistring i barnehage og skule. Som bidragsytarar i prosjektet er også tilsett frå helsestasjonane til Sogndal og Luster, lærarar, barnehagelærarar, kommunepsykolog og foreldrerepresentantar.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 27 949 | 26 996 | 30 078 | 30 078 | 30 078 | 30 078 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 113 | 4 785 | 5 441 | 5 241 | 5 241 | 5 241 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 199 | 5 201 | 6 545 | 6 545 | 6 545 | 6 545 |
| Overføringsutgifter | 1 361 | 1 204 | 1 221 | 1 221 | 1 221 | 1 221 |
| Finansutgifter | 297 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 38 919 | 38 186 | 43 285 | 43 085 | 43 085 | 43 085 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -5 743 | -5 345 | -5 940 | -5 940 | -5 940 | -5 940 |
| Refusjoner | -3 921 | -3 203 | -3 817 | -3 817 | -3 817 | -3 817 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 397 | -620 | -820 | -620 | -620 | -620 |
| Sum Driftsinntekter | -11 061 | -9 168 | -10 578 | -10 378 | -10 378 | -10 378 |
| Sum | 27 859 | 29 018 | 32 707 | 32 707 | 32 707 | 32 707 |

Omsorg

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert med tenestekontor, sentralkjøken og 5 tenesteeiningar; Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter, Grandmo miljøtjeneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS). Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 234 Aktiviserings- og servicetenester (eldre og menneske med nedsett funksjonsevne)
- 241 Ergoterapi
- 253 Helse og omsorgstenester i institusjon (inkl kjøken)
- 254 Helse om omsorgstenester til heimebuande (inkl psykisk helseteam)
- 256 Tilbod om øyeblikkelig hjelp døgnopphald (ØHD)
- 273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi (Arbeids- og treningssenteret - ATS)

Helse- og omsorgstrappa

Kommunen si helse- og omsorsgtrapp har 6 nivå:

- Nivå 0: Grunnmuren - førebyggjande arbeid og aktivitet i eit godt aldersvennleg samfunn
- Nivå 1: Heimetenester i eigen heim
- Nivå 2: Heimetenester i omsorgsbustad eller omsorgsplass
- Nivå 3: Heildøgns tenester i omsorgsbustad eller omsorgsplass
- Nivå 4: Tidsavgrensa opphold i korttidsavdelinga (KA) (12 institusjonsplassar) og 2 augeblikkeleg hjelp plassar
- Nivå 5: Langtidsopphald i sjukeheim (30 institusjonsplassar)

På nivå 0 Grunnmuren vert det arbeidd aktivt med førebyggjande folkehelsetiltak som skal bidra til at eldre kan bu lengst mogleg i eigen bustad. Døme på slike tiltak er:

- God informasjon om aktuelle aktivitetar i kommunen (Kommunen si heimeside og Friskus)
- Ulukkes- og skadeførebyggjande arbeid (Luster som trygt lokalsamfunn)
- Tilrettelegging av eigen bustad
- Tilbod om bruk av velferdsteknologi og aktuelle hjelpemiddel
- Tilbod om opplæring i bruk av digitale hjelpemiddel
- Seniortreff ved Gaupne omsorgssenter og generasjons-møteplassar
- Ulike arrangement ved omsorgssentra som del av *den Kulturelle spaserstokken*
- Førebyggjande helsesamtale og *Servicekontor for eldre*
- Balansegrupper ved kvart omsorgssenter og oppstart *Sterk og Stødig*
- SeniorSirkel (trening for 70+) ved Luster treningssenter
- Gode tilgjengelege helsetenester med lege, fysio-, ergoterapi og psykisk helseteam/rus
- Gode dagtilbod psykisk helse/rus og demens
- Luster som alders- og demensvennleg samfunn

Interkommunale tenester:

Samhandlingskoordinator:

Målet med stillinga er at kommunane i fylket skal ha eit felles talerør mot Helse Førde når det gjeld samhandling, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå. Hovudoppgåvene er:

- Koordinere oppnemningar og deltaking i arbeid - Helse Førde
- Sekretær for helse- og omsorgsutvalet
- Ressursperson for KS i saker relatert til helse og omsorg (Rådmannsutval og Fylkesstyret)
- Koordinere høyringsuttalar på vegne av kommunane
- Oppfylle kommunane sine forpliktingar kring saksførebuing og tilrettelegging i felles råd, utval og fora (eks. koordineringsrådet og felles brukarutval)
- Samarbeide med fagnettverka i regionane.
- Koordinere arbeidet med LIS1 teneste i kommunane.
- Ut over dette må personen få høve til å forme sine eigne satsingsområde og strategiar i høve å koordinere opplæringstiltak, fagutvikling og samhandlingsprosjekt.

Sunnfjord er vertskommune. 17 kommunar deltek i samarbeidet og deler kostnadane. Luster skal i 2023 bidra med om lag kr 50 000 for denne stillinga.

Særskilt i 2023

Oppfølging av nasjonale føringer

Leve heile livet:

Stortingsmeldinga *Leve hele livet* skisserer fem innsatsområder; 1) Et aldersvennlig Norge, 2) Aktivitet og fellesskap, 3) Mat og måltider, 4) Helsehjelp og 5) Sammenheng i tjenestene. Kommunane skulle i 2019–2020 ta stilling til tiltak i reforma, og planlegge lokal oppfølging. Arbeidet med oppfølging av reforma starta i Luster i 2019 og er etter dette vidareført med følgjande innsatsområde:

- Aktiv alderdom
- Mat og måltid
- Rehabilitering og kvardags meistring
- Velferdsteknologi og digitalisering
- Samanheng i tenestene og tverrfagleg samarbeid

Denne reforma handlar i hovudsak om førebyggjande folkehelsearbeid og aktiv omsorg, og det har vore ei utvikling mot det å utvikle aldersvennlege samfunn. I dette ligg at arbeidet med reforma vert teke inn i arbeidet med aktuelle kommunale planar, og da særleg samfunns- og arealplanar (KPS og KPA). Det er så langt ikkje tilført statlege midlar til reforma. Arbeidet med reforma har blitt forsinka både lokalt og nasjonalt på grunn av koronapandemien. Reformperioden er difor forlenga til 2024. Luster har sett i verk mange tiltak og arbeidet handlar no i hovudsak om implementering av tiltaka i dagleg drift, og evaluering av effekten av tiltaka.

Leve heile livet - tiltak

Følgjande tiltak er planlagd i 2023:

1. Vidareutvikle systemet for kartlegging- og oppfølging av ernæringsstatus
2. Kompetanseutvikling for tilsette om ernæring/mat og det gode måltid
3. Vidareføre arbeid med innføring og god bruk av klinisk ernæringsfysiolog (KEF)
4. Arbeide vidare med best mogleg transporttilbod til aktuelle innbyggjarar
5. Motverke einsemd og passivitet ved vidareføring av besøksvertar og møteplassar
6. Betra dialog med brukarar og pårørande ved bruk av digitale løysingar
7. Vurdere nye system og tiltak for godt samarbeid med pårørande
8. Tilby og ta i bruk aktuelle hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar
9. Gode pasientforløp internt og eksternt (oppfølging av deltaking i læringsnettverk)
10. Vidareføre og vidareutvikle satsinga på kvardagmeistring og kvardagsrehabilitering
11. Vidareføre og vidareutvikle tilbodet om førebyggjande helseamtale
12. Motivere eldre til å planleggje eigen alderdom og tilby råd/rettleiing og hjelp
13. Vidareføre og vidareutvikle tilbodet *Servicekontor for eldre* (kontor i Helsesenteret)
14. Vidareutvikle samarbeidet med Luster frivilligsentral, frivillige lag og organisasjonar
15. Vidareføre og vidareutvikle *Seniortreff* som ein god møteplass for eldre
16. Utarbeide frivilligkeitserklæring, med vekt på godt samarbeid med seniorressursar
17. Deltaking i nettverk for aldersvennleg samfunn
18. Vidareføre arbeidet med demensvennleg samfunn
19. Bruke aktuelle planar som reiskap for utvikling av eit aldersvennleg samfunn

Rekruttering - Helsepersonellkommisjonen

Auken i tal eldre og nedgangen i tal yrkesaktive - den doble demografiske utfordringa - vil gje store framtidige utfordringar med å dekke personell behovet i omsorgstenestene. Dette er truleg den største nasjonale utfordringa for å sikre gode tenester i framtida, og regjeringa har sett ned ein helsepersonellkommisjon som skal vurdere tiltak for å sikre nok personell fram mot 2040. Kommisjonen skal levere ein NOU innan 1. februar 2023. Dette er eit viktig arbeid, og det blir interessant å sjå kva tiltak som vert tilrådd.

Utviklingsarbeid

Helse og omsorg mot 2030:

Med grunnlag i framtidig auke i tal eldre, redusert tilgang på arbeidskraft og bygningsmessig standardar, vart det i 2022 gjort vurderingar av framtidige/langsiktige løysingar. Tilrådinga etter dette arbeidet er at det vert bygd eit nytt helsecenter syd for Gaupne omsorgssenter, og at dagens helsecenter vert gjort om til leilegheiter/ bufellesskap for eldre. Vidare planlegging må avklare detaljar om nytt bygg syd for Gaupne omsorgssenter, men det bør leggjast vekt på at tal omsorgsplassar i Gaupne vert auka (avlasting, rehabilitering mm.), ei samla løysing for KA/ØHD, legevakt og ambulansestasjon, areal til administrasjon/tenestekontor og leilegheiter/bufellesskap for eldre med moglegheit for heildøgnstenester. For å utnytte arealet best mogleg må det byggjast i fleire etasjar. Ei slik etablering føreset at dagens omsorgsbustader syd for Gaupne omsorgssenter vert sanert. Kor mange som bør sanerast er avhengig av arealbehovet til nytt bygg.

Ei slik etablering vil gje eit helse- og omsorgssenter i Gaupne som kan gje tilbod på alle trinn i helse- og omsorgs-trappa, med gode moglegheiter for fleksible- og individtilpassa tilbod. Det vil også gje bustader for eldre sentralt i kommunesenteret - med nærleik til butikkar, møteplassar, apotek mm. Som ein del

av dette arbeidet bør det og vurderast samarbeid med private utbyggjarar om etablering av leilegheiter/bufellesskap for eldre med moglekeit for heildøgnstenester - sentralt i Gaupne.

Eit overordna mål med alt utviklingsarbeid er at eldre kan bu i eigen bustad så lenge som mogleg - og dette vert særstakt viktig i tida fram mot 2030 (og seinare). Dei fleste av tiltaka skildra under *Leve heile livet*, og førebyggjande folkehelsestiltak skildra under *Helse- og omsorgstrappa*, skal bidra til å nå dette målet.

Fag- og tenesteutvikling:

Det vert arbeidd kontinuerleg med fag og tenesteutvikling og det nasjonale *pasientsikkerhetsprogrammet* vert i stor grad brukt i dette arbeidet. I tillegg til tiltak skildra under *Leve heile livet* over, er arbeidet med kreftomsorg, demensomsorg, palliativ omsorg, habilitering/rehabilitering og fallførebygging prioriterte område. Mot slutten av 2021 vart det sett i gang eit utviklingsarbeid for betra *klinisk observasjons kompetanse* og gjennomføring av *ROS analysar*. Dette vil bli vidareført i 2023.

Kompetanseutvikling:

Arbeidet med kompetanseutvikling er prioritert og dekker alt frå etter-/vidareutdanning til kurs og seminar. Det er etablert gode system for e-læring og døme på slike kurs som har vore prioritert er; *Matomsorg og ernæringstiltak*, *Tvang og makt*, *Samtykkekompetanse* og *Dokumentasjon*. Arbeidet med kompetanseutvikling vert styrt av einingane sine *årshjul for kompetanseutvikling*, og dette arbeidet vil bli vidareført i 2023.

Velferdsteknologi:

Bruk av ulike velferdsteknologiske løysingar er implementert i dagleg drift, og det er opparbeidd god kompetanse i organisasjonen innan dette område. Den største satsinga har vore etablering av pasientvarslingsanlegg. Dette er no på plass ved Hafslo omsorgssenter og i Korttidsavdeling (KA), og innføringa har starta ved Luster omsorgssenter. Som del av dette vil også telefonisystemet ved Luster omsorgssenter bli lagt om.

Hjelpemiddellager og hjelpemiddelsystem:

For mange heimebuande og andre brukarar er det særstakt viktig at dei får gode hjelpemiddel raskt levert og ev installert. Dette har vore eit utfordrande område - ikkje minst i høve lagerkapasitet, vedlikehald mm. I 2022 vart det etablert eit nytt hovudlager for hjelpemiddel i den gamle brannstasjonen i Gaupne. I tillegg til god lagerkapasitet, kan ein her utføre reparasjonar og vedlikehald. ATS har fått ei sentral rolle i dette i form av lagerstyring, vedlikehald, utkøyring mm. Det vil i 2023 bli arbeidd med vidareutvikling av dette systemet, og da ikkje minst ergoterapeutane sitt viktige arbeid med råd/rettleiing og hjelp til tilpassing av eigen bustad.

Rekruttering:

Den er utfordrande å rekruttere sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Rekruttering av sjukepleiarar har vore særleg utfordrande ved Luster omsorgssenter (LOS) og det vert difor gjeve eit lønnsstøtte på kr 30 000 til sjukepleierar som arbeider ved LOS. Det er også innført eit rekrutteringstiltak for sjukepleiarstudentar med eit stipend på kr 35 000 per studieår (kr 105 000 for tre studieår) mot to års bindingstid. For å betre rekrutteringa av helsefagarbeidarar er det ei aktiv satsing på lærlingar, og eigne tilsette har gjennomført utdanning for å bli fagarbeidarar der kostnadene til utdanninga vert dekkja av

arbeidsgjevar. Det er og arbeidd aktivt for å tilby innvandrarar helsefagleg utdanning. Fleire har- og nokre er i gang med å kvalifisere seg. Etablerte tiltak vil bli videreført i 2023 og nye tiltak vil bli vurdert.

Kva type arbeidstids-/turnusordningar omsorgstenesta har er viktig for rekrutteringsarbeidet. Den generelle utviklinga syner ynskje om fleksibilitet, sjeldnare helgearbeid og gjerne lengre samanhengande arbeids- og friperiodar. Dette vert teke omsyn til ved at det vert utarbeidd årsturnus og at det er moglege å arbeide langvakter (på frivillig basis).

I tillegg til utfordringar med rekruttering til faste stillingar, er det tidvis svært krevjande å skaffe vikarar. Dette er ei stor utfordring som kjem av lite ledig arbeidskraft. I tillegg har dei fleste tilsette i omsorgstenesta fått store stillingar. Dette er bra, men gjev mindre ledig kapasitet hjå eigne tilsette (og bruk av eigne tilsette utløyer raskt overtidsbetaling). I 2022 vart denne utfordringa i noko grad møtt ved at grunnbemanninga i nokre einingar vart styrka. Dette vert videreført i 2023 med styrking av grunnbemanninga ved Gaupne omsorgssenter. Det må og arbeidast vidare med at tilsette kan arbeide meir fleksibelt og behovsretta.

Heiltidskultur:

Det er dei siste åra arbeidd systematisk for å få til heiltidskultur i omsorgstenesta, og det er vedteke kva indikatorar som skal brukast for å måle i kva grad ein har heiltidskultur i den einskilde eining. Resultata syner at ein har kome langt i høve *frivillig deltid*, men at det er til dels mange som fortsett vil arbeide *frivillig deltid*. Det er mange individuelle grunner til at tilsette arbeider frivillig deltid, som ofte er styrt av lovfesta rettar. Arbeidet med mål om størst mogleg grad av heiltidskultur vil bli videreført i 2023.

Utviklingsarbeid ATS:

ATS har utarbeidd ein strategi for langsiktig vidare utvikling - "ATS 2024". I dette ligg mellom anna utgreiing for renovering og oppgradering av hovudbygningen ved ATS samt utviding av bygningsareal for å svara opp dagens situasjon og møte framtidige behov, samt å sikra mogelegheit for vidare utvikling av tenesta.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

| | Beløp i 1000 | | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 158 456 | 157 175 | 176 399 | 176 899 | 176 899 | 176 899 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 18 321 | 19 223 | 15 302 | 15 236 | 15 236 | 15 236 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 494 | 6 515 | 3 360 | 3 360 | 3 360 | 3 360 |
| Overføringsutgifter | 3 591 | 3 420 | 3 450 | 3 450 | 3 450 | 3 450 |
| Finansutgifter | 15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 185 877 | 186 334 | 198 510 | 198 944 | 198 944 | 198 944 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -19 836 | -20 539 | -13 263 | -13 263 | -13 263 | -13 263 |
| Refusjoner | -22 569 | -13 080 | -19 583 | -19 583 | -19 583 | -19 583 |
| Overføringsinntekter | -13 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -56 | -500 | -66 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | -42 475 | -34 118 | -32 912 | -32 846 | -32 846 | -32 846 |
| Sum | 143 402 | 152 215 | 165 598 | 166 098 | 166 098 | 166 098 |

Samfunn og næring

Skildring av verksemda i dag

Samfunn og næring er eit av to ansvarsområde under stabseining forvaltning og utvikling. Det er to avdelingar under området, næring og landbruk og plan. Ansvara som ligg under samfunn og næring er landbruk (inkl. natur- og miljøforvaltning), næring, plan, beredskap og kulturarv. For meir omtale av desse, sjå underkapittel.

Særskilt i 2023

Området har ei ny organisering, der næring og landbruk er ei ny samla avdeling med ein avdelingsleiar og to fagleg ansvarlege. Planavdelinga er ikkje særleg påverka av ny organisering. I 2023 vil det vere viktig å late ny organisering få setje seg og vidareutvikle den gode samhandlinga på tvers mellom dei ulike ansvarsområda i på forvaltning og utvikling.

Viktigaste satsingsområdet for vidare samfunnsutvikling vil vere å ta kommuneplanen sin samfunnsdel over til kommuneplanen sin arealdel. Kommuneplanen sine to delar vil vere eit avgjerande grunnlagsdokument samfunnsutviklinga til Luster i tida framover.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

| | Beløp i 1000 | | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | |
|--|--------------|----------------|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | | | 2023 | 2024 | 2025 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| Lønn | | 11 038 | 11 750 | 12 653 | 12 942 | 12 542 | 12 542 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | | 3 805 | 2 849 | 4 528 | 4 528 | 4 528 | 4 528 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | | 1 743 | 2 192 | 1 814 | 1 814 | 1 814 | 1 814 |
| Overføringsutgifter | | 14 610 | 2 589 | 7 276 | 5 026 | 5 026 | 5 026 |
| Finansutgifter | | 31 607 | 16 350 | 16 361 | 16 361 | 16 361 | 16 361 |
| Sum Driftsutgifter | | 62 803 | 35 729 | 42 632 | 40 671 | 40 271 | 40 271 |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| Salgsinntekter | | -3 209 | -2 904 | -5 182 | -7 807 | -7 807 | -7 807 |
| Refusjoner | | -12 008 | -3 180 | -4 760 | -4 760 | -4 760 | -4 760 |
| Overføringsinntekter | | -210 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | | -37 691 | -20 070 | -23 919 | -21 669 | -21 269 | -21 269 |
| Sum Driftsinntekter | | -53 118 | -26 154 | -33 861 | -34 236 | -33 836 | -33 836 |
| Sum | | 9 685 | 9 575 | 8 771 | 6 435 | 6 435 | 6 435 |

Måltabell

| Hovudmål | Delmål |
|---|---|
| Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster | |
| Landbruket har gode rammer og det er mangfold innan landbruksproduksjonen i Luster | Verdiskapninga og produksjonen i landbruket oppretthaldast |
| Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemndene | Luster kommune er offensiv for medfinansiering av utviklingsprosjekt i næringslivet jmfr «grunnlag for handsaming av næringssaker - Det gjeld både eksisterande bedrifter og nystarta bedrifter/grunderar |
| Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sognregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar | Luster kommune deltek aktivt for å utvikle fleire offentlege arbeidsplassar i Sognregionen |

Landbruk

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med avdelinga næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til fagleiar landbruk og naturforvaltning.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 329 Landbruksforvaltning
- 360 Naturforvaltning

Særskilt i 2023

Oppfølging av kommunale vedtak

Tilrettelegging og stimulering av landbruket:

Luster kommune er ein av dei største landbrukskommunane Vestland fylke. I 2021 var det ei samla utbetaling av statleg landbruksstøtte til føretaka på omlag 69 millionar kroner til 225 føretak som søkte om produksjonstilskot i Luster. Dette er 4 millionar kroner meir, og til 2 fleire føretak enn 2021.

Kommunen si rolle er både å tilrettelegge/stimulere samt å driva forvalting. I forvaltinga av statlege og kommunale tilskotsordningar er det viktig med grundig oppfølging og kontroll slik at intensjonen for tilskotet blir følgt og at det vert likebehandling mellom brukarar. Av stimulerande tiltak er det fleire kommunale landbruksrelaterte tilskotsordningar som blir rullert i dokumentet «Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune».

Luster kommune har i fleire år hatt ei ordning med kommunalt lån i samband med større investeringar. Ordninga reduserer risiko og er særleg gunstig i oppstartsfasen med to års rente og avdragsfriheit.

Etter storfeprosjektet har det vore ynskje om å arbeide med ei satsing på lokale klimatiltak for landbruket i Luster. Vi har ikkje fått rigga eit slikt prosjekt, men har nyttå etablerte tilskotsordningar som støtter opp om klimatiltak. Ei 60% engasementsstilling som har styrka landbruksforvaltninga dei siste tre åra er eit ønskja tiltak å vidareføre, men er ikkje lagt inn i budsjettet. Vert ev å revurdere i samanheng med samla bemanning i eininga forvaltning og utvikling.

Det er frå 2022 etablert eit nytt investeringstilskot til solcelleanlegg innan næring og landbruk. Det har i 2022 vorte innvilga 3 søknadar og kr 136 628 i samla tilskot til solcelleinvesteringar innan landbruket.

I 2021 og 2022 har det vore stor aktivitet med uttak av gran. Både med hogstmaskin, lassberar og gjennom taubanedrifter. Kommunen deler ut tilskot til drift i bratt terreng i medhald av den kommunale tiltaksstrategien og etter råmetildeling frå Statsforvaltaren. I kjølvatnet av hogsten har det vore stor aktivitet med replanting av areala og kommunen har ein viktig funksjon med omsyn til å løyve og betale ut tilskot samt skogfond til skogeigarar.

Veterinæravtordninga:

Avtale er etablert. Det er i 2022 gjeve tilskot til finansiering (via næringsfondet) til utstyr til å etablere smådyrklinikk på Gaupnegrandane for å gje ålmenta i Luster betre tilgang til veterinærtenester, og for å letta rekruttering til veterinæravtak.

Naturforvaltning i Luster kommune:

Luster har mykje natur og kommunen har oppgåver knytt til viltforvaltning, ureining og friluftsliv. I tillegg har kommunen fått ansvar for forvaltning av åtte mindre verneområde og administrering av fylkesfellingslaget for rovdyr.

Hjortejakta er basert på grunneigarrettar, men mange små eigedomar har ført til mange små jaktvald. Hjortebestanden er stor og bør ikkje auke grunna beiteskader og påkøyrsler. For å få ei meir effektiv jakt og meir retta avskyting, bør jakta organiserast i større einingar.

Ny forvaltningsplan for hjort (2021-2024), og ny lokal forskrift, skal ligga til grunn for dette arbeidet. Forskrift vart revidert hausten 2022 og trer i kraft 01.01.2023.

I 2022 fekk Luster kommune tildelt midlar til ulike tiltak i dei mindre verneområda på ca. 1,16 millionar kroner. Dette er løyving opp mot nasjonalparknivå. I 2022 vart tiltaka knytt til tilretteleggingstiltak på Nigardsbreen, myrrestaurering og fjerning av gran i 3 ulike naturreservat . God fagleg kompetanse innan naturforvaltning i kommunen og samarbeidet med nasjonalparkforvaltningsknutepunkt Gaupne (5 statlege arbeidsplassar) gjev kommunen tilgang til og god dialog kring tilretteleggingsmidlar. I tillegg til å sikre vernet av områda, er det blitt viktigare med tilrettelegging og ønskje besökande velkommen inn. Gode naturopplevingar er viktig både for lokale og tilreisande og har særleg stor påverknad på reiselivet.

Utviklingsarbeid

Landbruksnæringa er viktig både for sysselsetting og busetnad i Luster. Landbruket i Luster står for størstedelen av klimautsleppa i kommunen. Det viser først og fremst at Luster har ei stor og levedyktig husdyrnæring med mange og store drøvtyggarbruk. Samstundes forventar samfunnet at landbruket skal gjera sin del for å få ned klimaavtrykket i si næring. I samband med dette er det lagt fram tre område som kan påverkast for å minske klimaavtrykket i landbruksnæringa.

1. Klimavenleg bruk av husdyrgjødsel

Spreiing av husdyrgjødsel er forbunde med utslepp av klimagassar til luft og vatn. Ved å spreie gjødsla på riktig måte og til rett tid kan ein redusere dette kraftig. Kommunen bør gjera tiltak for å få fleire til å kjøpa utstyr til nedlegging og nedfelling. Dette kan vera i form av rådgiving, fagdagar og evt. støtte til innkjøp av utstyr.

2. Satsing på frukt, bær og grønt

Produksjon av frukt, bær og grønsaker gir lågare utslepp av klimagassar per produsert eining sett mot husdyrproduksjon. Samstundes gir desse produksjonane god utnytting av høgproduktive areal og kan gi ei lønsum drift på relativt små bruk. Kommunale støtteordningar og samarbeid med fagmiljø i distriktet bør utnyttast for å utvikla næringa.

3. Klimarådgiving og forvalting

Både Tine og Norsk landbruksrådgiving tilbyr individuelt utarbeida klimarådgiving for landbruksføretak. Eksempel på tiltak som det blir jobba med er Mekanisering og maskinbruk, jord- og grøftetilstand, grovförproduksjon, energiproduksjon og gjødsling. Det blir i dag gitt støtte gjennom regionalt miljøtilskot til klimarådgiving.

I tillegg til rådgiving kan kommunen utarbeide ein strategi for klimavennleg forvalting av jordbruksareal og bruk av statlege tilskotsmidlar. Dette kan gjelda kjøp av tilleggsjord, godkjenning av nydyrkingsareal, bruk av SMIL-midlar osb.

Arbeidet i Vassregion Sogn bør halda fram. Det er påvist for dårleg vasskvalitet i nokre vasslokalitetar, og det kan vere aktuelt med tiltak knytt til både avrenning frå landbruket og frå små avløpsanlegg. Regulering, tilsyn og kontroll med næring og små avløpsanlegg bør fortsette å bli prioritert i 2023. Særleg kartlegging av små avløpsanlegg er omfattande, og er føresett delfinansiert via noverande gebyrordning (slam/VA). I budsjettet er det lagt inn ei styrking av kapasiteten til dette arbeidet. Styrking er gebyrfinansiert.

Naturforvaltning er viktig i ein utmarkskommune som Luster. Jakt og fiske er viktige rekreasjonsaktivitetar for lokale, og storlagen natur trekk til seg besökande frå heile verda. Nigardsbreen er ein av dei store opplevingane for turistar i Sogn og kommunen arbeidar aktivt med besøksforvaltning som vernemyndigkeit. Utfordring med tilbaketrekking av breen aukar mellom anna behovet for tilrettelegging og i 2022 vart det etablert ei bru over breelva for å sikre tilkomsten til breen og betre tryggleiken for dei besøkjande.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 3 537 | 3 933 | 3 906 | 4 194 | 4 194 | 4 194 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 788 | 312 | 911 | 911 | 911 | 911 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 447 | 1 470 | 1 336 | 1 336 | 1 336 | 1 336 |
| Overføringsutgifter | 1 748 | 1 239 | 2 354 | 2 104 | 2 104 | 2 104 |
| Finansutgifter | 1 523 | 0 | 11 | 11 | 11 | 11 |
| Sum Driftsutgifter | 10 043 | 6 954 | 8 517 | 8 555 | 8 555 | 8 555 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -250 | -302 | -321 | -321 | -321 | -321 |
| Refusjoner | -3 850 | -1 988 | -2 637 | -2 637 | -2 637 | -2 637 |
| Overføringsinntekter | -210 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 652 | -514 | -1 604 | -1 354 | -1 354 | -1 354 |
| Sum Driftsinntekter | -6 962 | -2 803 | -4 562 | -4 312 | -4 312 | -4 312 |
| Sum | 3 081 | 4 151 | 3 954 | 4 243 | 4 243 | 4 243 |

Næring

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med fagområda næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar. Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 285 Breiband
- 320 Kommunal næringsverksemnd
- 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Særskilt i 2023

Næringsutvikling

Oppfølging av politiske vedtak

Tilrettelegging og hjelp for næringslivet:

Luster kommune skal vere aktiv i høve delfinansiering av både små etablerarprosjekt og større satsingar i næringslivet. Kommunen kan ha ein rolle både ved utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye. Det er fleire interessante utviklingsprosjekt under gjennomføring og på planstadiet i næringslivet i Luster.

I februar 2022 vedtok kommunestyret; "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune", styringsdokument for både administrativ og politisk handsaming av næringssaker. Det var ingen større endringar i dokumentet, som no er godt gjennomarbeidd og kjent. Det er føresett ny gjennomgang i 2023 med drøfting av kva/korleis me nytta næringsfondet, ytterlegare satsing på grøn næringsutvikling både i eksisterande verksemder og ved nysatsingar, deltaking i regionale utviklingsprosjekt mv

Koronapandemien:

Det er nok koronapandemien som har påverka utviklinga i næringslivet mest også i Luster kommune dei siste åra. Etter at Noreg vart «nedstengt» den 12.3.20 har ulike deler av næringslivet merka konsekvensane av pandemien. Det er reiselivsnæringa som har merka pandemien mest. Både 2020 og 2021 vart spesielle år for reiselivet. Auke i norske gjester og relativt stor nedgang i utanlandske. No i 2022 ser det ut til at mange av verksemndene er på veg attende til trafikk som liknar på 2019-sesongen.

Men det var også utfordringar i både industri, handel og bygg/anlegg i den første fasen etter 12.3.20. Talet på permiterte i Luster kommune auka raskt til 248 personar den 14.4.20, så gjekk talet attende til 154 personar den 27.5.20, og 31 personar den 2.11.20. Pr august 2022 er det svært låg arbeidsløyse i Luster kommune. Det er derimot ei stor utfordring for fleire verksemder å rekruttere nok arbeidskraft med rett kompetanse.

Aktuelle område det skal arbeidast med i 2023:

- Rullering av dokumentet, "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune" i kommunestyret februar 2023.

- Arbeidet med felles kompetanseutvikling for næringslivet vil bli vidareført med temamøte vinteren 2023. Dette vil skje i samarbeid med næringslivet. Dette er arrangement der Luster kommune og Luster Sparebank samarbeider om det praktiske. Det er også møte og kurs på regionalt nivå der både Luster kommune og næringslivet i Luster er aktive deltagarar. Det vi har lært siste åra er at digitale møte på nettet kan delvis kompensere for samlingar der vi møtest fysisk.
- Posten «Aktivitetsplan reiseliv» har i 2022 hovudsak vore nytta til finansiering av Luster kommune sin del av økonomisk bidrag til selskapet Visit Sognefjord AS. Selskapet har ein offensiv strategi for å gjøre Sognefjorden til eit endå betre reisemål. Visit Sognefjord sette i gang eit stort arbeid med å utforme Masterplan for reiselivsnæringa i Sogn i 2018. Planen er ferdig, og skal gjelde for perioden 2021 – 2035. Planen skal ha eit bærekraftperspektiv. Det vert no arbeidd med å setje innhaldet i masterplanen ut i praktisk handling.
- Sommaren 2023 vil det nye utleigebygget som Luster kommune byggjer og eig, stå ferdig. Bygget skal leigast ut til NTP på kommersielle vilkår.
- Det vil bli jobba med eit utleigebygg til LMI, det er reservert investeringsmidlar til tiltaket.
- Det er også reservert investeringsmidlar til stimulering av bustadbygging ved at kommunen kan kjøpe leiligheter.

Sogn skisenter:

Luster kommune er positive til den vidare utviklinga av Sogn Skisenter. Kommunen vil bidra aktivt i lag med Sogn Skisenter og idrettslaga for å få realisere prioriterte utbyggingar som hopp, rulleski, langrenn og stadionanlegg. Det er gjennom arbeidet vedteke å revidere vedteken reguleringsplan.

Luster kommunen er også positive til planane om å utvide det alpine tilbodet.

Utviklingsarbeid

1. Gjennom Sogn Regionråd er no alle næringsansvarlege i kommunane i eit samarbeidande nettverk, Næringsnettverket i Sogn. Vidareutvikling av næringslivet i regionen og den regionale arbeidsmarknaden er sentralt i dette arbeidet. Det vert no arbeidd med prosjekt i Sogn med ei slik innretning:
 - Utvikle og koordinere konkrete utviklingsprosjekt. I 2021/22 har regionrådet sluttat seg til følgjande fire delprosjekt:
 - *Reiseliv*. Samarbeid om produktutvikling og infrastruktur. Stimulere og bidra til fleire aktivitets- og kombinasjonsprodukt i reiselivsnæringa i Sogn. Samarbeid om å forbetre infrastrukturen som er viktig for reiselivet.
 - *Teknologi og digitalisering*. Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurranseskraft.
 - *Profil og merkevare for Sogn*. Sogn har samla ein variert arbeidsmarknad, og i åra som kjem vil det vere ein kamp for å sikre seg dei beste hovuda. Å arbeide med å profilere Sogn som ein god plass å bu, arbeide og drive næring vil vere viktig for å sikre rett arbeidskraft til regionen.
 - *Offentlege arbeidsplassar*. Målretta arbeid administrativt og politisk på regionnivå for å legge til rette for dei eksisterande offentlege verksemndene samt arbeide for å få etablert nye statlege arbeidsplassar i Sogn.

Status breiband:

Det har vore arbeidd aktivt med høgkvalitetsbreiband til innbyggjarane og næringslivet i Luster over tid. Det er Luster energiverk AS som er den juridiske eigaren av det meste av fiberen i Luster kommune. Transportfiberen (deler av den) vert nyttta av fleire selskap ma Hydro, Statkraft, Statnett, Sognekraft og Telenor, desse selskapa har driftsavtale med Luster energiverk. Det er og Luster Energiverk som eig fiberen inn til husa ved fiberutbygginga til innbyggjarane i kommunen, men Sognenett leiger den fiberen på kommersielle vilkår frå Luster energiverk. Sognenett har avtale med kunden om nettleveransen.

Luster kommune har vore aktiv i søknadsprosessane og fått på plass finansiering frå Nkom (staten) til utbygging av breiband (om lag 12 mill kr i tilskot frå staten). Kommunen har sjølv og bidrige med finansiering. Utbygging av fiber med offentlege finansieringsbidrag har vore lyste ut på anbud.

Det er framleis område i Luster kommune med svak mobildekning. Det vil dei kommande åra bli bygd ut 5G ved mobilbasestasjonane i Luster kommune. 5G gjev høg datahastigheit.

Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak å yte tilskot til betra mobil-dekning på Mollandsmarki og Luster/Berge med inntil 2 million kroner.

Næringsområde

Luster kommune har vorte kontakta av investorar/ utbyggjar som har vist interesse for å etablere eit datalagringscenter i på Reiarmoen/ Hausamoen. Her er alt Bluefjords AS etablert med tilsvarande verksemd, då dette er eit knutepunkt for straumforsyning. Dette gjer at det er sikker tilgang på rein energi med god kapasitet, noko som gjer det interessant for etableringar innan datalagringsnæringa. I og med at Statnett er i ferd med å bytte nettstasjon, så har Sognekraft kjøpt den gamle nettstasjonen, mellom anna med tanke på levering av straum til kraftkrevjande næring. Sognekraft har saman med dei andre interessentane etablert Sogn Datasenter AS som arbeidar for etablering innan planområdet.

Luster kommune har sett i gang arbeid med å utarbeide ein reguleringsplan for heile området.

Reguleringspanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Det er enno byggeaktivitet i området grunna Statnett sitt arbeid med utviding av høgspenningsanlegget og omplassering av nettstasjonen sin.

Bluefjords har fått ny eigar og det føregår no vidareutvikling av verksemda.

Det er og slik at sjølv om det er att ledig næringsareal på Gaupnegrandane og Røneidsgrandane, så er det begrensa. Det gjer at Luster kommune må byrje å sjå etter nye alternativ, og Hausamoen er eit område som peikar seg ut.

Klimautfordringar og næringslivet i Luster kommune

Luster er ein av dei kommunane i Noreg med størst produksjon av grøn energi. Det er det viktigaste bidraget til kommunen i den nasjonale klimarekneskapen. Det står enno att vasskraft å bygge ut. I 2022 vart Bergselvi sett i produksjon. Øvre Storelvi på Veitastrond og Mordøla ved Sørheim er under bygging.

Prosjekta Øyane og Illvatn pumpekraftverk i Fortun har fått konsesjon.

Staumprisar

I 2022 har straumprisane vorte svært høge. For Luster kommune betyr dette auke i inntekter gjennom sal av konsesjonskraft, men for næringslivet i kommunen vart prisane ei stor utfordring. Kommunestyret gjorde derfor vedtak om sal av straum til næringslivet i møte i mars 22:

Luster kommune tilbyr næringslivet i Luster kommune kjøp av konsesjonskraft på slike vilkår:

- *Avtale om kontrakt på eitt år, då vert prisen 70 øre eks mva*
- *Avtale om kontrakt på 3 år, då vert prisen 50 øre eks mva.*
- *Luster energiverk vert engasjert til å administrere tilbodet.*
- *Tilbodet vert avgrensa til tilgjengeleg uttak av konsesjonskraft.*
- *Tilbodet gjeld frå 1.5.2022.*

Dei fleste verksemndene i kommunen har no tinga kontraktar på 3 år.

Luster kommune har fått medfinansiering frå Vestland fylkeskommune til bygging av ny hurtigladestasjon i Fortun. Denne hurtigladestasjonen vart opna våren 2022. Det er viktig for elbileigarar som skal over det «energikrevjande» Sognefjellet. Det er og planlagt hurtigladning ved YX på Hafslø og ved den nye energistasjonen på Røneidsgrandane.

Det er no fleire verksemder som bygger vanlege ladepunkt ved bedriftene sine, både til dei tilsette og til kundar. Pr dato er det 23 verksemder som har eit slikt tilbod, mange av desse er reiselivsverksemder som har fått støtte frå Vestland Fylkeskommune.

«Grunnlag for handsaming av næringssaker» vart vedteke i kommunestyret i februar 2022. Her er det med eit avsnitt der det står:

«Luster kommune vil i sitt næringssarbeid yte ekstra økonomisk medverknad til næringssprosjekt som har positiv klimaeffekt. Det vil vere søkjær si oppgåve å beskrive slike effektar. Den kommunale medverknaden til klimarette næringstiltak må vurderast frå sak til sak.»

Fleire verksemder har no planar om miljøsertifisering. Luster kommune yter eit tilskot kr 20.000 til verksemder som gjennomfører miljøsertifisering. Det er no 14 verksemder i Luster med miljøsertifikat og fleire arbeider med å bli det.

I fleire av næringssakene ser vi no at verksemder gjennomfører utviklingstiltak som har positiv klimaeffekt.

Næringsbygg

Luster kommune byggjer og leiger ut eit næringsbygg som vert leigd ut til NTP på kommersielle vilkår.

I 2023 vil eit liknande prosjekt knytt til LMI ta form, der kommunen vil kjøpe to eksisterande næringsbygg (administrasjonsbygg og hall) frå Siva og byggje på hallen. Også her utleige på kommersielle vilkår. Sidan kommunen allereie eig fleire næringsbygg, og det er eit nytt bygg under bygging og det vert vurdert tiltak knytt til LMI, vil vi i 2023 greie ut korleis det er mest hensiktsmessig å forvalte eigedomsmassen knytt til næringsbygg. Alternativ kan vere å halde fram som i dag, eller å overføre næringsbygga til eit eige AS eller KF.

Næringslån

Renta på næringslån blir heva til 4,0 % frå 01.01.2023.

Driftsbudsjett**Fordeling på hovedart***Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 1 073 | 1 709 | 1 452 | 1 452 | 1 052 | 1 052 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 693 | 873 | 1 230 | 1 230 | 1 230 | 1 230 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 22 | 422 | 23 | 23 | 23 | 23 |
| Overføringsutgifter | 12 599 | 1 350 | 4 923 | 2 923 | 2 923 | 2 923 |
| Finansutgifter | 29 883 | 16 350 | 16 350 | 16 350 | 16 350 | 16 350 |
| Sum Driftsutgifter | 44 270 | 20 704 | 23 978 | 21 978 | 21 578 | 21 578 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -524 | -545 | -2 468 | -5 093 | -5 093 | -5 093 |
| Refusjoner | -5 662 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -35 039 | -19 557 | -22 315 | -20 315 | -19 915 | -19 915 |
| Sum Driftsinntekter | -41 224 | -20 101 | -24 783 | -25 408 | -25 008 | -25 008 |
| Sum | 3 046 | 602 | -805 | -3 430 | -3 430 | -3 430 |

Plan

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar avdelinga plan. Plan har ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, arealplanlegging, forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar samt kartforvaltning og oppmåling. Ansvar og mynde er internt delegert til plansjefen.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 301 Plansak
- 302 Byggsak
- 303 Oppmåling

Særskilt i 2023

Vi skal følgje opp planprogrammet, der følgjande planar har høg prioritet i 2023:

- Kommuneplanen sin arealdel – KPA (oppstart med planprogram i 2022)
- Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Kommunedelplan for naturmangfold
- Buffersoneplan (Ornes)
- Områdeplan Hafslo
- Øyagata med Bruflat bustadområde
- Gaupne sentrum
- Marheim
- Nedre del av Engjadalselvi og Gaupnegrondane
- Fonndøla – Hausamoen
- Heggmyrane – revisjon/utviding
- Sandvikhaugen

For meir omtale av dei ulike planane, og oversyn over planar som ikkje vert handsama etter plan- og bygningslova syner vi til planprogrammet. Luster kommune skal i tillegg sikre oppfølging av private planinitiativ

Utviklings- og utgreiingsoppgåver

- Gjennom KPA bør det gjerast ei revurdering av om Haugane/Tandla i Gaupne kan eigne seg til bustadutviklingsområde.
- Bidra inn i utgreiing av tomteval kulturbrygg i Gaupne og fleirbrukshall på Hafslo
- Setja fokus på redusere talet på 0/0 teigar i kommunen. Lage eit system/ ein mal for å få matrikulert sameigar mm.

Forvaltningsoppgåver

- Vidareføre rask sakshandsaming av byggjesaker og oppmålingssaker i tråd med lovpålagte tidsfristar.
- Kontinuerleg arbeid med forbetring av kvalitet på kommunalt kartverk.
- Redusere talet på feil/ manglar i bygningsdelen til matrikkelen.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 6 428 | 6 107 | 5 670 | 5 670 | 5 670 | 5 670 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 323 | 1 664 | 1 827 | 1 827 | 1 827 | 1 827 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 274 | 300 | 330 | 330 | 330 | 330 |
| Overføringsutgifter | 263 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansutgifter | 201 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 8 490 | 8 071 | 7 828 | 7 828 | 7 828 | 7 828 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -2 435 | -2 058 | -2 393 | -2 393 | -2 393 | -2 393 |
| Refusjoner | -2 497 | -1 192 | -88 | -88 | -88 | -88 |
| Sum Driftsinntekter | -4 932 | -3 249 | -2 481 | -2 481 | -2 481 | -2 481 |
| Sum | 3 558 | 4 822 | 5 346 | 5 346 | 5 346 | 5 346 |

Beredskap

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet ligg under avdelinga landbruk og næring. Under beredskap ligg ansvaret kommunen har for beredskap, særleg knytt til vern mot naturskade. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 339 Beredskap mot brann og andre ulukker (her er det primært andre ulukker som er ført)

Særskilt i 2023

Opparbeide kompetanse og følgje opp overordna ROS-analyse og vedteken beredskapsplan for 2023. Øving er ein naturleg og prioritert aktivitet.

Kommunestyret vedtok å yte anleggsbidrag til mobildekning Mollandsmarki og Luster/Berge, kostnad inntil 2 million kroner.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|-------------------|------------------|-------------|------------|------------|------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 101 | 101 | 101 | 101 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i communal egenproduksjon | 0 | 0 | 30 | 30 | 30 | 30 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 131 | 131 | 131 | 131 |
| Sum | 0 | 0 | 131 | 131 | 131 | 131 |

Kulturarv

Skildring av verksemda i dag

Dette ansvaret omfattar både kommunen sin aktivitet knytt til generelt kulturminnevern og verdsarven Urnes.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 365 Kulturminneforvaltning

Særskilt i 2023

- Buffersoneplanen for Ornes vil etter planen bli lagt ut på høyring tidleg i 2023.
- På investeringsbudsjettet ligg brannsikring av tunet på Ornes, og dette vil bli jobba med i 2023. Midlane frå Riksantikvaren må søkjast på nytt, men vi har god dialog med Riksantikvaren om dette.
- I 2022 starta eit prosjekt med skjøtselsmedarbeidar på Ornes, finansiert av tilskotsmidlar frå Riksantikvaren. Dette prosjektet ønskjer vi vidareført for å sikre god landskapspleie knytt til verdsarven. Knytt til dette prosjektet blir det nokre tilhøyrande prosjekt; ekstra beitetiltak og kursserie i skjøtsel på Ornes.
- Det er søkt om tilskot til vidareutvikling av Skulehuset på Ornes og utstillinga der.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|--|-----------|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 1 524 | 1 524 | 1 524 | 1 524 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 530 | 530 | 530 | 530 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 125 | 125 | 125 | 125 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 2 180 | 2 180 | 2 180 | 2 180 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Refusjoner | 0 | 0 | -2 035 | -2 035 | -2 035 | -2 035 |
| Sum Driftsinntekter | 0 | 0 | -2 035 | -2 035 | -2 035 | -2 035 |
| Sum | 0 | 0 | 145 | 145 | 145 | 145 |

Eigedom

Skildring av verksemda i dag

Eigedom er eit av to ansvarsområde under stabsområde forvaltning og utvikling. Det er ei avdeling (eigedom) og ei tenesteeining (teknisk drift) under området. Ansvara som ligg under eigedom er eigedom, veg og park, kommunale bygg, utleigebustad, VARS og brannførebygging. Det er tett samarbeid mellom eigedom og teknisk drift i arbeidet innanfor dette feltet.

Sjå underkapittel for nærmere omtale av dei ulike ansvara.

Særskilt i 2023

Forvaltning og utvikling har ei ny organisering, men eigedom og teknisk drift er mindre påverka. To medarbeidarar, som også tidlegare har arbeidd med oppgåver for eigedom har gjennom OU-prosessen fått endra tilhørsle fra sørvistorget til eigedom. I 2023 vil det vere viktig å late ny organisering få setje seg og vidareutvikle den gode samhandlinga på tvers mellom dei ulike ansvarsområda på forvaltning og utvikling.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 24 605 | 22 643 | 28 231 | 28 446 | 28 446 | 28 446 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i communal egenproduksjon | 24 667 | 24 894 | 34 912 | 34 912 | 34 912 | 34 912 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter communal egenproduksjon | 10 181 | 11 192 | 15 064 | 14 064 | 14 064 | 14 064 |
| Overføringsutgifter | 3 387 | 1 000 | 2 280 | 1 111 | 1 111 | 1 111 |
| Finansutgifter | 477 | 18 | 75 | 75 | 75 | 75 |
| Sum Driftsutgifter | 63 317 | 59 747 | 80 562 | 78 608 | 78 608 | 78 608 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -24 367 | -23 863 | -36 714 | -36 714 | -36 714 | -36 714 |
| Refusjoner | -4 439 | -450 | -1 010 | -1 010 | -1 010 | -1 010 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 175 | -955 | -1 329 | -1 329 | -1 329 | -1 329 |
| Sum Driftsinntekter | -29 982 | -25 268 | -39 053 | -39 053 | -39 053 | -39 053 |
| Sum | 33 336 | 34 479 | 41 509 | 39 555 | 39 555 | 39 555 |

Måltabell

| Hovudmål | Delmål |
|--|--|
| Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga | Klimagassutsleppa og energibruken frå kommunen sin verksemd reduserast |
| Pålitleg og bærekraftig infrastruktur og robuste tenester | Luster er ein trafikksikker kommune med god tilrettelegging for gående og syklande |
| | Trygg levering av veg, vatn og avløp |
| Sterke og attraktive og lokalsamfunn | Attraktive tettstader som tilbyr varierte bustad- og tenestetilbod og gir bulyst |
| Trygge og attraktive bustader | Luster kommune vil ha gode og framtidsretta bustader og bustadløysningar for barnefamiliar, eldre og utsette grupper |

Eigedom

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar avdelinga eigedom. Stabsfunksjonen eigedom er eigar og forvaltar av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom kjøper tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg. Eigedom har prosjekt- og byggeleiingsansvar for investeringsprosjekt. Ansvar og mynde for avdelinga eigedom er internt delegert til leiar eigedom.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 121 – Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen
- 335 – Offentlege toalett (leigde toalett, eigde er på ansvar kommunale bygg)
- Investeringeskostnadene er ført på kostrafunksjonen til føremålet som vert investert til.

Særskilt i 2023

Budsjettet på dette ansvaret er knytt i svært stor grad knytt til aktivering av kostnadene i investeringsrekneskapen. Dei tilsette på eigedom skal i 2023 følgje opp vedtekne investeringsprosjekt og sikre best mogleg leveransar på budsjett, kvalitet og tid til beste for innbyggjarar, brukarar og tilsette i kommunen. Eigedom skal bidra inn der det er relevant i investeringsprosjekt, frå utgreiingsoppdrag til realisering. Luster kommune har kursa fleire medarbeidrarar i PLP (prosjektleiarprosessen) og vil nytte PLP-metodikken der det er behov for å prosjektorganisere arbeid.

Eigedom har også ansvaret for sal av bustadtomter, og med utlegging av tomter på treningsfeltet i Gaupne vil det i 2023 bli ein del aktivitet knytt til dette.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 2 371 | 2 179 | 1 827 | 1 827 | 1 827 | 1 827 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 6 959 | 6 871 | 1 529 | 1 529 | 1 529 | 1 529 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 10 181 | 11 170 | 263 | 263 | 263 | 263 |
| Overføringsutgifter | 754 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansutgifter | 475 | 18 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 20 740 | 21 238 | 3 619 | 3 619 | 3 619 | 3 619 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -22 929 | -23 010 | -48 | -48 | -48 | -48 |
| Refusjoner | -980 | -450 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 175 | -955 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsinntekter | -25 085 | -24 415 | -48 | -48 | -48 | -48 |
| Sum | -4 345 | -3 178 | 3 571 | 3 571 | 3 571 | 3 571 |

Veg og park

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar tenesteeininga teknisk drift. Teknisk drift er ei utøvande eining. Stabsfunksjonen eigedom er eigar og forvaltar av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom kjøper tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg. Ansvar og mynde for tenesteeininga Teknisk drift er internt delegert til leiar av eininga.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 330 Samferdsle
- 332 Kommunale vegar og trafikktryggleikstiltak
- 335 Rekreasjon i tettstad (grøntanlegg, offentleg toalett m.m.)

Særskilt i 2023

For større investeringstiltak på det einskilde anlegg syner vi til omtale i investeringsbudsjettet.

Anleggsutvikling:

- Parkeringsplass Tungestølen
- Jorangervegen
- Alme – Skjervo
- Løteigane
- Steinabakkane

Tiltaka er forsterking av murar mm og asfaltering.

Trafikktryggingstiltak/aksjon skuleveg tek utgangspunkt i plan m/tiltaksliste.

i 2023er desse tiltaka aktuelle:

- Tiltak 109 Gang- og sykkel veg kryssar fylkesveg 5641 ved Stolpen/Botn
- Tiltak 93 Høgare rekker på bru, Sandvik nord Gaupne
- Tiltak 112 Snarveg/turveg Beimshaugen ned til YX Hafslo

Veglys

Det er vedteke/prioritert prosjekt på Indre Hafslo i 2023, veglys Livdtun - Joranger kyrkje, 1,25 mill. I tillegg vil det i 2023 bli utskifta veglysarmatur med HQL pærar (Gaupne) samt andre mindre tiltak (0,5 +0,25.).

Grøntområde:

Gartnerstilling er innarbeidd og grøntområde har fått auka fokus. Opprusting av fortau Øyagata i Gaupne. Turveg Røneidsgrandane skal fullførast i 2023.

Samferdsel:

Avtalen med Lustrabaatane om drifta av ferja Solvorn - Ornes går ut 30.09.2023. Det kan verte aktuelt med kompensasjon for tapte billettinntekter, i tråd med vedtak i formannskapet om vidare drift av ferja. Dette vert avrekna i ettertid, ev. utbetaling dekkast av næringsfondet. Avtalen opnar for at dersom partane er einige om det innan eitt år før kontrakten går ut, kan kontrakten forlengast ut 2024. Det er ønskjeleg å avklare om det er mogleg å få Vestland fylkeskommune til å overta ferjedrifta på sambandet.

Skal det bli aktuelt må truleg Luster kommune vere budd på å bidra på finansiering av både drift og investeringsbehov. Søknad om dette vil bli handsama som eiga sak.

Arbeidet med framtidig opplegg må startast med ny konkurranse. Også på landsida må infrastrukturen sikrast med drøftinga omkring utvikling/utbetring av kai/kaiområde på Ornes, dette skal prioriterast i 2023/2024.

Tilskot til vedlikehald av private vegar

Gjennomgang av tilskotsordning for private vegar. Det har vore avsett ei kostnadsramme for ordninga på 500.000.

Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak å auka den årlege løyvinga med 200.000 til 700.000.

Parkeringsplan

Reguleringsplanen for kai er godkjent, og arbeidet med kjøp av kai er starta opp. Reguleringsplan for kyrkje- skuleområdet, inkl parkering, er godkjent. Det er inngått avtale om grunnkjøp, og opparbeiding av parkeringsplass skjer vinter/vår 2023.

Parkeringsforskrift.

Det er vedteke parkeringsforskrift for Luster kommune. Denne vil bli iverksett og handheva i 2023, ev tilpassingar kan kome til drøfting.

Veganlegg Gaupne

I samband med nærmere vurdering/analyse av trafikkflyt i Gaupne sentrum opp mot ev. justering av trafikkmønster er det starte opp reguleringsplanarbeid med å sjå på fortau langs Øyagata, frå ungdomshuset og til Gaupne barnehage. Arbeidet med reguleringsplan er forsinka, planlagt ferdig 2023. Det vert også starta opp ein reguleringsprosess for Gaupne sentrum. Lokalisering av ev. elbusslading bør vurderast i denne samanheng.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 1 073 | 1 059 | 3 709 | 3 709 | 3 709 | 3 709 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 461 | 224 | 8 502 | 8 502 | 8 502 | 8 502 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 4 255 | 3 255 | 3 255 | 3 255 |
| Overføringsutgifter | 345 | 0 | 700 | 500 | 500 | 500 |
| Finansutgifter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 1 880 | 1 283 | 17 166 | 15 966 | 15 966 | 15 966 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -1 128 | -800 | -908 | -908 | -908 | -908 |
| Refusjoner | -446 | 0 | -450 | -450 | -450 | -450 |
| Sum Driftsinntekter | -1 575 | -800 | -1 358 | -1 358 | -1 358 | -1 358 |
| Sum | 305 | 483 | 15 808 | 14 608 | 14 608 | 14 608 |

Kommunale bygg

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar tenesteeininga teknisk drift. Teknisk drift er ei utøvande eining. Stabsfunksjonen eigedom er eigar og forvaltar av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom kjøper tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg. Ansvar og mynde for tenesteeininga Teknisk drift er internt delegert til leiar av eininga.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- Vert fordelt på kostrafunksjonen til kvart funksjonsbygg (barnehage, helse skule osv.)

Særskilt i 2023

For større investeringstiltak på det einskilde bygg syner vi til omtale i investeringsbudsjettet.

Byggutvikling:

- Utvendig måling Gaupne omsorgssenter
- Utvendig måling Hafslo skule, «samfunnsdelen»
- Carport ATS
- Oppvarma vognskur Hafslo barnehage
- Boshus Gaupne omsorgssenter
- Garderobar Luster oppvekstsenter, avd. skule
- Solskjerming Hafslo eldresenter og Luster omsorgssenter
- Solskjerming Solvorn oppvekstsenter, avd. skule
- Skjolden oppvekstsenter, avd skule ombygging Sd- anlegg
- Brannstasjon Gaupne og Hafslo, div. tiltak
- Golvbelegg og innvendig måling fleire bygg
- Betra sykkelparkering.*

Utviklingsarbeid

Nye kontorlokale NAV. Prosessen blir styrt av NAV, husleigeutgiftene er fordelt mellom Luster kommune og NAV

Digital løysing på drift/ vedlikehald av kommunale bygg, FamacWeb, er teken i bruk. Intensjon om at alle skal nytte den til innmelding av arbeidsoppgåver til vaktmeistar og fagarbeidarar. Samt til innmelding av ønske/behov for større vedlikehaldstiltak/utviklingstiltak. Arbeidet med oppfølging av *enøkplan*, gjennomføring av *enøktiltak*, betre styring av energibruken samt kompetanseheving utnytting/bruk av SD-anlegg og eigedomsforvaltning skal prioriterast. Arbeidet vil halde fram i 2023.

Oppfølging av kommunale vedtak

Arbeidet med å sikre tilgang til leikeområdet ved Indre Hafslo oppvekstsenter har ikkje hatt ønskeleg framdrift. Planen var å fullføre dette arbeidet i 2021, men har av ulike grunnar stoppa opp. Må ta ein ny vurdering i 2023.

Kommunestyret vedtok i sitt budsjettvedtak: Tilrettelegging av betre sykkelparkering generelt med ein del plassar med overbygg/tak.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 21 162 | 19 405 | 17 418 | 17 418 | 17 418 | 17 418 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 17 247 | 17 799 | 12 203 | 12 203 | 12 203 | 12 203 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 22 | 23 | 23 | 23 | 23 |
| Overføringsutgifter | 2 288 | 0 | 560 | 560 | 560 | 560 |
| Finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum Driftsutgifter | 40 698 | 37 226 | 30 204 | 30 204 | 30 204 | 30 204 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -309 | -53 | -10 650 | -10 650 | -10 650 | -10 650 |
| Refusjoner | -3 013 | 0 | -560 | -560 | -560 | -560 |
| Sum Driftsinntekter | -3 322 | -53 | -11 210 | -11 210 | -11 210 | -11 210 |
| Sum | 37 376 | 37 173 | 18 994 | 18 994 | 18 994 | 18 994 |

Utlegebustad

Skildring av verksemda i dag

Ansvar og mynde for oppfølging av tenestene innan dette tenesteområde er internt delegert til leiar av Eigedom.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 265 Kommunalt disponerte bustadar
- 283 Tilskotsordningar Husbanken
- 315 Bustadtiltak

Særskilt i 2023

Bustadsosial handlingsplan skal etter planprogrammet reviderast i 2023. Det er ønskjeleg å sjå bustadmassen i samanheng, fornye bustadmassen og aktivere frå «leige til eige» igjen.

Luster kommune vil vurdere å stimulere til og bidra til realisering av bustadprosjekt med høgare utnytting, fleire etasjar, t.d. med kommunalt kjøp.

Når Stortinget etter planen vedtek endring i stiftingslova som gjere det lettare å avvikle kommunale bustadstiftingar vil dette bli løfta som eiga sak.

Det er fleire utlegebustadar som treng utvendig vedlikehald. Dette gjeld både stiftinga og kommunen sine bustadar. Det bør vurderast både renovering, avhendig og sanering. Eventuell renovering bør sjåast opp mot Enova sine støtteordningar til kommunale utlegebustadar.

Kommunestyret har i sitt budsjettvedtak som lekk i ein strategi om bustader til utleige, i heile kommunen, vedteke å yte eit tilskot på inntil 800.000 til oppgradering av bueining bygdehuset Kroken.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|-----------|----------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 728 | 728 | 728 | 728 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i communal egenproduksjon | 0 | 0 | 6 199 | 6 199 | 6 199 | 6 199 |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 1 200 | 400 | 400 | 400 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 8 126 | 7 326 | 7 326 | 7 326 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | -5 612 | -5 612 | -5 612 | -5 612 |
| Sum Driftsinntekter | 0 | 0 | -5 612 | -5 612 | -5 612 | -5 612 |
| Sum | 0 | 0 | 2 514 | 1 714 | 1 714 | 1 714 |

VARS

Skildring av verksemda i dag

Ansvar og mynde for oppfølging av tenestene innan dette tenesteområde er internt delegert til leiar av Eigedom.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 345 Vassverk
- 353 Kloakk
- 354 Tømming av slam
- 355 Renovasjon

Vassverk:

Kommunal vassforsyning er omfattande og har mange og relativt små vassverk. Vedlikehald av 14 vassverk med tilhøyrande leidningsnett og basseng. Driftsovervaking av tilknytte vassverk og basseng minimum 2 gonger/dagleg og analyse av vatnet i henhold til drikkevanns-forskriften. Vassprøvar vert teke kvar 14. dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

Kloakk og tømming av slam:

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn på 56 kloakk-pumpetasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året. Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkrøyr. Tømming av slamavskiljarar vert gjort av Simas. Simas har og ansvaret for fakturering av slamabonnentar. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

Renovasjon:

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall. Kommunen har sjølv ansvaret for renovasjon i sentrumsområde, utfartsområde og badeplassar. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

Særskilt i 2023

Oppfølging av nasjonale føringer

På bakgrunn av tilsyn knytt til naudvatn, reservevatn og krisevatn, er det starta eit utgreiingsarbeid for å stette krava. Dette gjeld Hafslo og Gaupne vassverk. Det er leigd inn konsulentar som bistår i dette arbeidet.

Miljøtilstanden på nedlagde avfallsplassar på Lambhaug og Soget tilseier behov for tiltak. Soget er mindre tiltak, medan Lambhaug krev meir utgreiingsarbeid, og vil bli eit større tiltak.

Oppfølging av kommunale vedtak

Investeringsprogrammet gir omtale av dei prioriterte VA-investeringane for 2023.

Dei største prosjekta er vurdering av kapasitetsauke på fleire anlegg. Det er krav og pålegg om betre ordningar for naud- og reservevatn. Av større prosjekt er det oppgradering Fortun og Veitastrand vassverk, opprusting vassverk Nes, vassforsyning Marifjøra (inkl. oppgraderingar på Indre Hafslo), basseng Heggmyrane, Solvorn reinseanlegg, opprusting avløpsanlegg Nes, avlaup byggefelt Marifjøra. Ev utviding av VA-nett til hyttefelt Modvo.

Prosjekt knytt til brannvatn Urnes stavkyrkje ligg skildra under investeringsprosjekt.

Kommunestyret har i sitt budsjettvedtak vedteke: I første halvår 2023 skal kontrollutvalget føreta ein forvaltningsrevisjon av gebrysatsane for communal sakshandsaming, for å vurdere om den einskilde satsen føl prinsippet om sjølvkost.

Utviklingsarbeid

I 2023 vil kommunen legge vekt på dei faste vedlikehaldsrundane, halde fram med lekkasjesøk og anna førebyggande arbeid.

Det er stort behov for oppdatering av leidningskartverket. Frå 01.01.2020 vart det tilsett ein person frå Driftsassistansen i 10% som vil bistå med oppgradering av leidningskartverket. Personen vil fortsette i 2023. I tillegg vil bruken av va-felt ute bli endå meir viktig enn det har vore hittil.

Utarbeide strategi/opplegg for oppfølging/kontroll av private avløpsanlegg, samvirke med natur /miljø-forvaltning.(jf slamgebyr.). Kommunen sitt arbeid med tilsyn på private avlaupsanlegg vil bli styrka i 2023.

Særskilte driftstiltak

Avgiftsnivået for vatn og avløp vert auka med 5% i 2023. Dette gebyrnivået vil pårekneleg gje 100% sjølvkostinndecking.

Det er pålagt renovasjonsordning for alle fritidseigedommar. Representantskapet i SIMAS IKS har vedteke at renovasjonsgebyr for 2023 er det same som for 2021 og 2022.

Slamtømming, SIMAS, har auke i gebyr på 8% og kommunalt påslag for pålagt kontroll, tilsyn og oppfølging/overvåking av ureining har ein auke frå 113 til 334 kroner for gjennomføring av tilnærma full sjølvkostfinansiering.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|-----------|----------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 4 422 | 4 637 | 4 637 | 4 637 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 6 173 | 6 173 | 6 173 | 6 173 |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | -180 | -349 | -349 | -349 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 75 | 75 | 75 | 75 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 10 490 | 10 536 | 10 536 | 10 536 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | -17 396 | -17 396 | -17 396 | -17 396 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | -1 329 | -1 329 | -1 329 | -1 329 |
| Sum Driftsinntekter | 0 | 0 | -18 725 | -18 725 | -18 725 | -18 725 |
| Sum | 0 | 0 | -8 235 | -8 189 | -8 189 | -8 189 |

Brannførebygging

Skildring av verksemda i dag

Sogn brann og redning IKS er felles brann- og redningsteneste for kommunane Sogndal, Luster og Vik som dekker eit areal på i underkant av 5000 km² og knapt 20 000 innbyggjarar. SBR har 5 brannstasjonar, 1 bi-stasjon, 2 depot og tilsaman 100 tilsette på deltid og heiltid. SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgjevinga og deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) Naudmeldetenester for brann er frå 2021 flytta til 110-sentral Bergen.

Ny selskapsavtale er vedteken i 2022 og det er inngått revidert avtale om kostnadsdeling, 5 % fast og 85% etter folketal. Endringa gav vesentleg høgare kostnad på Luster, 1,7 mill. For 2023 er kostnadsauken innanfor pris og lønsutvikling.

Ansvar og mynde for oppfølging av dette tenesteområde for Luster kommune er internt delegert til leiar av eigedom. Eigedom har og oppgåva med kommunens eige beredskapsarbeid planverke og arbeidet i høve andre ulykker.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 338 Forebygging av branner og andre ulukker
- 339 Beredskap mot brann og andre ulukker

Særskilt i 2023

Drifts- og utviklingsarbeid

- Luster kommune har gjennomført overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) revidert beredskapsplanen og risiko/farevurderingar på ulike område. Desse vert følgt opp.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|--|-------------------|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | 0 | 0 | 128 | 128 | 128 | 128 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 306 | 306 | 306 | 306 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 10 523 | 10 523 | 10 523 | 10 523 |
| Sum Driftsutgifter | 0 | 0 | 10 956 | 10 956 | 10 956 | 10 956 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | -2 100 | -2 100 | -2 100 | -2 100 |
| Sum Driftsinntekter | 0 | 0 | -2 100 | -2 100 | -2 100 | -2 100 |
| Sum | 0 | 0 | 8 856 | 8 856 | 8 856 | 8 856 |

Investering og felleskostnader

Skildring av verksemda i dag

Ansvarsområde investering og felleskostnader er nytta til å trekke ut dei inntekter og utgifter som ikkje høyrer naturleg heime under dei andre ansvarsområda, eller som ville ha påverka til kamuflering av den faktiske drifta på ansvarsområda.

Ansvarsområde Investering og felleskostnader inneholder Byggeprosjekt, samt Felles inntekter og utgifter.

Byggeprosjekt/investeringar er av tekniske grunnar knytta til dette tenesteområde, men har i praksis ingen inntekter eller utgifter på driftsområde. Byggeprosjekt/investeringar har eige kapittel med omtale av tiltaka . (jf og forskriftsskjema for samla inv. og på tiltaksnivå.) Tilskot til andre sine investeringar, inkl finansiering (i utg.pkt fond) vil vera ført på dei tenestene der dei høyrer heime i driftsbudsjet/rekneskap.

Felles inntekter og utgifter inneholder inntekter og utgifter av vesentleg storleik som ville kamuflert den faktiske drifta om dei hadde vore lagt ut på eit anna ansvarsområde. Dette gjeld først og fremst konsesjonskraftsal, sentrale tilleggsløyvingar for ev seinare fordeling og den delen av pensjon som skapar ustabilitet i den økonomiske styringa av einingane

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

| | Beløp i 1000 | | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | |
|---|--------------|-----------------|-------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | | | | | 2023 | 2024 | 2025 |
| Driftsutgifter | | | | | | | |
| Lønn | | -8 076 | -5 950 | -6 000 | -6 000 | -6 000 | -6 000 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | | -470 | 490 | 522 | 522 | 522 | 522 |
| Overføringsutgifter | | 122 | 4 550 | 8 645 | 8 645 | 8 645 | 8 645 |
| Finansutgifter | | 169 369 | 84 864 | 125 941 | 133 929 | 116 565 | 116 872 |
| Sum Driftsutgifter | | 160 945 | 83 954 | 129 108 | 137 096 | 119 732 | 120 039 |
| Driftsinntekter | | | | | | | |
| Salgsinntekter | | -49 805 | -20 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 |
| Refusjoner | | -716 | -700 | -1 400 | -2 100 | -2 800 | -2 800 |
| Overføringsinntekter | | -465 938 | -450 968 | -492 577 | -494 795 | -491 835 | -491 839 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | | -76 210 | -63 815 | -88 455 | -87 405 | -72 405 | -72 405 |
| Sum Driftsinntekter | | -592 669 | -535 483 | -617 432 | -619 300 | -602 040 | -602 044 |
| Sum | | -431 724 | -451 529 | -488 323 | -482 204 | -482 308 | -482 005 |

Felles inntekter og utgifter

Skildring av verksemda i dag

Ansvarsområde investering og felleskostnader er nytta til å trekke ut dei inntekter og utgifter som ikkje høyrer naturleg heime under dei andre tenesteområda, eller som ville ha påverka til kamuflering av den faktiske drifta på ansvarsområda.

Ansvarsområde Investering og felleskostnader inneholder byggeprosjekt, samt Felles inntekter og utgifter.

Fellesløyvingar

Ansvarsområde inneholder nokre felles postar som ikkje på dette tidspunktet kan knytast til eit av dei andre tenesteområda. Dette gjeld til dømes lærlingar, sommarjobb til 16 -og 17 åringer og rekrutteringstiltak. I tillegg ligg det ein post knytt til løn som skal dekke inn meirkostnader med lønsoppgjer 2023. Prognosene tilseier at lønsoppgjeren vert dyrare enn det som vart lagt til grunn då rammene vart justerte for lønsveksten. Budsjettet vert fordelt ut på dei andre tenesteområda i løpet av gjeldande år. Tenesteområde inneholder og ein felles post knytt til vedlikehald av kommunale bygg. Denne vert fordelt i løpet av gjeldande år, når ein veit kva bygg som har hatt behov for ekstra vedlikehald dette året. Posten «Til rådevælde for formannskapet» vert omfordelt i den grad den vert nytta.

Utgifter

Rådmann ønskjer stabile og føreseielege rammer for driftseiningane. Pensjonskostnaden har gjort dette utfordrande. Pensjonskostnaden er forholdsvis stabil over tid, men det er utbetalingane som styrer kva beløp som skal førast på kvar enkelt eining, med ein motpost på administrasjonen tilsvarende endringane i premiefondet. Dette har gjort økonomisk styring og kontroll utfordrande, med vesentlege endringar som har påverka rekneskapen ved årsslutt.

Ein har lagt inn ein fast prosentsats på pensjon på all løn i drifta for å gjere driftsrammene føreseielege og stabile over tid. Oppgjeren ved årsslutt og føringa knytt til endring i pensjonsfond vert knytt til Investering og felleskostnader for å få betre kvalitet på rapporteringa knytt til driftsområda. Totalt skal ikkje dette utgjera vesentlege beløp, då kostnaden over tid vil vera meir stabil.

Inntekter

Inntekter konsesjonskraft 2023. Dette er eit vanskeleg og usikkert område å budsjettera. Det kan skisserast følgjande: Sal av 200 Gwh gir ei inntekt på 100 mill brutto. 1/3 av dette i trekk rammetilskot gir redusert rammetilskot med 33 mill. Kjøp og forvalting av konsesjonskraft = 32 mill. Dvs at kommunen står tilbake med netto 35 mill på inntektsida i budsjettet. Budsjettering for øp-perioden kan vere å operere med 35 million i driftsbalanse - det er gjort. Risiko er høg.

Bruk av konsesjonskraft 2023.

Uttak av konsesjonskraft vert utvida for nær 100 Gwh til nær 200 Gwh. Dette har sin bakgrunn i at det er inngått avtale med selskapet Bluefjords om sal av inntil 100Gwh i 2023, til pris i hht avtale for næringsliv i kommunen. (120 Gwhx30=36 mill netto inntekt.)

Uttak av konsesjonskraft til husstandar vil frå 01.01.23 - 01.10 vere i hht avtale vedteke av kommunestyret. Her er det nærmast uråd å lage prognose på inntekter då dei kjem an på spotprisens grunnlag for statleg straumstøtte som kjem i tillegg til avtale pris på 50 øre, dvs 30 øre netto. (Reknar ein med at straumstøtten vert omlag på det same nivået 30 øre så vert reknekkempel slik; 55 Gwh x 60 øre=33 mill netto inntekt.)

I samband med drøftingar omkring bruk av konsesjonskraft vert det vedteke slike tilpassingar:

Sentralidrettsanlegget i Gaupne, eigar IL Bjørn, vert likestilt med Sogn Skisenter og får ta ut straum til konsesjonskraftpris pluss omkostningar.

Andre lag og organisasjonar får høve til å teikna straumavtale på same vilkår som næringslivet.

Driftsbudsjett

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|-------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønn | -8 076 | -5 950 | -6 000 | -6 000 | -6 000 | -6 000 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 480 | 490 | 522 | 522 | 522 | 522 |
| Overføringsutgifter | 122 | 4 550 | 8 645 | 8 645 | 8 645 | 8 645 |
| Finansutgifter | 168 419 | 84 864 | 125 941 | 133 929 | 116 565 | 116 872 |
| Sum Driftsutgifter | 160 945 | 83 954 | 129 108 | 137 096 | 119 732 | 120 039 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Salgsinntekter | -49 805 | -20 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 | -35 000 |
| Refusjoner | -716 | -700 | -1 400 | -2 100 | -2 800 | -2 800 |
| Overføringsinntekter | -465 938 | -450 968 | -492 577 | -494 795 | -491 835 | -491 839 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -73 760 | -63 815 | -88 455 | -87 405 | -72 405 | -72 405 |
| Sum Driftsinntekter | -590 220 | -535 483 | -617 432 | -619 300 | -602 040 | -602 044 |
| Sum | -429 274 | -451 529 | -488 323 | -482 204 | -482 308 | -482 005 |

Organisasjonkart Luster kommune

